

Masteroppgåve

Kraftig vind med storm i kasta

Ein kritisk diskursanalyse av
vindkraftdebatten i Noreg

Tor-Eivind Eie Fagereng

Samfunnsplanlegging og leiing
2020

Tal ord: 32086



HØGSKULEN
I VOLDA

Samandrag

Denne studien undersøker i kva grad dei steile frontane i den norske vindkraftdebatten heng saman med maktrelasjonane mellom aktørane i debatten. Fire utvalde tekstar frå to av aktørane i debatten vert analyserte med utgangspunkt i Norman Fairclough sin kritiske diskursanalyse. Vindkraftdebatten, representert ved dei fire tekstane, vert vidare sett opp mot Jürgen Habermas' modell for den ideelle samtalen. Funna i studien bidreg i stor grad til å stadfesta at makttilhøva påverkar debatten. Vidare støttar funna opp om at dei steile frontane i debatten vert sementerte ved at aktørane nyttar ulike diskursar med låg interdiskursivitet. Tekstane eksponerer generelt liten vilje frå aktørane til å gå i møte med argumentasjon frå meiningsmotstandarane. Gjennom å hovudsakleg nytta sine egne diskursar verkar begge aktørane å bidra til å stadfesta motsetnadane i debatten. Både vindkrafttilhengarar og -motstandarar nyttar diskursar som i liten grad tek opp i seg trekk frå dei konkurrerande diskursane. Debatten verkar dermed å handla om å syna avstand til den andre parten, ikkje å faktisk lytta til og argumentera mot motstandaren sine standpunkt. Slik fungerer ikkje debatten som ein reiskap for å oppnå omforeinte løysingar.

Energilova sitt overtak på Plan- og bygningslova bidreg til at vindkrafttilhengarane kan oppretthalda diskurshegemoniet. Makttilhøva mellom vindkraftmotstandarar og -tilhengarar gjer at Norsk Vind ikkje ser det naudsynt å svara på Motvind sine argument. Ubalansen vert stadfesta gjennom Motvind sine diskursar som ber preg av at dei oppfattar seg sjølv som underlegne. Gjennom stiftinga av Motvind har vindkraftmotstandarane klart å gjera diskursane sine synlege, og slik har dei byrja å utfordra diskurshegemoniet. Det er likevel grunn til å tru at det må koma ei endring i tilhøvet mellom Energilova og Plan- og bygningslova for å oppnå balanse i maktrelasjonane. Fyrst då vil debatten kunna føra til omforeinte løysingar på spørsmåla om korleis vindkraftutbygging skal handterast.

Ein vindkraftdebatt der det ikkje er semje om kva som skal drøftast vil ikkje kunna føra til semje. Debatten kan likevel ha ein funksjon i å setta problematiske samfunnstilhøve på dagsorden. I dette perspektivet kan Motvind sjå ut til å ha lukkast med å setta ulempene med vindkraftutbygging på agendaen. Dei steile frontane som har oppstått kan dermed tvinga fram politiske endringar, som igjen kan forskyva makt, og gjera kampen om diskurshegemoniet meir balansert.

Abstract

This study examines the extent to which the rigid standoff in the Norwegian wind power debate is related to the power relations between the actors in the debate. Four selected texts published by two of the actors, Norsk Vind and Motvind, were analysed on the basis of Norman Fairclough's critical discourse analysis. The wind power debate, represented by the four texts, is also held up against Jürgen Habermas' theory of the ideal speech situation. The findings greatly contribute to confirming that the balance of power affects the debate. Furthermore, the findings support that the rigid standoff in the debate is cemented by the actors using different discourses with low interdiscursivity. The texts generally expose little willingness from either side to meet arguments from the opponent. By mainly using their own discourses, both actors contribute to confirming the contradictions in the debate. Both Norsk Vind and Motvind use discourses that barely absorb features from the competing discourses. The debate thus seems to be about distancing oneself from the other party, instead of actually listening to and arguing against, the counter-debaters. The debate is thus no longer a tool for achieving agreed solutions.

The Energy Act's dominant position towards the Planning and Building Act contributes to the wind power supporters being able to maintain the discourse hegemony. The balance of power between opponents and supporters of wind power means that Norsk Vind does not see the necessity in responding to Motvind's arguments. The imbalance is confirmed through Motvind's discourses, which show signs of Motvind perceiving themselves as inferior. Through the founding of Motvind, the wind power opponents have managed to make their discourses visible, thus challenging the discourse hegemony. Nevertheless, in order to achieve a more balanced power relation, a change in the relationship between the Energy Act and the Planning and Building Act seem necessary. Only then will the debate lead to agreed solutions in the questions of how wind power development should be handled.

A wind power debate where the parties don't agree on what to discuss, will most likely never lead to an agreement. The debate may nevertheless have a function in bringing to light problematic societal issues. In this perspective, Motvind may seem to have succeeded in putting the disadvantages of wind power development on the agenda. The arisen rigid standoff can thus force political changes, which in turn can shift power, and make the discourse hegemony struggle more balanced.

Føreord

Dette har vore ei lang reise. Eg er glad eg ikkje visste kva som venta meg då eg byrja å studera for å skifta karriere i 2014. Om eg ikkje hadde teke steget tør eg ikkje tenka på kvar eg hadde vore i dag. Studia har vore ei kjelde til djup fortvilning og motlausskap, men òg ei redning.

Takk til alle som på kvar sitt vis har bidrege til at eg endeleg kjenner meg på rett plass i livet;

Oter-gjengen som har halde ut sutringa mi på jobb dei siste månadane, og Ole for god tilrettelegging.

Bjarte for god og konkret rettleiing. Etter kvar av rundane med tilbakemelding har eg sete att med ei kjensle av meistring og fått att trua på at eg kunne klara dette.

De som har heia på meg; mor, far, Nina, Paul, Arvid og Aagot.

Arne, Alvin, Eivind og Anders som har hjelpt meg til å halda oppe motivasjonen gjennom studia utan å vita om det.

Og den aller største takken går til deg kjære Lisabeth som har halde meg oppe når eg ikkje har hatt styrke til det sjølv. Takk for at du har oppmuntra meg, lagt til rette for studia mine og stilt opp gjennom heile prosessen når eg har trengt hjelp med oppgåva. Du er mitt alt.

Eg har klart det!

Innhold


Samandrag	1
Abstract	2
Føreord	3
Kapittel 1 Innleiing.....	6
Målet med analysane	8
Problemstilling.....	11
Forskingsspørsmål	11
Oppbygging av oppgåva	11
Kapittel 2 Vindkraft i kontekst.....	12
Vindkraft i Noreg.....	12
Konsesjonsprosessen	13
Plan- og bygningslova møter Energilova	15
Statleg arealplan	15
Kven er aktørane i vindkraftdebatten?.....	17
Kapittel 3 Teori	19
Makt.....	19
Lokaldemokrati og medverknad	21
Kommunikativ og instrumentell rasjonalitet	24
Den ideelle samtalen og den offentlege sfæren	26
Kapittel 4 Metode.....	29
Språk som analyseobjekt	30
Validitet	30
Reliabilitet	31
Diskurs.....	32
Diskursanalyse.....	33
Kritisk diskursanalyse.....	33

Kapittel 5 Empiri	36
Stil og sjanger	36
Innholdspresentasjon av tekstmaterialet	37
Kapittel 6 Analyse	43
Makttilhøvet mellom aktørane.....	45
Kampen om interaksjonell kontroll	46
Makttilhøve og hegemoni	56
Standpunkta legitimert gjennom diskursane.....	59
Kunsten å overtyda; dei tre appellformene	62
Ordval, metaforar og symbolbruk	72
Grammatikk	77
Kapittel 7 Drøfting	81
Ulik oppfatning av røynda.....	82
Medverknad	84
Korleis fungerer vindkraftdebatten i høve den ideelle samtale?	86
Kapittel 8 Konklusjon	89
Litteraturliste	92
Vedlegg 1: Tekst 1	95
Vedlegg 2: Tekst 2	97
Vedlegg 3: Tekst 3	99
Vedlegg 4: Tekst 4	101
Vedlegg 5: Analyseskjema Tekst 1	104
Vedlegg 6: Analyseskjema Tekst 2	105
Vedlegg 7: Analyseskjema Tekst 3	106
Vedlegg 8: Analyseskjema Tekst 4	108

Kapittel 1 Innleiing

Vindkraft utgjer per i dag ein liten men aukande del av kraftproduksjonen i Noreg. I takt med utbygginga har konfliktnivået gradvis auka. For den som har følgd debatten for eller mot vindkraft det siste tiåret, er det tydeleg at det hende noko i løpet av 2019. At debatten då gjorde eit kraftig byks kan mellom anna ha noko med «Nasjonal ramme for vindkraft» som var venta, og lagt ut på høyring, sommaren 2019. Langt dei fleste høyringsinnspela var jamt over negative til forslaget til nasjonal ramme, og i oktober 2019 valde regjeringa å skrinlegga denne. (Olje- og energidepartementet, 2019) Òg det faktum at talet på påbyrja og igangsette vindkraftanlegg har vorte nær dobla i løpet av dei siste tre åra har truleg bidrege med sitt til auka i debatten. Dette vert meir omtalt i Kapittel 2.


Eit søk på ordet vindkraftutbygging i Atekst¹ illustrerer oppgangen i omtale særst godt. Frå 2010 til 2018 var ordet i gjennomsnitt nemnt i 499 norske mediasaker i året, og aldri fleire gonger enn 803. I 2019 var det heile 3383 mediasaker som innehalda ordet vindkraftutbygging. Noko som svarar til ein oppgang på om lag 578 prosent frå gjennomsnittet for dei ni føregåande åra. Diagrammet under, *Figur 1*, visualiserer denne auken.



Figur 1 Mediedekning over tid: vindkraftutbygging (Atekst)

¹Mediearkivet Atekst frå Retriever hentar informasjon frå eit omfattande arkiv av alle norske massemedium.

«Norsk medborgerpanel» stilte hausten 2019 to spørsmål om nordmenn sine haldningar til utbygging av vindkraft. (Universitetet i Bergen, 2019) Respondentane vart bedne om å ta stilling til to påstandar; ein om at det bør byggast fleire vindmøller på land, og ein om at det bør byggast vindmøller til havs. Diagrammet i *Figur 2* syner svara frå respondentane i prosent. Totalt sett er fleire positive enn negative til utbygging, både på land og til vanns. Undersøkinga syner, samanlikna med året før, at det trass i ein nedgang framleis er eit fleirtal på 50 prosent som er positive til utbygging av vindkraft på land.



Figur 2 Nordmenn sine haldningar til utbygging av vindkraft (UiB/Norsk medborgerpanel, 2019)

Langt fleire er positive til utbygging av vindkraft til havs. Til saman 78 prosent svarer at dei er positive til at det bør byggast meir vindkraft til havs. Eit mindretal på om lag ein femdel syner likevel sterk motstand mot utbygging av meir vindkraft på land. Dette inneber at opinionen har bimodal distribusjon, noko som tyder på ei sterk polarisering av folkemeininga om vindkraftutbygging på land. Meiningsmålingar syner at nordmenn stadig vert meir negative til utbygging av vindkraft på land (Aasen, Klemetsen, Reed, & Vatn, 2019), og ei spørjeundersøking² utført i august 2020 syner at motstandarane no er i overtal.

² Spørjeundersøking utført av Opinion, før havkonferansen The Ocean, som vert arrangert av UiB, Havforskningsinstituttet og Bergen kommune. Undersøkinga er gjort i august 2020. Feilmargen mellom 1,3 og 3,1 prosentpoeng. 1.000 personar vart spurde. Spørjeundersøkinga vart publisert på NRK. <https://www.nrk.no/vestland/flere-nordmenn-negative-til-vindturbiner-bade-til-lands-og-til-havs-1.15163575>
Henta 03.12.20

I januar 2020 lanserte vindkraftselskapet Norsk Vind ein stor og landsomfattande reklamekampanje for å promotera vindkraft. Dei oppretta eiga nettside for kampanjen, «vindkraftnå.no» og nytta brei annonsering i landsdekkande media og på nett. I pressemeldinga Norsk Vind publiserte i samband med lanseringa av kampanjen, uttalar dei at debatten har blitt dominert av «høglytte vindkraftmotstandarar». Denne trenden uttrykker Norsk Vind at dei ynskjer å snu. Kampanjen kom i så måte som ein motreaksjon mot desse «høglytte», ein måte å endra stemninga på og ta kontroll på vindkraftdebatten. Reklamekampanjen promoterer vindkraft som ei naudsynt løysing på klimautfordringane, og syner til at tida tikkar ubønhøyrleg mot fristen for å nå målet om 40 prosent reduksjon i klimagassutsleppa; 2030.

Reklamekampanjen møtte sterke reaksjonar frå Motvind Norge (Motvind) og vindkraftmotstandarar, og vart blant anna meld til den offentlege tilsynsmyndigheita Forbrukartilsynet. Reklamefilmene som vart nytta i kampanjen vart sidan vurderte av Forbrukartilsynet, som slo fast at filmene var i strid med marknadsføringslova ved å vera eigna til å verka skremmande på barn. Reklamefilmene skulle difor ikkje vore sende før klokka 21.00. I og med at kampanjen allereie var avslutta då reklamefilmene vart vurderte, fatta ikkje Forbrukartilsynet noko vedtak mot Norsk Vind (Forbrukartilsynet, 2020). Vurderinga til Forbrukartilsynet fekk såleis ingen følger for Norsk Vind, bortsett frå auka mediemerksemd.

Målet med analysane

Denne studien analyserer fire tekstar frå vindkraftdebatten, to tekstar publiserte av vindkraftselskapet Norsk Vind og to tekstar publiserte av vindkraftmotstandsorganisasjonen Motvind.

Dei analyserte tekstane vart publiserte i eit tidsrom på om lag ein månad i januar og februar 2020. Analysane gjev difor eit augeblikksbilete av debatten på publiseringstidspunktet. Vindkraftdebatten har fortsett med tilnærma uminka styrke i tida etter at dei utvalde tekstane vart publiserte. Det er endå steile frontar i debatten, og lite som tyder på at dette er i endring. Olje- og energiminister Sveinung Rotevatn melde i eit intervju publisert i fleire norske media 14. juni 2020 at han mottek stadig fleire hat-ytringar frå vindkraftmotstandarar (NTB, 2020).

Han fortel at han er bekymra for polariseringa i vindkraftdebatten, og samanliknar denne med situasjonen i innvandringsdebatten.

Den uendra situasjonen i debatten gjer at denne tverrsnittanalysen av tekstane frå nyåret 2020 vert relevant ikkje berre for å forstå korleis debatten har vore, men òg for å forstå debatten i notid. Diskursane i den offentlege debatten vil sannsynlegvis endra seg over tid, og det vil stadig koma nye tekstar som vil kunna vera relevante analyseobjekt. Funna vil likevel kunna vera relevante for deltakarar i den offentlege debatten, ikkje berre når det gjeld vindkraft, men òg i anna offentleg debatt der frontane er steile.

Med utgangspunkt i tekstane «Norsk Vind setter opp Norges største klimaklokke» og «Klimaklokka settes opp ved Stortinget» publiserte av Norsk Vind, og tekstane «Motvind» og «Intenst» publiserte av Motvind, undersøker denne masteroppgåva dei dominerande diskursane hjå dei nemnde aktørane i vindkraftdebatten. Gjennom analyse av tekstane vil studien bidra med dokumentasjon og kunnskap som kan bidra til medvit om debattsituasjonen og slik bidra til å forma ein meir fruktbar debatt.

Det vert mellom anna undersøkt om dei reduserte moglegheitene for medverknad det synast til i kapittel 2, og aktørane sine syn på makttilhøva dette fører med seg, bidreg til ein lite fruktbar debatt. At debatten ikkje er fruktbar kan dreia seg om at aktørane ikkje eigentleg debatterer det same, og kanskje heller ikkje ynskjer å debattera det same då interessene er grunnleggande forskjellige. Som analysen syner tek forfattarane av tekstane i bruk argumentasjon som kryssast utan å gå i direkte dialog med meiningsmotstandaren sine argument. Vidare vil analysen òg syna til dei nemnde makttilhøva sin påverknad på debatten og korleis debatten igjen påverkar desse makttilhøva. For å undersøka i kva grad dei utvalde tekstane opnar for debatt på motstandarane sine premisser må ein inn i språket og den språklege praksisen. Likeså kan ein gjennom språklege analysar eksponera meir skjulte teikn på makttilhøve. Analyse av språket i tekstane fungerer slik som inngangsporten til ei djupare forståing av debatten.

Språket er ein viktig del av den sosiale praksisen og er «[...] påvirket av materielle og sosiale strukturer, samtidig som språkbruk kan endre disse strukturene.» (Skrede, 2016, s. 22). For å undersøka dei samfunnsmessige strukturane er ein tilpassa versjon av Norman Fairclough (2010) sin kritiske diskursanalyse nytta. Det er nytta ei dialektisk-relasjonell tilnærming for å

sjå på samanhengen mellom mikro- og makroforhold i debatten. Teorien om makrostruktur er utforma av Teun Van Dijk, og dreier seg om korleis tilhøve i røynda vert oppfatta, forstått, lagra i hukommelsen og nytta i kommunikasjon. Med mikrostruktur meiner ein innhaldet i enkeltsetningane. (Vagle, Sandvik, & Svennevig, 1993, ss. 175-176)

Makttilhøve er med og formar korleis den offentlege debatten utspelar seg. Fairclough oppfattar «[...] tekster som ideologiske dersom de bidrar til å konstituere, produsere og transformere sosiale maktrelasjoner» (Skrede, 2016, s. 28). Han ser ikkje på makt som eit utelukkande negativt omgrep, men meiner det vekker interesse når ein kan stilla spørsmål ved om makt vert utøvd på ein måte som har uheldige følger for visse sosiale grupper.

Diskurs er ein «[...] bestemt måte at tale om og forstå verden (eller et udsnit av verden) på». (Jørgensen & Phillips, 1999, s. 9) Ein diskursorden består av fleire diskursar innan same felt som konkurrerer om å definera røynda. Den norske vindkraftdebatten er i denne studien definert som diskursordenen som set rammene for analysen. Maktubalansen i vindkraftdebatten, som det vert synt til seinare i studien, definerast som ein «social wrong». Norsk Vind som representant for vindkrafttilhengarane konkurrerer mot vindkraftmotstandarane om å definera referanserammene for debatten om vindkraft. Ein analyse av Norsk Vind sine tekstar kan slik gje eit innsyn i korleis vindkraftutbygginga vert legitimert, og vidare bidra til ei forståing av selskapet sitt syn på eigne makttilhøve.

Parallelt med analysen av Norsk Vind sine tekstar er to av Motvind sine tekstar, med eit alternativt syn på vindkraft, analyserte. Det vert undersøkt korleis dette synet vert legitimert og korleis diskursane utfordrar synet til Norsk Vind. Med bakgrunn i Norsk Vind sin posisjon som eit etablert selskap, som har hatt god tid på å konstituera seg og trass veksande motstand mot vindkraft i dag, har vore i stand til å bygga ut vindkraft utan alt for stor motstand dei siste ti-åra, vil Norsk Vind si framstilling kunna definerast som dominerande. Studien set seg føre å avdekka i kva grad aktørane nyttar diskursane til å plassera seg i ein maktrelasjon i høve kvarandre, og i kva grad diskursane bidreg til å oppretthalda desse maktrelasjonane. Gjennom analysen er det vidare eit mål å dokumentera korleis debatten fungerer og avdekka kva som hindrar realisering av ein open debatt. Som eit ledd i dette vert funna frå diskursanalysen kopla mot Jürgen Habermas' teoriar om kommunikativ rasjonalitet og den ideelle samtalen, og debatten vert undersøkt i lys av desse.

Problemstilling

I kva grad heng dei steile frontane i vindkraftdebatten saman med maktrelasjonane mellom aktørane?

Forskingsspørsmål

For å ytterlegare setta lys på problemstillinga har følgande forskingsspørsmål vorte nytta i arbeidet med analysane av det utvalde tekstmaterialet:

- I kva grad manifesterer maktrelasjonar mellom aktørane i vindkraftdebatten seg i dei dominerande diskursane?
- Bidreg reduserte medverknadsmoglegheiter og makttilhøva dette fører med seg til ein lite fruktbar debatt?
- Korleis fungerer vindkraftdebatten sett i lys av Jürgen Habermas teoriar om den ideelle samtalen?

Oppbygging av oppgåva

Oppgåva er delt inn i åtte kapittel. Første kapittel presenterer vindkraftdebatten slik situasjonen står i dag, og her vert òg problemstillinga presentert. I kapittel 2 vert problemstillinga sett inn i aktuell kontekst. I tillegg blir nokre av synspunkta som vert fronta i debatten for eller mot vindkraft gjort kort greie for. Kapittel 3 er nytta til det teoretiske grunnlaget for oppgåva. I kapittel 4 vert forskingsmetoden gjort greie for. Kapittel 5 presenterer empirien/analysetekstane. Sjølve analysen av tekstmaterialet vert gjennomført i kapittel 6. I kapittel 7 følger ei drøfting av analysefunna kor tekstane er sett i samanheng. I tillegg vert tekstane her vurderte opp mot Habermas' kriteria for den ideelle samtalen, før konklusjonen kjem i 8. kapittel.

Kapittel 2 Vindkraft i kontekst

For å forstå vindkraftdebatten slik denne utspelar seg i dag, er det naudsynt å ha noko kjennskap til kva som har gjort debatten så varm. Både trekk ved utbygginga av vindkraftindustrien, godkjenningsprosessen og aktørane har bidrege, og bidreg framleis til at situasjonen er som han er i dag. Dette kapittelet presenterer nokre vesentlege delar av bakgrunnen for vindkraftdebatten. Den norske vindkraftdebatten er ein omfattande og brei debatt. Vindkraftdebatten føregår på mange arenaar frå lokalt til nasjonalt nivå, og som presentert i førre kapittel har debatten eskalert kraftig dei to siste åra. Det må difor poengterast at dette ikkje er ein uttømmende gjennomgang av temaet. Denne studien konsentrerer seg om materiale frå debatten som føregår på eit nasjonalt nivå, og det vert her ikkje gjort nærare greie for meir konkrete problemstillingar som vert debattert på lokalt plan.

Vindkraft i Noreg

Vindkraftproduksjon var så godt som ikkje-eksisterande i Noreg fram til slutten på 1990-talet. Enkelte mindre vindturbinar og -kraftverk har vore i drift tidlegare, men større vindkraftproduksjon av betydning har ikkje vore etablert. For vindkraftverk på land seier Energilovforskrifta (1991) § 3-1 at anlegg frå 1 MW installert effekt, eller meir enn fem vindturbinar, må tildelast konsesjon frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). Det første konsesjonskrevjande vindkraftverket vart sett i drift på Hundhammerfjellet i Nærøysund kommune i 1998. Etter dette auka talet med om lag eitt i året fram til 2011. Etter dette har talet på nye kraftverk auka kraftig, og av totalt 47 anlegg i drift per 31. august 2020, byrja 23 av desse kraftproduksjonen frå 2018 til 2020. (Noregs vassdrags- og energidirektorat) Den kraftige auka i talet på vindkraftanlegg har truleg vore med på å akselerera debatten og medieomtalen av temaet i 2019. Samstundes som stadig fleire vindturbinar har vorte reiste, har vindkraftverka òg kome tettare på stadig fleire innbyggjarar sin kvardag. Slik har vindkraft gått frå å vera noko fjernt og nytt til noko som i større grad gjer seg visuelt, men òg på andre måtar, gjeldande i folk sitt medvit.

Storleiken på dei utbygde vindkraftanlegga varierer frå forholdsvis små anlegg med to turbinar til anlegg med opp til 80 vindturbinar. Sjølve tårnet til ein vindturbin kan seiast å ha forholdsvis små fotavtrykk. Til dømes har turbintårna i Bjerkreim Vindkraftverk, som vart sett i drift i 2019, ein diameter på 7 meter. (Norsk Vind, 2017) Med 38,5 kvadratmeter kan kvar enkelt vindturbin ikkje seiast å leggja beslag på så stort areal på bakkeplan. Men når, som

i dømet Bjerkreim Vindkraftverk, 70 vindmøller med totalhøgd på om lag 200 meter og ein rotordiameter på 140 meter vert spreidde ut i terrenget utgjer eit anlegg fort store dimensjonar. Reknar ein med alle kilometrane med anleggsvegar, anleggsområde og omsynssoner i tilknytning til eit vindkraftanlegg, kan eitt enkelt vindkraftverk breia seg over fleire titals kvadratkilometrar.

Eit anna moment som dukkar opp når vindkraftverka vert fleire og kjem nærare innbyggjarane er at opplevinga av landskapet vil kunna endra seg. Turbintårna kan endra horisonten og opplevinga av urørt natur medan rotorblada kastar forstyrrande skuggar. Saman med konflikhtar knytt til rovfugl var kanskje nett dei opplevde landskapsendingane og «industrialiseringa» av naturen noko av det som fekk stadig aukande merksemd i løpet av 2019³.

Konsesjonsprosessen

Konsesjonsprosessen for vindkraft er i følge Ole I. Gjerald (2011) tenkt å vera basert på samarbeid. Intensjonen er at prosessen skal vera brei og inkluderande. Offentlege planprosessar skal sikra både innbyggjarar og folkevalde innverknad over samfunnsutviklinga. Gjennom den offentlege planlegginga skal fellesskapet sine interesser sikrast. Då kraftforsyning er ei viktig nasjonal interesse er det lagt opp til at den norske staten skal ha sterk kontroll over denne sektoren. For å oppnå dei energipolitiske måla nyttar staten konsesjonsprosessen og handsaminga av utbyggingssøknadar som verkemiddel. NVE har ei koordinerande rolle, og skal syta for at alle sidene ved utbyggingssakene kjem fram. På nettsidene sine presenterer NVE dei seks trinna under i konsesjonsgjevingsprosessen. (Noregs vassdrags- og energidirektorat)

Trinn 1 – Melding

Alle vindkraftverk med forventa installert effekt over 10 MW skal meldast etter forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova. Dette er ei tidleg varsling av planlagde prosjekt som skal informera om prosjektet og gje moglegheiter til å koma med innspel. I meldinga skal det gjevast ei foreløpig vurdering av moglege verknadar for omgjevnadane.

³NRK sin artikkel publisert 25. mai 2019 problematiserer naturøydeleggingar forårsaka av vindkraft. <https://www.nrk.no/norge/ingen-hadde-regnet-ut-hvor-mye-urort-natur-vindkraften-vil-ta-1.14541198>
Henta 03.12.20

Trinn 2 – Konsekvensutgreiing

Etter høyring av meldinga vert eit konsekvensutgreiingsprogram fastsett av NVE. Det er utbygger som er ansvarleg for at dei tekniske og faglege utgreiingane vert utført av kvalifiserte personar.

Trinn 3 – Søknad

Søknaden skal i tillegg til ei forklaring av prosjektet innehalda resultata frå konsekvensutgreiingane. Dokumenta vert så sende på høyring og NVE arrangerer eit ope møte. Etter høyringa føretek NVE ei synfaring av planområdet.

Trinn 4 – Vedtak

På bakgrunn av eigen fagkunnskap og det som er avdekt i dei føregåande stega føretek NVE ei heilskapleg vurdering. NVE fattar så eit vedtak med vurderingane vedlagde kor dei tillet eller motset seg utbygging.

Trinn 5 – Klagehandsaming

Partane i saka og andre som har rettsleg klageinteresse kan klaga innan tre veker. Klagen skal rettast til Olje- og energidepartementet (OED) og sendast til NVE. NVE vurderer om det er nye opplysningar i klagane som gjev grunnlag for å endra eller oppheva vedtaket. Dersom NVE vel å oppretthalda vedtaket, vert klagane sende til OED for handsaming.

Trinn 6 – Oppfølging av innvilga konsesjon

Før tiltakshavar kan starta utbygginga skal NVE godkjenna ein miljø-, transport- og anleggsplan (MTA-plan). MTA-planen skal beskriva korleis vindkraftanlegget skal byggast innanfor konsesjonen og vidare korleis miljøomsyn skal takast i vare. Alle terrenginngrep som skal gjerast i samband med utbygginga skal gjerast greie for i planen. Til dømes skal MTA-planen innehalda planar for korleis terrenginngrep skal ryddast opp i og settast i stand. I tillegg, eller som ein del av MTA-planen, skal det lagast ein detaljplan som konkretiserer utbygginga og gjer greie for dei tekniske delane av anlegget.

Plan- og bygningslova møter Energilova

Krav om tilrettelegging for ålmenta si deltaking i planprosessar er heimla i Plan- og bygningslova (pbl) (2008). Pbl gjeld for «[...] alle typer aktiviteter og virksomheter knyttet til fast eiendom. Den gjelder for hele landet og for alle «tiltak». Med «tiltak» mener loven «oppføring, riving, endring, herunder fasadeendringer, endret bruk og andre tiltak knyttet til bygninger, konstruksjoner og anlegg, samt terrenginngrep [...]» (Plan- og bygningslova, 2008) Planmyndigheita, i dei fleste tilfella kommunen, skal sikra medverknad og syta for at grupper som elles ikkje lett kjem til orde i planprosessen kan medverka.

Saker knytt til energiutbygging vert som tidlegare nemnt i utgangspunktet ikkje handsama etter pbl. I slike saker er det Energilova (1990) som er gjeldande. Føremålet med Energilova er i følge § 1-2 å «[...] sikre at produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi foregår på en samfunnsmessig rasjonell måte, herunder skal det tas hensyn til allmenne og private interesser som blir berørt.»

Gjeldande pbl vart vedteken i 2008, og tredde i kraft 1. juli 2009. Med denne revisjonen vart kravet om reguleringsplan fjerna for vind- og vasskraftverk som krev konsesjon etter Energilova. Endringa førte dermed til at moglegheitene for medverknad vart reduserte, og kommunane har i realiteten vorte reduserte til høyringspartar. Dei er no på linje med alle andre som ynskjer å koma med innspel når planar for vindkraftverk vert lagt ut til offentlig ettersyn. Om kommunane ikkje ynskjer vindkraftutbygging vil dei nemleg ikkje kunna stansa planane om statlege myndigheiter har bestemt seg. Føremålet i kommuneplanane kan i følge pbl ikkje fråvikast, men om kommunane ikkje vil endra føremålet i kommuneplanen kan staten gå inn og overstyra kommunen med ein statleg arealplan.

Statleg arealplan

Slik lovverket vert praktisert i dag vil det for kommunane og vindkraftmotstandarane potensielt alltid ligga ein trussel om at statleg arealplan kan nyttast mot kommunen sin vilje. §6-4 i pbl seier at når gjennomføringa av «[...]viktige statlige eller regionale utbyggings-, anleggs- eller vernetiltak gjør det nødvendig, eller når andre samfunnsmessige hensyn tilsier det[...]» kan departementet be kommunen om å utarbeida arealdel til kommuneplanen eller reguleringsplan. Vidare heiter det at departementet kan gjera det sjølv, og at endeleg konsesjon til kraftproduksjonsanlegg utan vidare kan gjevast verknad som statleg arealplan.

Kommunane er i slike tilfelle plikta til å gje departementet naudsynt bistand til utarbeidinga av planane. Gjer departementet vedtak om statleg arealplan, er det ikkje mogleg å klaga på vedtaket. Under gjeldande regjering har OED vedteke statleg arealplan åtte gonger, kor fem av desse vart gjevne mot vertskommunen sin vilje.⁴ Den seinare tida har det frå vindkraftmotstandarane si side blitt stilt spørsmål ved praktiseringa av denne paragrafen. Dei meiner at OED tolkar lova feil, og at vilkåra for å utarbeida statleg arealplan i vindkraftsaker generelt ikkje er oppfylt.

Forskningsprofessor Ole Kristian Fauchald ved Fridtjof Nansens Institutt utarbeidde i juli 2020, på oppdrag frå Motvind, ei juridisk utgreiing om staten sine moglegheiter til å vedta statleg arealplan. Utgreiinga konkluderer med at eitt av to vilkår må vera oppfylt dersom statleg plan skal kunna nyttast. Ei vindkraftutbygging som ikkje er viktig som element i statleg eller regional energiforsyning vil i utgangspunktet ikkje oppfylla vilkåret om å vera naudsynt for gjennomføring av viktige statlege eller regionale utbyggingstiltak. Eit utbyggingstiltak som heller ikkje er viktig for den lokale energiforsyninga eller for å ta i vare andre lokale omsyn oppfyller heller ikkje vilkåret om samfunnsmessige omsyn. (Fauchald, 2020)

Om denne juridiske tolkinga står seg, vil spørsmålet i så fall koka ned til om det er naudsynt for kraftforsyninga å bygga ut vindkraft. Kor naudsynt det er med vindkraft er det delte meiningar om, og tolkingar av. Aktørane sine grunnleggande verdiar og syn på Noreg si rolle i globale klimaspørsmål, bidreg til å avgjera i kva grad dei meiner det faktisk er naudsynt med vindkraft i Noreg. Vindkrafttilhengjarar vil kunna argumentera for at Noreg sin forpliktingar i klimaspørsmålet strekk seg ut over det nasjonale. Dei internasjonale forpliktingane rettferdiggjjer i så måte at vindkraftutbygginga er naudsynt. For vindkraftmotstandarar er dette eit enkelt spørsmål. Dersom krafta som vindkraftverka produserer ikkje skal nyttast lokalt, er utbygginga, i deira auge, ikkje naudsynt og statleg plan kan ikkje nyttast. Utgreiinga i høve staten sine moglegheiter til å overprøva det kommunale sjølvstyret kan i så måte takast til inntekt for begge sider i debatten.

⁴ <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Sporsmal/Skriftlige-sporsmal-og-svar/Skriftlig-sporsmal/?qid=80788> Henta 03.12.20

Kven er aktørane i vindkraftdebatten?

Vindkraftdebatten involverer mange ulike grupper i samfunnet, og det finst eit utal ulike grunnar til at folk engasjerer seg i debatten. Både vindkraftutbyggarar, grunneigarar, klimaaktivistar, miljøvernarar, råka naboar og så vidare har alle sine egne motiv for engasjementet. Tekstane som vert analyserte i denne studien er henta frå begge sider av debatten. Norsk Vind og Motvind Norge står på kvar si side, som høvesvis vindkraftutbyggar og -motstandarar. Her vert dei kort presenterte.

Norsk Vind AS

Norsk Vind er i følge si eiga heimeside ein av dei største private vindkraftaktørane i landet. Selskapet vart stifta i 1996 med eit uttalt mål om å redusera klimagassutslepp og samstundes sikra energiforsyning for framtida. Løysinga deira på dette er å utnytta energipotensialet som ligg i vinden gjennom å bygga ut vindkraft og dei jobbar mot å etablera seg i vindkraftmarknaden både nasjonalt og internasjonalt. Norsk Vind omtalar vindkraft som «[...] den mest klimavennlige energiformen som i sum setter minst miljøavtrykk.» Dei skriv på heimesida si at dei er stolte av at vindparkane deira fører til lågare utslepp, og at arbeidet deira fortset med uminka styrke. (Norsk Vind AS) Samstundes møter dei, som synt til i kapittel 1, stadig aukande motstand frå innbyggarar og kommunar i Noreg.

Motvind Norge

I løpet av 2019 byrja vindkraftmotstandarar frå fleire delar av landet å organisera seg. Fleire lokale vindkraftmotstandslag gjekk saman om å skipa ein landsdekkande organisasjon. Organisasjonen fekk namnet Motvind Norge, og vart formelt skipa 16. november 2019. (Motvind Norge, 2020) Den politisk uavhengige organisasjonen sine føremål er «[...] å stanse utbyggingen av vindkraftverk i Norge, uavhengig av plan- og utbyggingsstatus, og [arbeide] for å avdekke, stanse eller begrense alle konsekvenser av vindkraftverk for naturen, dyrs og menneskers liv, helse og rettigheter og andre samfunns- og næringsinteresser, nasjonale minoriteters og urfolks og reindriftsnæringens rettigheter.» Dei vil òg «[...] sikre at areal- og energiforvaltningen/politikken er sosialt, økonomisk og miljømessig bærekraftig.»

Eit fenomen i utvikling

Fenomenet *vindkraftdebatten* er relativt nytt. Vindkraft var ein marginal industri før den større utbygginga byrja på 1990-talet. Inntil dette var vindmøller noko som ikkje vedgjekk folk flest, og vart kanskje meir sett på som eit kuriøst innslag enn ei kjelde til konflikt. Fleire av aktørane er såleis nye organisasjonar. Dei to aktørane bak dei analyserte tekstane i denne studien, Norsk Vind og Motvind er høvesvis drygt tjue og eitt år. Lovverket som regulerer prosessane rundt vindkraftutbygging er òg relativt nytt, i og med at gjeldande pbl vart vedteken for tolv år sidan. Lovverket vart vedteke før den store utbygginga av vindkraft byrja, og det kan difor mistenkast at lovgjevarane ikkje såg omfanget av det som skulle koma. Konesjonsprosessen er i teorien meint å baserast på brei medverknad, men i røynda praktiserast tilhøvet mellom Energilova og pbl på ein måte som reduserer medverknadsmoglegheitene. Vindkraftbygginga har skote kraftig fart i dei seinare åra, og opinionen ser, som undersøkingane presentert i innleiinga syner, ut til å vere i endring. Det vil kunna hevdast at situasjonen inneheld eit visst innslag av NIMBY-fenomenet.⁵ Det er først dei siste åra, når det har vorte synleg at utbygging av vindkraft krev store inngrep med øydelegging av miljø som resultat, at motstanden verkeleg har vakna. Ulikskapen i haldningane til vindkraft på land i høve vindkraft til havs som det vart synt til i kapittel 1, kan kanskje sjåast på som ei stadfesting av dette.

⁵ Not in my back yard: A person who objects to the siting of something perceived as unpleasant or hazardous in the area where they live, especially while raising no such objections to similar developments elsewhere. <https://www.lexico.com/definition/nimby> Henta 03.12.20

Kapittel 3 Teori

Dette kapittelet vil gjera greie for sentrale teoriar og litteratur knytt til makt, medverknad og den ideelle samtalen. Desse omgrepa utgjer eit viktig teoretisk grunnlag for denne studien. Kapittelet byrjar med ei utgreiing av omgrepet makt. Makt er eit viktig rammevilkår som har avgjerande innflyting på diskursen på alle språklege nivå. Vidare vert det kort gjort greie for lokaldemokratiet og medverknad som er bakteppe for makttilhøva i debatten. Siste delen av kapittelet gjer greie for grunnleggande teoriar om kommunikativ og instrumentell rasjonalitet etterfølgt av ein presentasjon av Habermas' ideelle samtale og offentlege sfære.

Makt

Per Morten Schiefloe (2003) skil mellom to former for makt. Den eine er den tradisjonelle sosiologiske definisjonen av makt, basert på Max Weber, som ein person si evne til å kontrollera ein annan person si åtferd. Den andre forma for makt har med evna til å få interessene sine tekne i vare eller å få viljen sin. Makt er såleis ikkje naudsynlegvis knytt til sjølve gjennomføringa av ei handling, men kan vera knytt til det å kunna påverka grunnlaget for, og korleis, handlingar vert gjort. Det er mange faktorar som påverkar makttilhøva mellom aktørar. Makta kan til dømes vera tufta på tvang, eller på kontroll over goder. Andre maktgrunnlag kan vera kulturelt baserte tilhøve som normer, språk eller tilgjenge på kunnskap. Ulikskap i makt kan koma til syne i språket i form av til dømes ignorering, audmjuking eller ved ikkje å bli teken på alvor.

I diskursteorien er makt ikkje noko ein aktør har, og kan nytta overfor andre. Makt vert her definert som det som produserer den sosiale omverda vår. Alle språk har nemleg måtar å signalisera makt på, og dette peiker mot at makt er ein viktig berebjelke i tilhøva mellom menneske og samfunnsstrukturen. Det er maktrelasjonane som opprettheld dei sosiale ordenane som samfunnet er avhengig av for å fungera. (Jørgensen & Phillips, 1999)

Makt vert rekna som eit viktig middel i politikk og planlegging. Den aktøren som er i posisjon til å definera og påverka korleis røynda skal oppfattast sit på stor makt. Denne oppfatninga av røynda vil nemleg kunna leggja grunnlaget for planleggingsprosessar og vedtak.

Maktrelasjonar kan verta oppretta og oppretthaldne gjennom språket. Dette tyder at diskursar inneheld kjelder til makt og utøving av makt. Gjennom diskursane vert dominerande

haldningar og syn reproduserte på kostnad av andre oppfatningar som tilsvarande vert marginaliserte. Motiva og interessene som vert uttrykte i ein tekst eller ytring er avhengige av diskursen og diskursordenen ein opererer i. Diskursar kan leggja grunnlag for makt og leggja til rette for utøving av makt. Makttilhøvet mellom aktørane i vindkraftdebatten vert mellom anna påverka av opinionen og politikken på nasjonalt nivå. Denne er igjen påverka av diskursane i den pågåande debatten. Slik er dei rådande diskursane blant aktørane i debatten både eit resultat av, og ein årsak til makttilhøva.

Aktørane i ein debatt som vindkraftdebatten kan i prinsippet vera kven som helst, og deltakarane vil som enkeltindivid ha ulike moglegheiter for å kunna påverka, uansett ståstad. Makttilhøvet mellom aktørane bak tekstane som vert analyserte i denne studien er prega av fleire faktorar. Aktørane er to ulike organisasjonar som kvar sin på måte ber med seg ei form for makt inn i møtet med meiningsmotstandaren. Organisasjonen Motvind er ein nykommar i debatten, sjølv om dei enkelte medlemmane kan ha vore deltakarar i debatten lenge. No når vindkraftmotstandarane har samla krefter, i form av organisasjonen Motvind, står dei fram med ein større maktbase. I eit demokratisk samfunn vil fleire samtykkande stemmar auka moglegheitene til å påverka politikken i ei gjeven retning. Utbyggerane har til no hatt hegemoniet og har kunna definera den dominerande diskursen. Vindkraftmotstandarane har etter kvart som dei har organisert seg kome i posisjon til å utfordra hegemoniet. I det moderne samfunnet er det, i følge Fairclough, nettopp hegemoni som er makta si dominerande organisasjonsform (Fairclough, 2010, s. 61). Hegemoni dreier seg ikkje om maktutfolding, men om at maktrelasjonar vert utvikla gjennom hegemonisk kamp. Truleg byrja makttilhøva mellom vindkraftmotstandarane og -tilhengarane å endra seg i 2019, då vindkraftdebatten gjorde eit kraftig byks.

Makttilhøva kan vera opne, men òg ligga tilslørte i språket, og gjennom analyse av språket kan dei skjulte makttilhøva avdekkast. Kritisk diskursanalyse er ein metode som vert rekna som velegna til å avsløra slike makttilhøve og interesser. I denne studien vert kritisk diskursanalyse nytta i analysane nett på grunn av moglegheitene metoden gjev til å avsløra og gjera greie for maktrelasjonar. Analysemetoden vert gjort nærare greie for i kapittel 4.


Lokaldemokratiet og medverknad som det vert gjort greie for i neste delkapittel er kjelder til fordeling av makt. Samstundes vil den som set kriteria for omfanget av medverknaden ha ein

sterk maktposisjon. Det finst fleire nivå av involvering i medverknad, og graden av involvering i medverknad påverkar kor mykje makt dei som deltek i medverknadstiltaka har.

Lokaldemokrati og medverknad

Det lokale sjølvstyret er lovfesta i § 49 andre ledd i grunnloven: «Innbyggjarane har rett til å styre lokale tilhøve gjennom lokale folkevalde organ. Nærare føresegner om det lokale folkevalde nivået blir fastsette i lov.» (Kongeriket Norges Grunnlov, 1814) Kommunelova (2018) § 2-2 første ledd slår fast at det kommunale og fylkeskommunale sjølvstyret ikkje bør vika meir enn det som er naudsynt for å sikra nasjonale mål. Staten og storsamfunnet sine behov stemmer ikkje alltid overeins med lokalsamfunnet sine interesser. Som det synast til i kapittel 1 let lovverket slik det er regulert og praktisert i dag, staten sitta med siste ordet om kvar og korleis vindkraftutbygginga skal gjerast. I desse sakene kan det lokale sjølvstyret fort tapa kampen om avgjerdsmakta.

Medverknad i planlegging er nedfelt i pbl § 5-1. Her heiter det at «Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.» (Plan- og bygningslova, 2008) Målet med medverknad er å auka innbyggjarane sine moglegheiter til å påverka politiske prosessar. I samfunnsplanlegging skal ulike grupper sine interesser og ynskje vegast opp mot kvarandre. Medverknad inneber ikkje at interessekonfliktar forsvinn, men sikrar at flest moglege omsyn har vorte vurderte når vedtaket skal gjerast. Involvering i medverknad kan føra til ei djupare forståing av kvifor løysingar har blitt valde, og kan slik bidra til redusert konfliktnivå. (Sager, 1991) På grunnlag av graden av involvering kan ein skilja mellom ulike former for medverknad. Sherry R. Arnstein (1969) skil mellom ulike nivå av deltakarordningar for informasjon, konsultasjon, dialog og medstyring i sin «ladder of citizen participation». Di høgare opp ein kjem i stigen di større påverknad har medverknadsdeltakarane på prosessen. Det finst etter kvart fleire avleggarar av denne deltakingsstigen. *Figur 3* syner korleis grad av medverknad vert framstilt som ei deltakingstrapp i rapporten *Medvirkning med virkning* (Klausen, et al., 2013). I følge Asle Farner (2008, s. 23) er ikkje alltid poenget med deltakingstrappa å koma høgast mogleg opp i denne, men det å avklara forventningane for kva påverknad deltakarane faktisk har.



Figur 3 Deltakingstrappa (Klausen, et al., 2013)

Medverknad gjer politikarane i stand til å vera gode representantar for innbyggerane. Rolla som folkevald vert ikkje mindre viktig av medverknadsprosessar. Tvert imot gjev medverknad politikarane moglegheita til å verkeleg gjera vala sine i tråd med innbyggerane sine ynskje og behov. Medverknad kan i tillegg gjera at politikarane vert særskilt medvitne dei stemmane som vanlegvis ikkje så lett kjem til orde. Medverknad kan òg gje politikarane auka legitimitet og forankring blant innbyggerane. (Klausen, et al., 2013)

Medverknad dreier seg ikkje berre om enkeltindivid sine moglegheiter til å medverka. Like aktuelt er kommunane sine medverknads- og påverknadsmoglegheiter overfor prosessar som er styrte av fylkeskommunale eller statlege organ. I samanheng med vindkraftsaker vert medverknadsprosessane mellom innbyggerar og kommunar viktige for å sikra at innbyggerane får bidra til å påverka kommunen si handtering av og haldning til utbygginga. Samstundes har innbyggerar òg ei interesse av å delta i medverknad for å påverka prosessane direkte. Slik vert medverknad i brei forstand prosessar som går føre seg mellom fleire ledd; innbygger - kommune, kommune - fylkeskommune/stat og innbygger - fylkeskommune/stat.

Gjennom media kan det synast som at vindkraftmotstandarar ofte sit med avmaktskjensle i møte med utbyggerar av vindkraft og statlege myndigheiter. Det vert gjerne ytra mangel på moglegheiter for reell medverknad, og innbyggerar så vel som kommunar kjenner seg overkøyrd. I juni 2020 gjekk ordførarane i kommunane Tysvær, Lyngdal, Karmøy, Høyanger, Gulen og Aure saman om å senda ut ei pressemelding. I pressemeldinga (Aure kommune, 2020) peiker dei på seks sams negative erfaringar dei har gjort i møte med vindkraftutbyggerar og NVE. Dei omtalar situasjonen som svært alvorleg. Kommunane har mellom anna til dømes erfart at retningslinjer med omsyn til dyreliv ikkje vert følgde. Dette er


eit ansvar som heilt klart kan skyvast over på utbygger. I hovudsak handlar tilbakemeldingane frå kommunane likevel om mistillit mellom NVE og kommunane. Dei seier at det må djuptgripande endringar til for at dei lokale politikarane skal få moglegheitene til å avgjera kva arealet i sine kommunar skal nyttast til. Vidare krev dei at arealbruken skal verta avklart av kommunen før konsesjonen skal behandlast. Dei peiker på at plan- og bygningslova legg til rette for nett dette. NVE må slutta å nytta Energilova, og ta i bruk plan- og bygningslova på arealavklaringar. Enn så lenge er det Energilova som vert nytta på store tiltak, tiltak som har stor betydning for samfunnet si energiforsyning.

Vindkraftmotstandarane set spørjeteikn ved i kva grad allmenne og private interesser faktisk vert tekne omsyn til i NVE si handsaming. Det finst ikkje ein uomtvisteleg fasit på korleis dei allmenne interessene best vert tekne i vare. Allmenne interesser spenner vidt, og det er ikkje semje om kva som er dei viktigaste allmenne interessene å ta omsyn til. Samfunnet si kraftforsyning må sikrast, det er det ikkje usemje om. Kvar krafta skal koma frå, og kor mykje kraft som faktisk er naudsynt å produsera er det derimot ikkje semje om.

Masteroppgåva *Nasjonale ramme for vindkraft på land – Forventninger og medverknad* (Boström & Birkeland, 2019, s. 112) peiker på ulikskapar i forståinga av medverknad i samband med utarbeidinga av Nasjonal ramme for vindkraft. Forfattarane kallar skilnaden på synet på tilrettelegging for medverknad for interessant. Empirien deira tyder på at aktørane på begge sider av debatten er nokolunde samstemte i forståinga av kva medverknad er. Det er i følge masteroppgåva interessene dei ulike aktørane dreg med seg inn i prosessen som kan forklara skilnaden på korleis dei oppfattar tilrettelegginga for medverknad i arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft på land.

Kommunikativ og instrumentell rasjonalitet


Rasjonalitet handlar om å ytra seg og handla på ein måte som står seg mot kritikk. Innan planleggingsteori er kommunikativ og instrumentell rasjonalitet sentrale omgrep. Tradisjonelt sett har den instrumentelle rasjonaliteten vore den dominerande forma for rasjonalitet innan planlegging. Denne forma for rasjonalitet har saman med modernismen dominert diskursen og det liberaldemokratiske samfunnet. (Allmendinger, 2009) Planlegging basert på instrumentell rasjonalitet, som òg gjerne kallast ekspertplanlegging, inneber at ei kvar ytring og handling føreset kunnskap om føremål og resultat slik at rasjonaliteten kan evaluerast. Dette inneber ei tru på at fagpersonar med presumptivt gode kunnskapar tek dei beste avgjerdene. På grunnlag av fakta og forskingsbasert kunnskap vert middelet som gjev den antekne beste måloppnåinga valt. Andre aktørar vil dermed vera lite involverte i avgjerdsprosessen. Dette ser me illustrert i *Figur 4* der instrumentell planlegging vert stilt opp som ein lineær prosess.



Figur 4 Instrumentell rasjonalitet (Amdam, 2005)

Planlegging basert på kommunikativ rasjonalitet, har ei anna tilnærming til val av middel. Rasjonaliteten kjem her som eit resultat av ein kommunikativ prosess, og føreset at dei involverte partane grunnleggjv ytringane sine og er opne for å endra meining i møte med gode argument. På denne måten kan alle vurdera fornufta i alle utsegn og forslag. Slik eksisterer det ein intersubjektiv målestokk for rasjonalitet. Den kommunikative rasjonaliteten inneber då at ein gjennom kommunikativ handling dannar nye erkjenningar som gjev kunnskap, som så endrar praksisen for nye handlingar. Kunnskapsgrunnlaget for nye handlingar vert slik stadig

større gjennom å støtta seg på dei kommunikative prosessane. Den kommunikative planprosessen skil seg slik frå den lineære instrumentelle prosessen og opererer meir som ein spiral, som illustrert i *Figur 5*.



Figur 5 Kommunikativ rasjonalitet (Amdam, 2005)

Medverknad etter pbl inneber at det skal leggest til rette for at alle som ynskjer å delta i medverknad skal ha moglegheit for dette. Det er kommunen sitt ansvar at dette kravet vert oppfylt. Som det vart gjort greie for i kapittel 2, er det i samband med vindkraftutbygging, reduserte moglegheiter for medverknad. Vindkraftutbyggingsprosessar kan dermed sjå ut til å bera preg av vera meir instrumentelle planleggingsprosessar, der dei profesjonelle utbyggerane nyttar ekspertkunnskapen sin til å gjennomføra utbygging utan større innblanding frå andre interessentar. Skilnaden mellom vindkraftmotstandarar sine forventingar til deltaking i kommunikative prosessar og den meir ekspertstyrte planlegginga som skjer i samband med utbyggingar, er truleg ei sterk kime til usemja som tydeleg kjem fram i debatten.

Om vindkraftutbyggingsprosessane ber preg av instrumentell rasjonalitet, kva då med sjølve debatten? Vindkraftdebatten vert i denne studien vurdert opp mot den ideelle samtalen. Neste delkapittel gjer greie for dette idealet, som er ein modell for korleis dei gode omforeinte løysingane kan oppnåast gjennom bruk av opne kommunikative prosessar.

Den ideelle samtalen og den offentlege sfæren

Det deliberative demokratiet er ein idealmodell for eit demokrati der konsensus vert oppnådd og avgjerder tekne på bakgrunn av open dialog der dei beste argumenta vinn fram. Jürgen Habermas (1999) er ideologen bak det deliberative demokratiet, og han er følgeleg oppteken av den frie samfunnsdebatten. Habermas' idealteori føreset eit samfunn der argumenta frå ulike sider og grupper kan brynast mot kvarandre i den offentlege sfæren. Teorien kviler såleis på den kommunikative rasjonaliteten, at ein gjennom kommunikasjon og open debatt vil oppnå dei gode omforeinte løysingane. Om det er fleirtal for eit alternativ, treng ikkje det tyda at dette alternativet er det beste. Det beste resultatet for samfunnet, er det ein kjem fram til i fellesskap. Di større deltaking frå alle det vedkjem, di sterkare legitimitet får løysingane ein kjem fram til. For at ein debatt skal kunna reknast for å vera open, må det vera rom for at alle argument får sleppa til.

Ein slik idealmodell syner ikkje naudsynlegvis til ein eksisterande tilstand, men er eit bilete på korleis samfunnet kan fungera. Mange faktorar vil gjera at idealet ikkje kan fungera fullt ut i eit komplekst samfunn, men det peiker på viktige element som kan bidra til å endra samfunnet. Idealet kan nyttast som ein målestokk som vi kan setta den offentlege debatten opp mot. Slik kan vi nytta idealmodellen til å seia noko om i kva grad vindkraftdebatten er open og konstruktiv, og i kva grad debatten fungerer som ein metode for å oppnå gode omforeinte løysingar.

Habermas legg til grunn fire validitetskriterium for den ideelle samtalen som dei involverte partane må retta seg etter om denne skal oppnåast. Utsegna til deltakarane i den ideelle samtalen må vera; sanne, korrekte, pålitelege og forstålege. Den ideelle samtalen vil rett nok ikkje kunna eksistera i dagens liberaldemokratiske samfunn, eller «den verkelege verda», då kriteria alltid vil verta brotne. Mellom enkeltindivid vil idealet likevel kunna eksistera, og nyttast til å oppnå konsensus. Dette føreset at dei naudsynte tilhøva som dannar den autentiske offentlege sfæren er til stades.

Den offentlege sfæren er i følge Allmendinger (2009) stadar der individ kjem saman og vert leia inn i handlingar og diskurs av varierende tradisjonar, normer og den kulturelle bagasjen dei ber. Dersom partane her nyttar moglegheitene som ligg i den ein ideelle samtalen kan den kommunikative rasjonaliteten nyttast til å eksponera eksisterande maktthøve og skapa

konsensus. Habermas (1999) nyttar omgrepet offentlegheita om delen av samfunnet som er ope og tilgjengeleg for alle. Denne offentlegheita er ein møteplass for open debatt som gjev borgarar moglegheita til å delta i den offentlege debatten og koma fram til omforeinte løysingar gjennom kommunikative handlingar.

Habermas (1999) sidestiller det å ytra seg med det å handla. Gjennom ytring syner den som ytrar seg ei tilknytning til det objektive som eksisterande fakta og sakstilhøve, til det subjektive som egne erfaringar og kjensler, og til det sosiale som er dei ålment aksepterte og gyldige normene. Tilhøyrarane skal ha moglegheiter til å vurdere om ytringa står seg i høve til dei tidlegare nemnde kjenneteikna for den ideelle samtalen. Tilhøyrarane kan så gje tilsvar på ytringa gjennom egne ytringar. Slik vert samtalepartane leidde inn i ein prosess med gjensidig grunngevingstvang med prosedyrereglar styrt av validitetskrava. I følge Habermas vil ein gjennom å argumentera mot validitetskrava vikla seg inn i sjølvmotseiingar. Slik vil aktørane ikkje knyta ytringane sine direkte til eigeninteresser eller normer, men i staden vera opne for at ytringane vert imøtegått. (Amdam, 2005)

Av Habermas utleier Amdam vidare kriteria for den tvangsfrie diskursen:

Alle som kan tale og handle skal ha høve til å delta, høve til å stille spørsmål ved eitkvart forslag, høve til å lansere eitkvart forslag og ha høve til å uttrykke sine haldningar, ynskje og behov. Ingen talar skal hindrast av tvang til å gjere bruk av dei nemnde føresetnadane, korkje frå diskursen si innside eller utside.

(Amdam, 2005, s. 116)

Konsensus og kommunikative handlingar kan altså ikkje tvingast fram frå aktørane, då desse er avhengige av at aktørane er tru mot krava til den tvangsfrie diskursen. Eit ope debattklima vil såleis vera avhengig av at det ikkje vert opplevd som trugande å ytra seg mot eller for dei dominerande førestillingane.

Dette kapitlet gjev eit oversyn over relevant teori som vert nytta i analysen av dei utvalde tekstane. Her kjem ei kort oppsummering av korleis den gjennomgatte teorien vert nytta vidare i analysearbeidet. Studien har ei eksplorerande tilnærming til vindkraftdebatten og gjer eit djupdykk i dei utvalde tekstane for å avdekka makttilhøva som ligg til grunn i debatten. Maktomgrepet vert nytta for å setja lys på makttilhøva mellom aktørane bak dei analyserte tekstane. Det vert mellom anna undersøkt korleis makttilhøva mellom aktørane kjem fram i diskursane, og vidare kva som ligg bak desse.

Utgreiinga av lokaldemokrati og medverknad kan sjåast som eit mellomledd som bind saman makt- og samtaledelen. Det vert undersøkt om og eventuelt kva debatten uttrykker om lokaldemokrati og medverknad, og kva rolle aktørane i debatten ser at dei har i høve lokaldemokrati og medverknad. Vidare om, og i kva grad dei eventuelt forsvarer rollene sine. Vindkraftutbygginga held seg på dei lågaste trinna av medverknadstrappa. Det kan sjå ut som intensjonen er å plassera vindkraftutbygginga høgare opp i trappa enn det som er realiteten.

Klargjeringa av rasjonalitetsomgrepet og Habermas' teoriar leiar til ei meir utprøvande tilnærming. Det vert sett nærare på om aktørane syner teikn til kva syn dei har på planlegging gjennom tekstane, og det vert undersøkt korleis debatten i fungerer lys av det Habermasianske idealet. I kva grad debatten fungerer sett opp mot idealet til Jürgen Habermas kan bidra til å eksponera om debatten har kvalitetar som kan bidra til løysing på eit tema med fastlåste synspunkt.

Kapittel 4 Metode

Diskursanalyse er ein av dei nyare forskingslogikkane innanfor samfunnsvitskaplege fag. Analysemetoden har utspring frå lingvistikken, men har etter kvart gjort seg meir gjeldande og fått større plass innanfor samfunnsvitskapane. Den språklege vendinga tek opp i seg viktige element frå sosialkonstruktivismen. Tanken om at forskaren kan stå på utsida og observera objektivt vert forkasta, og forskaren si oppgåve vert å forstå korleis aktørane forstår seg sjølv og situasjonen sin. Den diskursanalytiske ståstaden inneber då at røynda både formar og vert forma av dei deltakande individane. (Bratberg, 2017, ss. 16-21) Den kritiske diskursanalysen som kritisk samfunnsforskning kan seiast å støtta seg på den kritiske realismen. Denne er oppteken av korleis normative argument kan underbyggast i kritisk samfunnsforskning. Det verkelege kan ikkje reduserast til det vi veit om røynda. Røynda er i så måte ein uføreseieleg storleik. Kritiske realistar har i følge Joar Skrede (2016, s. 80) vektlagt at ontologisk og epistemologisk relativisme er kompatible storleikar. Sjølv om kritisk realisme inkluderer fleire poststrukturalistiske innsikter vert ikkje røynda redusert til diskurs.

«[...]diskursen er eit system for å produsera utsegn og praksisar som konstituerer røynda for dei som er berarar av diskursen» (Bukve, 2016, s. 73). Dominerande forståingsrammer kan fort verta tekne for gjevne. Hegemoniske diskursar er med og definerer måten vi oppfattar oss sjølv og røynda på. Diskursanalysen er her i tråd med den kritiske teorien som han tek utgangspunkt i, men òg er kritisk av. Når diskursanalysen tek høgde for at diskursar og subjektposisjonar ikkje treng å vera eintydige vert han meir kompleks. (Bukve, 2016, s. 73)

Diskursive hegemoniske tilstandar vert ikkje oppretthaldne utan at dei vert stadfesta i språket. Dette skjer i form av den språklege eller diskursive praksisen. Dei krev det som kallast diskursivt arbeid. Settet av utsegn og praksisar som utgjer diskursen vert formalisert gjennom diskursiv handling eller institusjonalisering. Når diskursane vert nytta i sosiale institusjonar vert dei formaliserte og står fram som dei normale. Slik vert andre diskursar valde bort og utdefinerte. Diskursanalysen er i utvikling, og det ligg ikkje føre klare oppskrifter for korleis analysane skal utførast. I diskursanalytisk praksis heng teorien og metode tett saman. (Bukve, 2016, ss. 74-77)

Språk som analyseobjekt

Studien gjer greie for dei dominerande diskursane i vindkraftdebatten for å kunna seia noko om korleis desse manifesterer maktrelasjonane som pregar debatten. Det har vore undersøkt i kva grad aktørane sitt syn på moglegheiter for medverknad kan tolkast ut av tekstane, og korleis dette eventuelt er med og påverkar vindkraftdebatten. Det har òg vorte undersøkt i kva grad aktørane syner medvitne eller umedvitne teikn til å plassera seg i ein maktrelasjon i høve motdebattanten, og eventuelt i kva grad dette kan sporast til synet på medverknads-
moglegheiter i vindkraftsaker. Analysen har ikkje hatt som mål å sitta att med absolutte svar, då denne forma for analyse ikkje er eigna til dette. Heller har det vore et mål å søka etter å forstå kva som ligg bak diskursane. Tolkninga er nett det, ei tolking, og det er ikkje til å koma frå at det då vil innebera ei viss form for subjektivitet. Det er eit viktig poeng å vera klar over at forskingsresultata difor ikkje automatisk kan nyttast til generalisering. I si enklaste form er diskursanalyse ei jakt på kvifor vi tenker som vi gjer. (Bratberg, 2017, s. 45)

Diskursanalyse kjem til kort om strenge kriteria for validitet og reliabilitet skal nyttast. Ein må i staden støtta seg på ei breiare forståing av validitet. Dette føreset at det vert gjeve ei klar framstilling av kva som ligg til grunn for ei bestemt tolking, og kva implikasjonar dette fører med seg. (Bratberg, 2017, s. 63)

Validitet

Validiteten angjev om resultatane gjev svar på hensikta med forskinga. Handtering av store mengder tekst kan vera utfordrande, og omfanget av eit forskingsprosjekt på denne storleiken set grenser for kor stort materiale som kan analyserast. Det vart tidleg i forskingsprosessen naudsynt å foreta ei utveljing. Nett det avgrensa materialet som vert gjenstand for analyse kan vera ei svakheit med validiteten til denne studien.

For å kunna danna eit bilete av vindkraftdebatten vart det gjort eit val om å avgrensa analysematerialet til fire tekstar. Aktørane bak tekstane representerer, om ikkje to ytterpunkt så i alle fall, to aktørar som tydeleg flaggar standpunkt på kvar si side i debatten. Målet med tekstutvalet har vore å analysere debatten gjennom tekstar som tydeleg eksponerer diskursane som vert nytta. Dei utvalde tekstane er henta frå tydelege og aktive aktørar i debatten. Dette er tekstar som aktørane sjølv har valt å publisera. Ein må difor kunna gå ut frå at tekstane er representative for kor dei sjølv ynskjer å plassera seg i vindkraftdebatten. Tekstane er ikkje

andrehands reforteljingar, men aktørane sine uttrykk for eigne meiningar. Ut frå dette går det òg an å seia noko om makttilhøva mellom aktørane.

Dei utvalde tekstane utgjer eit svært avgrensa utval, men er autentiske tekstar frå vindkraftdebatten som syner eit utsnitt av kva diskursar som vart nytta i det aktuelle tidsvindauget tekstane er frå. Utvalet gjev dermed ikkje grunnlag for å generalisera, men kan fungera som ein dokumentasjon på korleis ubalanse i makttilhøva påverkar den offentlege debatten og diskursane som vart nytta. Forskingsresultata denne studien presenterer er difor relevante for å synleggjera korleis makt vart nytta og påverkar debattar med fastlåste synspunkt og store avstandar mellom aktørane. I ei verd der dei offentlege debattane stadig framstår meir polariserte kan alle vera tente med å ta eit steg tilbake og ta eit kritisk blikk på eiga rolle.

Reliabilitet

Reliabiliteten seier kor påliteleg forskinga er og heng mellom anna saman med materialet som vart analysert, og korleis dette vart handsama. Den valde forskingsmetoden, kritisk diskursanalyse, er ein variant av diskursanalyse og bygger på eit fortolkande vitskapssyn. Dette er i seg sjølv utfordrande med tanke på reliabiliteten. Det finst ikkje eit rett eller galt svar, men funn må tolkast og gjerast greie for på ein måte som gjer at dei står seg mot kritikk. Gjennom ein tydeleg methodedel vart handsaminga av empirien gjort greie for, og dette bidreg til å styrka forskinga sin reliabilitet. Val av representativt tekstmateriale frå dei to sidene i debatten har vore avgjerande for å få eit mest mogleg korrekt bilete av diskursordenen i vindkraftdebatten. I studien er det forsøkt å nytta analysemateriale slik at det er lett å kontrollera i kva grad det har blitt trekt tendensiøse slutningar. Det er nytta både direkte sitat frå tekstane, parafraeringar og tolkingar i analysen.

Utbygging av vindkraft har vore, og er, omstridd og motsetnadane er store mellom vindkrafttilhengjarar og -motstandarar. I studien er det ikkje teke side i debatten. Kritisk diskursanalyse har i Fairclough sin modell stilt seg på side med den svake parten. Dei steile frontane gjer det vanskeleg å peika ut ein tydeleg svak part, sjølv om det ved å peika på økonomi og ei form for støtte i ryggen frå statlege organ, kan argumenterast for at vindkraftutbyggarane har eit maktovertak på motstandarane. I utarbeidinga av analysen har det vore forsøkt å sikra ei mest mogleg nøytral framstilling. Dette for å forsøka å ikkje bidra

til å skapa meir splid, då den «social wrong» som studien ynskjer å gjera noko med handlar om å møtast i debatten, ikkje skapa større avstand. I studien er det forsøkt å framstilla funna på ein nøytral måte, og konklusjonane som vert gjort skal vera moglege å etterprøva.

Tolkinga av tekstmaterialet som er lagt til grunn for denne studien er éin representasjon av røynda, ikkje den einaste representasjonen. Openheit og tydeleg klargjering av vala som har vorte tekne undervegs i arbeidet med studien skal sikra legitimitet og vitskapleg truverd. (Jørgensen & Phillips, 1999, ss. 31-33) Det ville vore fullt mogleg å utleia andre diskursar med andre namn og anna innhald. Samstundes vil dei avgrensingane som har blitt gjort kunna forsvarast. Utleiingane er valde då dei er representative for den røynda som vert presentert gjennom dei analyserte tekstane.

Diskurs

Diskurs er, som tidlegare nemnt, ein måte å forstå verda, eller røynda på. Diskursomgrepet vert her nytta om utsegn med ei viss utbreiing i debatten. Dette inneber at utypiske eller marginale utsegn som ikkje bidreg til å prega debatten ikkje reknast med i diskursane.

[...]diskurs er en viktig form for social praksis, som både reproducerer og forandrer viden, identiteter og sociale relationer, herunder magtrelationer, og som samtidig formes af andre sociale praksisser og strukturer. Diskurs står således i et dialektisk forhold til andre sociale dimensioner.

(Jørgensen & Phillips, 1999, s. 77)

I følge Fairclough (2010) er ein kvar bruk av språk ein kommunikativ situasjon beståande av tre dimensjonar. Situasjonen er ei sosial hending, ein sosial praksis og ein sosial struktur. Den sosiale hendinga knyt seg til teksten i seg sjølv og den sosiale praksisen dreier seg om korleis teksten vert produsert og konsumert. Den sosiale strukturen dreier seg om dei sosiale samfunnsmessige strukturane som til dømes økonomiske strukturar, makttilhøve og andre stabile mønster som påverkar liva våre. (Skrede, 2016)

Diskursar produserer røynda gjennom å presentera aktørane sine historier eller bilete om ulike tema eller område. Desse ulike bileta av røynda vert òg kalla representasjonar.

Representasjonane er altså eit anna ord for forståinga av røynda, ikkje røynda i seg sjølv.

Diskursanalyse


Diskursanalyse er analyse av mønstera som strukturerer språket. Den kritiske samfunnsforskninga er oppteken av «[...] dei umedvitne prosessane, ideologiane, makt- og dominansrelasjonane som fører til at aktøren tolkar verda og handlar som ho gjer» (Bukve, 2016). Analyse av diskursar har potensiale til å avdekka makt og diskursanalysen skal gje innsikt i førestillingane som ligg til grunn for tekstane. Werner Christie Mathisen definerer diskursanalyse som:

[...]analyse av språkbruk i en samfunnsmessig kontekst, med fokus på hvordan de ideer og begreper som produseres i denne konteksten tolker og er med på å forme (et visst utsnitt av) den samfunnsmessige virkeligheten. (Mathisen, 1997, s. 3).

Diskursanalyse vert nytta for å undersøka korleis språket formar forståinga av sosiale fenomen. (Mathisen, 1997) Ytringar kan alltid setjast i ein kontekst. Ein tekst vil kunna tolkast ut frå den konteksten han vert produsert i. Det er likevel ikkje sikkert at budskapet som vert formidla er det som formidlaren eigentleg vil ha fram. Orda som nyttast kan ha konnotasjonar og mottakaren vil i tillegg ha sine egne assosiasjonar som får betydning for korleis budskapet vert tolka.

Kritisk diskursanalyse

Den kritiske diskursanalysen (KDA) slik han er utvikla og gjort greie for av Norman Fairclough (2010) har mellom anna styrken i at han kan nyttast for å avdekka makttilhøve i samfunnet, uttrykt gjennom språk. Språklege praksisar kan bidra til å etablera og oppretthalda maktrelasjonar. KDA er ikkje analyse av sjølve diskursen, men analyse av dei dialektiske relasjonane mellom diskursane. Dette tyder at diskursanalysen må utførast på fleire nivå. Det er forholda mellom metafunksjonane; sosiale hendingar (teksten), sosial praksis (sjangrar, diskursar og stilar) og sosiale strukturar (sosiale strukturelle mønster som påverkar liva våre) som er interessante. (Skrede, 2016, s. 33) Utgangspunktet for Fairclough sin KDA er at språkbruk er ei kommunikativ hending som inneheld alle dei nemnde nivåa. Det som analyserast er tilhøva mellom nivåa. Modellen under, *Figur 6*, skal ikkje forståast hierarkisk. Dei ulike nivåa er gjensidig avhengige av kvarandre og analysane går på tvers av alle nivåa.



Figur 6 Tre nivå i Fairclough sin kritiske diskursanalyse. (Bratberg, 2017, s. 51) (Skrede, 2016, s. 33)

Analysemetoden vert nytta til å studera korleis makt kjem til uttrykk i språkbruk, og analysen forsøker å avdekka og klarlegga diskursane si verknad, og syna korleis språket er eit produkt av makttilhøve. KDA er i følge Fairclough (2010, s. 5) ein transdisiplinær form for analyse. I dette ligg det at det ikkje er ein rein språkleg analyse, men ein analyse som går på tvers av fagdisiplinane. Målet i KDA er å sikta mot frigjering og sosial endring. Analysen er kritisk i form av å nettopp forsøka å avsløra korleis diskursane bidreg til å skapa og oppretthalda sosiale posisjonar. (Bratberg, 2017) (Skrede, 2016)

I denne studien vert metoden nytta i analysane på grunn av moglegheitene til å setja lys på og gjera greie for maktrelasjonar som ligg i metoden. Her er det makttilhøva mellom motstandarar av vindkraft og vindkraftutbyggerar som vert analyserte. Metoden synast å vera eigna til å avdekka og peika ut korleis aktørane si eiga forståing av makttilhøva eventuelt kjem fram i tekstane. Og vidare korleis desse vert oppretthaldne i dei rådande diskursane.

Det finst ikkje standardiserte framgangsmåtar for denne typen analysar, men denne studien støttar seg på ein kritisk diskursanalyse basert på Fairclough si tredimensjonale tilnærming synt til i modellen over. Sjølv om Fairclough legg stor vekt på teksten i analysar, er det ikkje meininga at alle språktrekka i ein tekst treng å analyserast. Analysemetoden må altså tilpassast temaet og formålet med analysen. (Jørgensen & Phillips, 1999, s. 88) Hovudfokuset

i denne studien har vore på kva ord og teikn på makt, og aktørane sine eigne syn på medverknad, som kjem til uttrykk i tekstane.

For å få oversikt over tekstmaterialet er tekstane sett inn i tabellar med eitt avsnitt i kvar rad. I kolonnene er overskriftene *Analysetekst*, *Essens*, *Ordval*, *Metaforar og symbolbruk*, *Intertekstualitet*, *Modalitet* og *Nominaliseringar og passiv-konstruksjonar* nytta. Tabellen under, *Figur 7*, syner eit lite utdrag frå analyseskjemaet til *Tekst 1* som illustrerer korleis tekstane er organiserte for å få oversikt over mikro- og makronivåa i tekstmaterialet i analysane.

Analysetekst	Essens	Ordval	Metaforar og symbolbruk
Norsk Vind setter opp Norges største klimaklokke	Gjør seg synlige	8 "vi", 2 "de"	
- Klimastet har ikke tid til å vente på at vi skal debattere ferdig, sier Per Ove Skorpen, daglig leder i Norsk Vind.	Vindkraftdebatten tar for lang tid.	"vi" - hvem er vi her?	"klimastet har ikke tid til å vente"
En gigantisk nedtellingsklokke på 15 x 3,5 meter skal symbolisere hvor mye det haster å få stoppet klimaaftleggelsene.	Gigantisk nedtellingsklokke forteller hvor mye det haster.	gigantisk, hvor mye det haster	"symbolisere"
- Det er et problem at imens krangelen om vindkraft raser og utbygginger stoppes eller så får vi kortere og kortere tid til å gjennomføre de nødvendige klimakuttene. Vindkraft er helt avgjørende for å løse klimakrisen, og det kan bygges ut nå, sier Skorpen.	Krangelen om vindkraft fører til tidsnød. Vindkraft er løsningen på klimakrisen.	"et problem", "krangelen", "vi", "stoppes eller utsettes"	
Fjoråret ble dominert av høylytte vindkraftmotstandere. Nå vil Norsk Vind jobbe for å snu stemningen. På Høg-Jæren har de satt opp en installasjon de håper vil vekke oppsikt: Den 15 meter brede og 4 meter høye klokka teller ned til 2030, året der klimagassutslippene må være så godt som halverte.	Vindkraftmotstanderne er høylytte, og lager dårlig stemning som må snus.	"Høylytte vindkraftmotstandere" om lyd: som tydelig kan høres, kraftig en høylytt diskusjon Her karakteristikk av personer "de" - hvem er de her? "Snu stemningen"	
- Jeg håper vi med dette får tydeliggjort budskapet om at vi ikke kan vente med å bygge ut mer fornybar energiproduksjon, fortsetter Skorpen.	Norsk Vind har et budskap om at fornybar energiproduksjon ikke kan vente.	"håper med dette" "tydeliggjort budskapet"	
Det som vil bli den største kampanjen i Norge for å promotere vindkraft som en viktig klimaløsning, kommer også til å få mye plass med TV-reklame, i utendørsreklame og i sosiale medier. Kampanjens landingsside vindkraftna.no gir inngående informasjon om vindkraft og klimautfordringen og oppfordrer alle til å stoppe klokka for å vise sin støtte for klima.	Kampanjen vil bli den største kampanjen for vindkraft. Vindkraftna.no gir inngående informasjon om vindkraft og klimautfordringen.	"inngående informasjon om vindkraft og klimautfordringen"	

Figur 7 Døme på analyseskjema

Kapittel 5 Empiri

Dette kapittelet presenterer tekstane som vert analyserte i denne studien. Først vert det gjeve ein gjennomgang av stilar og sjangertrekk ved tekstane, før innhaldet i kvar av tekstane vert presentert.

Stil og sjanger

I samband med lanseringa av reklamekampanjen «vindkraftnå.no» 13. januar 2020, sende Norsk Vind ut ei pressemelding, som òg vart publisert på heimesida deira, www.vindenergi.no. Dryge fire veker seinare, 19. februar, sende dei ut ei ny pressemelding gjennom dei same kanalane. I same tidsrommet, 2. og 9. februar, skreiv styreleiar i Motvind to veke rapportar, som vart publiserte under kategorien «Ugå i Motvind» på heimesidene til Motvind. Saman dannar desse fire tekstane grunnlaget for analysen av vindkraftdebatten.

Tekstar kan framstå med ein formell eller uformell stil. I kva grad det vert nytta formell eller uformell stil i ein tekst heng saman med kommunikasjonssituasjonen. Formell stil er prega av nøytrale ord og standardformer, medan uformell stil er prega av ufullstendige setningar, ladde ord og munnlege uttrykksmåtar. Ulike sjangrar er forbunde med ulike stilar. Sjangrar er konvensjonar for bruk av språk som set grenser for innhald og form i teksten. Val av sjanger inneber òg eit val av kva ein vil uttrykka og korleis ein vil uttrykka dette. (Vagle, Sandvik, & Svennevig, 1993, s. 271) I KDA er ein interessert i å avdekka korleis avsendaren ynskjer å framstilla seg sjølv, korleis han ynskjer å framstå. Vidare er det interessant å sjå på korleis dette kan påverka relasjonen mellom avsendar og mottakar. Det er ikkje eit poeng å gjennomføra ein grundig analyse av stilen i teksten.

Pressemeldingar er korte tekstar som vert gjevne ut av organisasjonar eller selskap med mål om å kommunisera informasjon til både journalistar og offentlegheita. Tekstane skal promotera budskapet overfor mottakarane anten gjennom media eller via heimesida til utgjevaren. For at budskapet i størst mogleg grad skal koma fram til mottakaren slik sendaren ynskjer, har pressemeldinga som mål å verta publisert utan å verta forandra på. Språket i pressemeldinga forsøker difor å kopiera språket i journalistiske tekstar. Ber teksten for mykje preg av promotering, aukar det sannsynet for at teksten vert endra av media før publisering. (Catenaccio, 2008)

Norsk Vind sine pressemeldingar forsøker såleis å balansera mellom det saklege og det å kommunisera budskapet sitt. Det er likevel ikkje tvil om kva budskap dei ynskjer å formidla. Dei er eit selskap som har som formål å bygga ut vindkraft, noko dei heller ikkje legg skjul på i tekstane. Eit selskap med kommersielt formål vil oftast ha interesse av å framstilla seg som seriøse og truverdige. Gjennom å formidla budskapet sitt på ein måte som framstår beherska og sakleg vil dei kunna unngå negativ publisitet som kan øydelegga for utviklings- og innteningsmoglegheitene deira.

Sjangermessig kan vekerapportane til styreleiar i Motvind minna om blogginnlegg, eller andre tekstar med sterkt subjektivt preg. Tekstane held seg ikkje til konvensjonar og særskilte sjangertrekk. Dei har ein personleg og uformell stil, og verkar å formidla forfattaren sine eigne meininger, standpunkt og refleksjonar rundt vindkraftsaka. Samstundes er ytringane publiserte i kraft av posisjonen hans som styreleiar i Motvind, og det må antakast at synspunkta som kjem fram i tekstane er representative for organisasjonen han leiar. Dei to tekstane frå Motvind vart valde som analyseobjekt då dei både representerer meiningsmotstandarane til Norsk Vind, og i tillegg vart publiserte i nokolunde same tidsrommet som dei to andre utvalde tekstane.

Skilnadane i sjanger speglar til ei viss grad vindkraftdebatten. Deltakarane på tilhengarsida i vindkraftdebatten er her representerte med eit kommersielt selskap med eit profesjonelt apparat bak seg, medan motstandarane foreløpig er meir lauseleg organiserte, og i stor grad baserer seg på frivillig innsats frå medlemmane. Alle dei fire tekstane må kunna sjåast på som typiske og representative for vindkraftdebatten. Dette tilseier at diskursane som vert nytta i debatten truleg vert tydeleg eksponerte i det utvalde tekstmaterialet, og difor er godt eigna for ein diskursanalyse.

Innhaldspresentasjon av tekstmaterialet

«Norsk vind setter opp Norges største klimaklokke», Norsk Vind

Teksten «Norsk Vind setter opp Norges største klimaklokke» vert referert til som *Tekst 1* vidare i studien. Teksten innleiar med å seia at klimaet ikkje har tid til å venta på debatten. Ei femten meter brei og tre og ein halv meter høg klokke skal symbolisera kor mykje det hastar å stoppa klimaøydeleggingane.

Dagleg leiar i Norsk Vind vert sitert i teksten. Han fortel at det er eit problem at utbyggingar vert stoppa på grunn av krangelen om vindkraft, då dette kortar ned tida vi har til å gjennomføra naudsynte klimakutt. «Vindkraft er helt avgjørende for å løse klimakrisen, og det kan bygges ut nå, sier Skorpen.» Han seier vidare at høglytte vindkraftmotstandarar har dominert fjoråret, og men no vil Norsk Vind snu stemninga. Dei håper at den store klokka som dei har plassert på Høg-Jæren skal vekka oppsikt. Klokka tel ned mot 2030, året klimagassutsleppa skal vera nær halverte.

Skorpen håper at dei får fram budskapet om at utbygging av meir fornybar energiproduksjon ikkje kan venta. Kampanjen som består av TV-reklame, utandørsreklame og sosiale media vil verta den største i Noreg for å promotera vindkraft som klimaløysing. Nettsida vindkraftna.no som kampanjen har som landingsside inneheld utfyllande informasjon om vindkraft.

Teksten syner vidare til FN si utpeiking av 2030 som vendepunktet for kva tid dei globale klimagassutsleppa må vera nær halverte, for å stoppa dei verste konsekvensane av klimaendringane. Gjennom Parisavtalen har Noreg, på lik linje med EU, forplikta seg til å kutta utsleppa med 40% innan 2030. Skorpen vert vidare sitert på at han ikkje trur folk har tenkt over kor kort tid det eigentleg er att, og at me må gjera det som verkar no.

Skorpen seier at det er forståeleg at mykje av motstanden mot vindkraft har dreidd seg om konsekvensane for naturlandskap, og at omsyn til naturmangfald og urørt natur må vega tungt ved utbygging. Skorpen uttalar vidare at dei anerkjenner at det finst legitime argument mot vindkraft, på same måte som det finst argument mot andre inngrep som vert gjort i naturen. Teksten vert avslutta med at Skorpen poengterer at det er heilt avgjerande at Noreg og verda aukar produksjonen av rein energi, og at klokka tikkar fort mot 2030.

«Klimaklokka settes opp ved Stortinget», Norsk Vind

Teksten «Klimaklokka settes opp ved Stortinget», vidare i studien referert til som Tekst 2 fortel om ei seks meter brei klokke som vert montert ved Stortinget. Klokka skal symbolisera kor lite tid det er att før klimautsleppa skal vera halvert. Teksten fortel vidare at det er Norsk Vind som har montert klimaklokka som ein lysreklame, ved Egertorget. Noreg har forplikta seg til å kutta klimagassutsleppa med 40% innan 31. desember 2030, og klokka tikkar ned til dette tidspunktet.

Norsk Vind seier at dei erkjenner at vindkraftutbygging er omstridt, men at konsekvensane av klimaendringar er verre. Når fossil energi skal erstattast er vindkraft ein del av løysinga. Klokka tikkar ned mot alvorlege klimaendringar samstundes med at debatten om kvar det skal byggast vindkraft rasar. Dagleg leiar i Norsk Vind vert sitert på at han ikkje trur at folk har tenkt over kor kort tid det eigentleg er att. Han håpar at klimaklokka gjer det tydeleg at me ikkje kan venta med utbygging av fornybar energi. Klimaet har ikkje tid til å venta på at det skal debatterast ferdig.

I følge teksten er Egertorget eit knutepunkt for avgjerdstakarar, politikarar og folkeleg engasjement. Klimaklokka er plassert nett her for å minna om at det trengst tiltak no. Regjeringa har forplikta seg til forsterka klimamål samstundes som dei, på grunn av motstanden, har stoppa opp konsesjonssystemet for nye vindkraftprosjekt.

Høglytt motstand mot vindkraft på land har prega det siste året. Motstanden har i følge teksten handla om visuelle ulemper og konsekvensane for fugl. Skorpen meiner dette er forståeleg, og ved utbygging av vindkraft må omsynet til naturmangfald og urørt natur må vega tungt. Trass i at det finst legitime argument mot vindkraft, og at det er område det ikkje bør settast opp vindturbinar i, er det heilt avgjerande at produksjonen av ren energi aukar. I følge Skorpen har me ikkje råd til å stoppa opp.

Norsk Vind har hatt ein stor kampanje gåande kor ei klimaklokke har vore synleg på nettsida vindkraftna.no og ei stor klokke har stått plassert på Høg-Jæren. Kampanjen har blitt skulda for å vera skremmande for barn og har, særleg blant vindkraftmotstandarar, vekt stort engasjement. Skorpen uttalar at dei har forståing for engasjementet, og at klimaendringar er skremmande for alle. Han peiker på at særleg unge er interesserte i å setta i verk tiltak for å få bukt med konsekvensane, og at klimaklokka støttar klimabrølet frå ungdommane. Teksten avsluttar med å slå fast at klimaklokka på Egertorget minimum skal stå i tre år.

«Intenst», Motvind

I teksten «Intenst», heretter referert til som Tekst 3, gjer Eivind Salen, styreleiar i Motvind, opp status for siste veka. Han fortel at det er intenst. Dei skal bygga organisasjonen samstundes som dei skal kjempa mot vindkraft. Dei møter motstand i form av utskiftingar i regjeringa som fører til negative vedtak. NVE og OED gjev ikkje etter i Vardafjell-saka. Ein

26 sider lang klaga i Sandnes vart avvist med to sider frå OED. NVE kom med vedtak om godkjenning av ny MTA-plan, og at utbygger får skifta turbinleverandør. Han kallar det katastrofevedtak.

Salen tillèt seg ikkje å vera fortvila, då ein fortvila motstandar er lett å utmanøvrera. Han poengterer at dei må mobilisera, respondera og gjera det som er rett. Dei må finna dei svake punkta i breva og vedtaka og angripa. I følge Salen vert lokaldemokratiet overkøyr av statsmakta. Dei ser ikkje ut til å ta omsyn til at det gjeld menneske. Næringsinteressene i vindkrafta har alliert seg med statsmakta, og knuser all motstand. Statsmakta fråskriv seg ansvar, og overlèt til utbygger sjølv å følga opp krav, lovar og reglar.

Det er i følge teksten lovause tilstandar. Dette på grunnlag av at loven ikkje vert følgd, og at dei som skal kontrollera loven seier frå seg oppgåva. Det er statsmakta som anten står for lovbrot eller lukkar auga for dei. NVE har rolle både som forvaltningsmyndigheit og tilsynsmyndigheit, og får støtte av OED. Me er i følge teksten ikkje vande med dette i Noreg, og det tek tid før folk forstå kor ille det er. Når dette skjer vil dei verta dedikerte til saka slik Motvind er.

Statsmedia er mest opptekne av dei lovause tilstandane bygdefolket syt for, ikkje av det som skjer i statsforvaltninga. Skadeverk på maskinar, som vert slått stort opp, ser ut til å skje når vindkrafta er litt pressa. Då står folk med millionløn fram og klagar på usiviliserte og udanna vindkraftmotstandarar. Teksten fortel at statsmakta og vindkraftutbyggerane gjer systematiske lovbrøt som øydelegg landet, medan ein og annan vindkraftmotstandar gjer sporadiske lovbrøt som øydelegg debattklimaet. Motvind må svara for desse lovbrøta, men nyttar ikkje meir tid på dette enn dei må, og fortset med arbeidet.

Motvind har hatt utfordringar med medlemssystemet, noko som har vore ressurskrevjande og tærer på stemninga. Slik har det vore frå starten av i Motvind, mykje å gjera. Motvind har tusenvis av menneske i heile landet som er sinte, fändenivoldske. Dei vil stoppa det dei kallar galskapen som rir landet vårt. Salen seier han tillet seg å nytta sterke ord, og seier at det har kome ut av kontroll. Han skriv at NVE og OED ikkje eigentleg har tenkt over konsekvensane av alle konsesjonane dei har gjeve. Dei gjev vekk kontrollen over, og rettane til kraftressursane. Mange har allereie hamna under utanlandsk kontroll langt fram i tid utan at norske interesser er sikra. Teksten avsluttar med «Det er krise uten sidestykke i norsk moderne historie, fins ikke verre i vår tid.»

«Motvind», Motvind

Styreleiar i Motvind, Eivind Salen, innleiar teksten “Motvind”, i fortsetjinga referert til som Tekst 4, med å skriva at meiningsmotstandarane deira i vindkraftbusinessen med lobbyen sin går litt tom for energi og kraft. Det har nemleg kome mindre frå dei den siste veka, i motsetnad til trykket frå partia, ungdomspartia, media, interesseorganisasjonane, delar av miljøørsla og delar av LO og NHO. Dei har stått i mot alt, og no vert det «Motvind».

Motvind har hatt styremøte i støyforeininga sine lokale i Oslo. Støyforeininga er opptekne av folk sitt ve og vel, tilsynelatande i motsetnad til dei tidlegare nemnde. Salen skriv at Motvind er i kontakt med dei nemnde partia og organisasjonane for å fortelja at dei har valt feil, og at Motvind vil hjelpa dei å velja rett. Han oppmodar så lesarane om å melda seg inn og verva fleire, då dette er lettare med mange medlemmar i ryggen.

Landsstyret er folk frå ulike delar av landet, og dei færraste av styremedlemmane kjende kvarandre frå før. Dei er ulike og har ulikt syn på korleis målet skal nåast, men er einige om kva dei vil oppnå. Motstandarane skal få merka at Motvind går framover med kraft. Salen fortel at dei har hatt eit konstruktivt styremøte, men detaljane er ikkje for Facebook. Styret står samla og her gjekk vedtaka deira veg.

Fleire saker har hatt klage- og høyringsfristar denne veka, og Motvind skriv klagar og innspel. Salen skriv at Motvind no har byrja å dra inn juss, og peika på lovar og paragrafar, noko som bør skremma NVE og OED litt. Forvaltingsmyndigheita og departementet får sjansen til å fiksa det no, eller svara for seg i retten seinare. Norske ressursar har i følge teksten blitt selde for milliardbeløp medan norsk natur og norske lokalsamfunn har vorte øydelagde.

I følge teksten sit Motvind på innsideinformasjon som vil føra til ubehagelege spørsmål til politi og myndigheiter, Trønderenergi og Stadwerke München i Frøya-saka. Landsstyret i Motvind gjorde eit vedtak med fem punkt som seier korleis dei skal handsama saka.

Salen skriv at Norsk Vind AS og reklamebyrået Try AS vart felt av Forbrukartilsynet for ulovleg marknadsføring med ein reklamekampanje som kan verka skremmande på barn. Han kritiserer politikarar for å ha blanda seg inn i saka, og statssekretær Fischer for å ha vore med å utforma reklamen før han vart statssekretær. Forbrukartilsynet vert trekt fram som eit ennå uavhengig statsorgan.

Teksten fortel at Motvind held fokus på sakene, trass støyen. Dei er opptekne av at milliardsselskapet Norsk Vind AS krev statleg arealplan og ekspropriasjon for å realisera Skorveheia og Faurefjell vindkraft. Begge anlegg som er planlagde å eksportera straumen. Dei meiner det er alvorlege grep å ta for at eigarane skal verta millionærar. Motvind vil informera politikarane om dette, og syna til lovar slik at dei skjønar. Om politikarane vil gå vidare må dei forsvara avgjerdene i retten. Motvind poengterer at dei treng fleire medlemmar for kjøttvekt og pengar til å leia inn juristar. Teksten vert avslutta med ein appell om at Motvind treng frivillige som kan spreia budskapet og påverka politikarar og lokalsamfunn. Når parti og media skjønar at dei ikkje har folket med seg skal Motvind ta i mot dei. Teksten avsluttar: «Det er vår vei det blåser, eller som vi liker å si det: Det er meldt Motvind over hele landet. Og Motvind – det er oss.»

I det påfølgande kapittelet vert analysen av tekstmaterialet presentert.

Kapittel 6 Analyse

Som gjort greie for i dei føregåande kapitla er målet med denne studien å analysere fire utvalde tekstar. Gjennom analyse av tekstane frå dei to aktørane i vindkraftdebatten er det forsøkt å eksponere diskursane som er del av diskursordenen i vindkraftdebatten. Vidare vert det undersøkt kva makttilhøva mellom aktørane i debatten har å seia for diskursane, og korleis diskursane bidreg til å stadfesta makttilhøva mellom aktørane. Moglegheitene til medverknad er ei sannsynleg kjelde til maktubalanse i vindkraftdebatten.

Vindkraftsaker vert, som synt i kapittel 2, handsama etter Energilova. Vindkraftutbygging vert dermed fritaken frå den lovpålagde medverknaden som vanlegvis er sikra i planarbeid gjennom pbl. Praktiseringa av lovverket når det gjeld tilhøvet mellom pbl og Energilova, fører slik til at vindkraftutbyggerane har eit ess i ermet overfor kommunar og innbyggjarar når nye vindkraftverk skal etablerast. Reduserte medverknadmoglegheiter gjer det difor truleg lettare for utbyggerane å definere kva som skal vera utgangspunktet for debatten. Denne definisjonsmakta bidreg til å gje utbyggerane eit maktovertak. Denne ubalansen i makttilhøva gjer det naturleg å analysere tekstane med ein underliggande tanke om å avdekke om ulike syn på medverknad i planlegginga kan tolkast ut av diskursen. Eventuelle skilnadar i synet på medverknad kan kanskje gi ein peikepinn på noko som hindrar ein konstruktiv debatt. Studien set lys på korleis den offentlege debatten vert ført.

Diskursanalyse bygger på eit fortolkande vitskapssyn, som ein kontrast til den delen av samfunnsvitskapen som bygger på det positivistiske idealet. I dette ligg det ein skepsis til årsaksforklaringar. Analysen dreier seg ikkje om årsak og konsekvens, men snarare om korleis dominerande tankesett vert konstruerte, oppretthaldne og utfordra. (Bratberg, 2017, s. 58) Språk brukt på rett måte kan trekke meiningsbrytinga over i ein bestemt diskurs.

Diskursanalysen er i utgangspunktet ikkje meint å analysere retoriske grep, men heller korleis diskursen er sett saman. Han søker å løfta fram dei ulike alternative representasjonane av røynda som diskursen omgjev seg med, og korleis styrketilhøva mellom ulike diskursar ser ut. Analyse av retoriske grep er ein måte å bevege seg inn i diskursane i debatten på.

Målet med denne analysen er å studere vindkraftdebatten gjennom dei konkurrerende diskursane som vert nytta av to av aktørane som har gjort seg synlege i debatten for og mot vindkraftutbygging, Norsk Vind og Motvind. Tekstane vart publiserte av dei respektive

aktørane i januar og februar 2020, og må reknast som eit augeblikksbilete av debatten. Diskursane kjem mellom anna til uttrykk tekstuelte i kva tilnærmingar som vert nytta til makt. Det er dei språklege verkemiddela som er vegen inn i diskursane. Fairclough sine reiskap for analyse av tekstane er interaksjonell kontroll, etos, metaforar, ordval og grammatikk. Fairclough er likevel tydeleg på at analysereiskapane må tilpassast, og det er stort rom for å endra reiskapane til formålet (Jørgensen & Phillips, 1999, ss. 93-98). Denne studien tek utgangspunkt i desse reiskapane i analysane, men gjer nokre tilpassingar.

Analysen startar på makronivå med eit overordna blick på makttilhøva mellom aktørane bak tekstane. Vidare snevrast fokuset inn mot interaksjonell kontroll. Deretter vert diskursane som aktørane legg til grunn utleide og diskurshegemoniet gjort greie for. Så vert det undersøkt korleis aktørane legitimerer standpunkta sine gjennom diskursane, før appellformene i diskursane vert gjort greie for. Alle dei nemnde analysenivåa over høyrer til *den sosiale praksisen*. *Dei sosiale hendingane*, mikrostrukturar i form av ordval og grammatiske grep, vert undersøkt til sist. Makttilhøva i vindkraftdebatten er *den sosiale strukturen* som dannar bakteppe for analysane.

Her følger ei utgreiing av makttilhøva mellom aktørane bak dei analyserte tekstane. Eitt av hovudmåla med denne studien er å avdekka makt i språket, korleis makta vert nytta i diskursane i tekstane, og korleis dette påverkar debatten. Dei eksisterande makttilhøva legg grunnlaget for å forstå korleis og kvifor debatten har teke den retninga den har.

Makttilhøvet mellom aktørane

Motvind er ein ung organisasjon som framleis står i ein slags konsolideringsfase.

Organisasjonen er ei samanslutning av fleire ulike grupperingar, og sjølv om målet er sams, synast det frå utsida som at organisasjonen ikkje heilt har klart å einast om korleis målet skal nåast. Meiningsmotstandaren, Norsk Vind, er derimot ein etablert organisasjon. Dei er eit selskap som har ein uttalt agenda om å bygga ut meir vindkraft. Når konsesjonar er gjevne har utbyggerane staten i ryggen når dei arbeider vidare med planane om utbygging. Det er rett nok fleire premiss som skal oppfyllest, men gjennom tildelte konsesjonar har dei i utgangspunktet staten i form av OED og NVE si godkjenning til å gjennomføra utbygginga.

Norsk Vind vil i kraft av å vera eit etablert selskap, og av å støtta seg på vedtak gjort av statlege organ, kunna seiast ha eit visst maktovertak. Denne makta kan dei nytta til å gjennomføra utbyggingar og inngrep mot vindkraftmotstandarar og kommunar sin vilje. Slik har utbyggerane hatt eit hegemonisk overtak i debatten, og dei har vore i posisjon til å kunna definera diskursen. Gjennom diskurshegemoniet har dei kunna bidrege til å oppretthalda maktovertaket. Motvind som ein interesseorganisasjon med mål om å stoppa vindkraftutbygging, men utan reell gjennomføringsmakt, vil i så måte kunna karakteriserast som den svakare parten i denne samanhengen. I kva grad Motvind har gjennomføringsmakt vil rett nok kunna diskuteras, dei kan aksjonera på mange ulike måtar, men dei har ikkje dei same finansielle musklane som Norsk Vind, og dei har heller ikkje dei politiske musklane til dei statlege organa. Etter vindkraftmotstandarane si organisering kan det etter kvart sjå ut som at dei, trass i ein svakare maktposisjon, har byrja å utfordra hegemoniet. Likevel vil det fortsatt kunna definerast at det finst ein maktubalanse mellom partane.

Denne maktubalansen mellom vindkraftutbyggerane, med NVE og OED i ryggen, og vindkraftmotstandarane kan sjåast på som ein «social wrong» jamfør Fairclough. Dette er lagt som premiss for analysen av tekstane i denne studien.

Kampen om interaksjonell kontroll

Dei analyserte tekstane er henta frå det som kan karakteriserast som to motpolar i den norske vindkraftdebatten; vindkraftutbyggingselskapet Norsk Vind og interesseorganisasjonen mot vindkraftutbygging Motvind. Aktørane sine utgangspunkt for å delta i debatten er med andre ord svært ulike. For å ta grep om debatten er det eit vesentleg poeng for dei ulike aktørane at debatten bygger på premiss som opnar for at nett deira argumentasjon er relevant. Den diskursen som aktørane nyttar må tilpassast temaa som vert debattert. Det kan òg snuast på og seiast at diskursen påverkar kva tema som vert debatterte, og korleis desse vert debatterte.

Den som evnar å leggja premissa for debatten, har gode moglegheiter til å styra debatten i si retning. Om dette nyttar Fairclough omgrepet *interaksjonell kontroll* som handlar om å setja dagsorden. I den interaksjonelle kontrollen ligg det makt til å ta kontroll over kva som vert debattert, og eventuelt kva som ikkje vert debattert. Å ha den interaksjonelle kontrollen kan difor føra med seg moglegheita til å oppretthalda eller å overta det diskursive hegemoniet i debatten.

Intertekstualitet og interdiskursivitet er markørar som kan bidra til å seia noko om tekstane i høve den interaksjonelle kontrollen. Intertekstuelle relasjonar dreier seg om det lingvistiske nivået, sosiale hendingar, medan interdiskursive relasjonar dreier seg om diskursane, den sosiale praksisen. Ein tekst syner gjerne til andre tekstar, eksplisitt eller implisitt, og plasserer seg i høve desse. Omgrepet intertekstualitet dreier seg i så måte om i kva grad tekstane syner kopling til andre tekstar. Anten fungerer denne visinga som støtte til eigne synspunkt, eller så kan visinga nyttast for å syna avstand til bodskapet som den andre teksten ber. Det nært slekta omgrepet interdiskursivitet syner til når teksten trekk på fleire diskursar, og element frå fleire diskursordenar saman dannar ein ny diskurs. I følge Skrede (2016, s. 53) er lite intertekstualitet og interdiskursivitet eit teikn på stabilitet innanfor ein diskursorden, medan det motsette tyder på eit felt i endring. Under følger ein kort presentasjon av tekstane, deira sosiale praksis og forsøk på å ta interaksjonell kontroll. På bakgrunn av dette vert hovuddiskursane til aktørane bak dei analyserte tekstane utleidd.

Tekst 1 «Norsk Vind setter opp Norges største klimaklokke»

Den første analyseteksten, «Norsk Vind setter opp Norges største klimaklokke», vart sendt ut som ei pressemelding og publisert på Norsk Vind sine heimesider 13. januar 2020. Teksten har form som ei typisk pressemelding, kor dagleg leiar i Norsk Vind, Per Ove Skorpen, vert sitert i intervjuform med spørsmål og svar. Mottakar for teksten er ikkje eksplisitt uttrykt, men teksten gjev inntrykk av å venda seg til dei som er for vindkraft, eventuelt dei som ikkje har gjort seg opp ei meining. Dette kjem mellom anna til uttrykk når vindkraftmotstandarane vert kalla høglytte. Bruken av dette adjektivet indikerer at Norsk Vind ikkje har til hensikt å overtyda denne delen av befolkninga, då dette truleg kan oppfattast som ein provokasjon. Forfattarstemmen er ikkje til stades i teksten. Det kjem ikkje fram om teksten er skriven av tilsette i Norsk Vind eller av tekstforfattarar frå reklamebyrået Try, som har utarbeidd reklamekampanjen. I og med at teksten er publisert og sendt ut av Norsk Vind, må ein uansett kunna gå ut frå at teksten representerer Norsk Vind sine synspunkt og meiningar.

Det vert nytta nokre intertekstuelle referansar i teksten, med har ulik reell tyngd. Referansane til FN og Paris-avtalen vendar mottakaren sitt blikk mot Noreg sine forplikingar i internasjonale klimatilhøve og bygger truverd med hjelp av ekspertkjelder. Referansen til «vindkraftnå.no» forsøker tilsynelatande på det same, men er av ein annan kvalitet. Teksten refererer til reklamekampanjen «vindkraftnå.no» si heimeside for utfyllande informasjon. Referansen viser tilsynelatande til ei ekstern kjelde, kor lesaren kan få stadfesta innhaldet i «Norsk vind setter opp Norges største klimaklokke». I realiteten er referansen ikkje til ein ekstern ekspert, men til ein nettstad med same sendar som *Tekst 1*, Norsk Vind sjølv.

Dagsorden i «Norsk Vind setter opp Norges største klimaklokke» vert sett ut frå premissa teksten legg for kva debatten dreier seg om. Motivet i teksten sirklar kring ei gigantisk nedteljingsklokke plassert ved Høg-Jæren vindpark som fortel kor mykje det hastar å gjera noko med klimautfordringa. Teksten hevder at vindkraftdebatten tek for lang tid:

-Klimaet har ikke tid til å vente på at vi skal debattere ferdig, sier Per Ove Skorpen, daglig leder i Norsk Vind.

[...]

-Det er et problem at imens krangelen om vindkraft raser og utbygginger stoppes eller utsettes, så får vi kortere og kortere tid til å gjennomføre de nødvendige klimakuttene. Vindkraft er helt avgjørende for å løse klimakrisen, og det kan bygges ut nå, sier Skorpen.

Ein viktig premiss i teksten er at vindkraft er løysinga på klimakrisa, og den høglytte krangelen som pågår forseinkar ei utbygging av fornybar energi som klimaet ikkje har tid til å venta på. Klokka understrekar tidsaspektet i debatten og tel ned til 2030, eit «tipping point» for Noreg til å redusera klimautsleppa i høve Parisavtalen, FN og EU sine mål.

Det er låg grad av interdiskursivitet i teksten. Norsk Vind inkluderer til ein viss grad motparten sine argument knytt til konsekvensar for kulturlandskapet: «[...]Skorpen] er helt tydelig på at hensynet til naturmangfold og urørt natur må veie tungt ved utbygging av vindkraft». Norsk Vind sidestiller argumenta mot øydelegging av natur lokalt med andre inngrep i Noreg som òg øydelegg naturen, som veg- og hyttebygging. Parallelt tilbakeviser Norsk Vind dei nemnde motargumenta med noko som Noreg og verda treng endå meir; rein energi. Norsk Vind forsøker å ta interaksjonell kontroll ved å plassera fokuset på overordna klima- og miljøutfordringar på eit internasjonalt nivå, og samstundes antyda at dei lokale omsyna er for svake til å nå gjennom.

Tekst 2 «Klimaklokka settes opp ved Stortinget»

Teksten «Klimaklokka settes opp ved Stortinget» vart òg sendt ut som ei pressemelding og publisert på Norsk Vind si heimeside. Dette skjedde 19. februar 2020, ein snau månad etter at den første teksten vart publisert. Som *Tekst 1* trekk òg *Tekst 2* intertekstuelt på «vindkraftnå»-kampanjen, og FN og Paris-avtalen. Teksten sin sendar framstår på same måte som i *Tekst 1* kor Skorpen vert sitert i intervjuform. Skorpen kjem tilsynelatande i større grad enn i *Tekst 1*, motstandarane i møte, og seier til dømes at det er fleire stadar det ikkje bør settast opp vindturbinar. I tillegg syner teksten til engasjementet kampanjen har skapt hjå den delen av befolkninga som ikkje ynskjer vindkraft. Likevel ber *Tekst 2* òg preg av å venda seg til vindkrafttilhengjarar eller dei som ikkje har teke stilling i debatten. Dette skuldast måten reaksjonane frå vindkraftmotstandarane vert avfeia. Dei har merka seg at kampanjen har vekt stort engasjement, og at reklamen har blitt skulda for å vera skremmande for barn. Kritikken mot reklamekampanjen «vindkraftnå.no» vert møtt med at «[...] klimaendringene er skremmende for alle [...]». Denne uttalen om at klimaendringane er skremmande for alle kan framstå provoserande, då uttalen grensar til sarkasme og ei ovanfrå-og-ned-haldning. Det var nemleg ikkje sjølve trugselen om klimaendringar som gjorde at Forbrukartilsynet meinte reklamefilmene var skremmande, men verkemidla som vart nytta. Filmene har dunkel lyssetting og dramatisk musikk som ofte vert assosiert med spennings- og skrekkfilm. Det

var dette Forbrukartilsynet reagerte på då dei bad Norsk Vind gjera endringar så filmene ikkje skulle verta viste for barn, ikkje bodskapet. (Forbrukartilsynet, 2020)

Skorpen uttaler at dei har forståing for det store engasjementet kampanjen har vekt blant dei i befolkninga som ikkje ynskjer utbygging av vindkraft. Svaret hans på dette er at klimaendringane er skremmande for alle, og dei fleste ynskjer å få bukt med dei verste konsekvensane av klimaendringane. Spesielt gjeld det den yngre delen av befolkninga, og han avsluttar med at klimaklokka støttar ungdommens klimabrøl for handling. Slik vrir han debatten til å handla om engasjement for eller mot klimatiltak, ikkje for eller mot vindkraft.

Teksten fortel at Norsk Vind si klimaklokke har vore godt synleggjort gjennom reklamekampanjen, «Vindkraftnå.no». No har ei stor klokke som tel ned mot 31.12.2030, tidspunktet då Noreg i følge Parisavtalen skal ha redusert klimagassutsleppa med 40%, blitt montert ved Egertorget. På same måte som i *Tekst 1* vert det her poengtert at den store klokka som er sett opp skal symbolisera tidsnauda.

Norsk Vind erkjenner at utbygging av vindkraft er omstridt, men sier at konsekvensene av klimaendringer er mye verre. Vindkraft er en del av løsningen når fossil energi skal erstattes med fornybar og ren energi. Parallelt med at debatten om hvor det skal bygges vindkraft raser, tikker klokka ubønhørlig mot alvorlige klimaendringer.

I tekstutdraget over forsterkar Norsk Vind tidsnauda etablert i *Tekst 1* ved å erkjenne at vindkraft er omstridt, men samstundes seia at konsekvensane av klimaendringar er så alvorlege at vindkraft er naudsynt. Eit anna tydeleg grep som her vert gjort i høve å ta interaksjonell kontroll er at Norsk Vind seier rett ut at debatten handlar om kvar det skal byggast, ikkje om det skal byggast ut vindkraft.

Samstundes som dei fortset å legga som premiss at det er klimasaka debatten handlar om, er plasseringa av klokka eit nytt moment i den interaksjonelle kontrollen frå Norsk Vind. Norsk Vind uttrykker ei bekymring for at folk ikkje har tenkt over kor kort tid det er til 2030: «-Jeg tror ikke folk har tenkt over hvor kort tid det egentlig er igjen, sier Per Ove Skorpen, daglig leder av Norsk Vind». Klimaklokka er meint å tydeleggjera bodskapet om at det må byggast ut fornybar energi, og at det ikkje er tid til debatt.

Gjennom å poengtera kor viktig staden dei har plassert klokka på er, ynskjer dei truleg å understreka kor viktig bodskapet deira er. Dei legg vekt på at klimaklokka er plassert i eit knutepunkt for avgjerdstakarar, politikarar og folkeleg engasjement. Dei uttrykker misnøye med at regjeringa har stilt konsesjonssystemet for vindkraft på vent samstundes som dei kjem med lovnadar overfor FN som krev endå raskare satsing på fornybar energi. Dei er kritiske til at regjeringa har gått til dette skrittet på grunn av motstanden mot utbygginga den seinare tida. Ved å seia at klokka har blitt plassert nært staden politiske avgjerder vert tekne, ynskjer dei truleg å påverka, i tillegg til å signalisera at dei kan påverka, politikken i si retning.

Tekst 2 har som *Tekst 1* noko innslag av intertekstualitet og interdiskursivitet. Dette kjem i form av referansar til motstandarane sin argumentasjon om naturmangfald og engasjementet vindkraftnå-kampanjen har skapt. Norsk Vind nyttar stadig FN og Noreg sine forpliktingar på klimaområdet som referanse for kva debatten handlar om. Skorpen er klar på at omsynet til naturmangfald og urørt natur må vega tungt ved utbygging av vindkraft, og at det finst legitime argument mot vindkraft. Han uttalar òg at det er område det ikkje bør settast opp vindturbinar. Inkludering av delar av meiningsmotstandarane sitt syn er nytt i denne teksten samanlikna med den førre, men målet for argumentasjonen er den same; igjen vert det poengtert frå Norsk Vind at det viktigaste er at Noreg og verda aukar produksjonen av rein energi. Dei argumenterer med at samfunnet ikkje har råd til å stoppa. I tillegg vert ungdomens klimabrøl trekt inn som ei intertekstuell referanse for å støtta opp om Norsk Vind sitt standpunkt. Fokuset vert igjen vendt mot det overordna perspektivet; det er klimaet som må reddast. På denne måten gjer Norsk Vind forsøk på å ta interaksjonell kontroll ved å dreia debatten frå å handla om vindkraft i det heile teke skal byggast ut, til *kvar* vindkrafta skal byggast ut, og endar i ei repetisjon av at vindkrafta må byggast ut med belegg i klimakrisa. Trass i at eitt av Motvind sine argument om plassering av vindmøller eksplisitt vert møtt i «tekst 2», forsøker Norsk Vind å kontrollera debatten ved å styra han over mot det allereie etablerte klimaargumentet.

Tekst 3 «Intenst»

Tekst 3 «Intenst» vart publisert 2. februar 2020 som ein vekerapport frå styreleiar på Motvind si heimeside. I motsetnad til dei føregåande tekstane har dermed *Tekst 3* ein definert forfattar som er til stades i teksten, nemleg styreleiar Eivind Salen. Mottakarane her er lesarane av vekerapporten, truleg vindkraftmotstandarane, medlemmane i Motvind, og kan henda dei som

kan tenkast å bli medlemmar. Han vender seg til sine egne og nyttar «oss» og «vi» til å inkludera lesaren.

Tekst 3 formidlar at Motvind står midt i ein prosess kor dei dei bygger organisasjonen parallelt med at dei kjempar kampen mot vindkraftutbygging. Situasjonen er beskriven som intens fordi det er nett no i dette tidspunktet at kampen står. Dei må kjempa mot staten i form av NVE og OED, som attpåtil har erklærte vindkrafttilhengande regjeringsmedlemmar i ryggen. NVE og OED vil ikkje vika ein tomme, og alle klagar og forsøk på å stoppa vindkraftprosjekta vert avviste. Dette gjer at det berre må mobiliserast endå meir, og dei må gjera det som er rett. Salen skriv at Motvind må eksponera kva som skjer; at lokaldemokratiet vert overkøyr. Statsmakta bryt loven eller lukkar auga for lovbrota som i følge Motvind skjer i vindkraftsakene. Han kallar det lovause tilstandar. Motvind forsøker her å ta interaksjonell kontroll ved å definera at kampen står om rett og galt. Dei gode, vindkraftmotstandarane, mot dei vonde, vindkrafttilhengarane som har statsmakta i ryggen.

Dei intertekstuelle referansane er nytta til å illustrera kor heftige nederlaga er, og synleggjer samstundes motstandarane sine singlar som eit bilete på intensiteten Motvind opplever. Klagesaka mot Vardafjellplanane og OED sitt avslag på denne er i følge teksten prov på at næringsinteressene i vindkrafta har alliert seg med statsmakta. NVE let utbyggar syta for at lover og reglar vert følgde. Vidare vert det hevda at NVE og OED både utfører og skjuler lovbrøt, samstundes som dei beskyttar kvarandre. Når folk skjønar kor ille dette er vil dei verta einige med Motvind.

Vidare er det ei referanse til NRK sine nyheiter 31. januar, der vindkraftmotstandarar vert skulda for lovbrøt. NRK vinklar i følge *Tekst 3* vindkraftsaka til stadig å handla om vindkraftmotstandarane sine lovbrøt. Vindkraftmotstandarane er definerte av NRK som «usiviliserte og udanna», men deira lovbrøt står ikkje i høve til statsmakta og vindkraftutbyggarane sine lovbrøt. Likevel er det i følge Salen dette media fokuserer på. Motvind må ut og svara for handlingar som dei ikkje står bak, og heller ikkje syns er greie. Dei kjenner seg urettferdig behandla, men dei gjev seg ikkje, og held fokus. Det vert sagt at det liknar eit mønster at skadeverk kjem fram når vindkraftutbyggarar er pressa, eller vil ha gjennomslag for noko. Dei insinuerer dermed at skadeverket anten vert nytta som medvite pressmiddel når det trengst, eller at utbyggarane sjølv står bak skadeverket.

Teksten fortel vidare at Motvind har utfordringar med organiseringa i oppstartsfasen, men dei er tusenvis som står saman. Motvind meiner at NVE og OED ikkje har tenkt over kva som vil verta konsekvensane av alle konsesjonane dei har gitt, og dei er pressa på alle kantar. Motvind uttrykker alvoret dei ser i situasjonen, gjennom å kalla vindkraftutbygginga for ei krise i moderne norsk historie.

Tekst 3 syner fleire døme på intertekstualitet og interdiskursivitet. Det vert synt til statlege vedtak som går mot Motvind sine syn i vindkraftsaka, og teksten syner til NRK sine nyheitssaker som vinklast mot vindkraftmotstandarane. Desse referansane nyttar Salen til å plassera Motvind i ein «underdog»-posisjon. Kreftene dei kjempar mot er store og dominerande men dei gjev ikkje opp. Dei interdiskursive referansane synast gjennom argument som hentast frå fleire område. Krisa er i følge Motvind både at naturen vert bygd ned og øydelagd, og at kraftrettane og profitten fell på utanlandske hender. Det er i følge *Tekst 3* dette debatten handlar om. Desse referansane støttar opp om motstanden mot vindkraft, og peiker mot ein brei vindkraftsmotstandsdiskurs som er oppteken av feil og lovbrøt som vert gjort av motstandarane.

Tekst 4 «Motvind»

Tekst 4 «Motvind» vart på same måte som *Tekst 3* publisert som styreleiar sin vekerapport på heimesida til Motvind. Denne vart publisert ei veke seinare enn *Tekst 3*, 9. februar 2020. Med andre ord er forfattaren styreleiar Eivind Salen, og mottakargruppa er den same. Teksten refererer til landsstyret sine styrevedtak og den syner til Norsk Vind sin reklamekampanje som vart felt av Forbrukartilsynet for ulovleg marknadsføring som kunne verka skremmande for barn.

Teksten fortel om ein litt rolegare periode, der meiningsmotstandarane ikkje har vore like aktive. Meiningsmotstandarane er «vindkraftbusinessen» med lobbyen sin, beståande av partia, ungdomspartia, media, interesseorganisasjonar, delar av miljøørsla og delar av LO og NHO. Motvind nyttar høvet til å erklæra at det er no det skal kjempast. Det er mektige krefter Motvind kjempar mot, og dei plasserer seg i ein posisjon som den svakaste parten. Dei er grasrota som kjempar mot overmakta.

Samstundes fokuserer denne teksten og på støtta som Motvind har. Landsstyret i Motvind har hatt styremøte, i ein av deira allierte sine lokale; Støyforeningen. Med å leggja vekt på dette er

det grunn til å tru at Motvind vil syna at dei ikkje står heilt åleine. Det er nokon som kjempar saman med dei. Støyforeningen er i følge teksten oppteiken av folk sitt ve og vel, i motsetnad til alle vindkrafttilhengande parti og deira støttespelarar. Argumentasjonen glir over i ei oppmoding; det er lettare å kjempa mot overmakta om ein er mange. Teksten oppmodar eksplisitt lesaren om å melda seg inn og verva andre.

På den andre sida skriv styreleiaren at landsstyret har sprikande meiningar om kva middel som skal nyttast for å nå målet, men det skal nåast. Detaljane frå landsstyremøtet er ikkje eigna for publisering. Denne tvitydige uttala impliserer at lesaren kjenner til usemjene som har vore på styremøtet, og det kan sjå ut som at Salen har eit behov for å kommentera dette, og stilla ei eventuell uro knytt til detaljar som ikkje er eigna for publisering.

I fortsetjinga syner teksten til Forbrukartilsynet sin konklusjon om at Norsk Vind sin reklame var ueigna og kunne virka skremmande på barn, og seier at dette var eit vedtak i Motvind si retning. Teksten fortel at Norsk Vind har bedt om statleg ekspropriasjon i samband med realiseringa av vindkraft på Skorveheia og Faurefjell. Dette er i følge Motvind ikkje i tråd med lova, og NVE må snu, elles kan det koma store søksmål. Vidare vert det peika på at Motvind skriv fleire høyringsuttalar, og meiner at dei kan synleggjera at lovar vert brotne.

Eksplisitt namngjeving av stadar som er råka av vindkraftutbygging er med på å vekka kjensler hjå lesaren: «Konkrete saker denne uken var Tysvær, Skorveheia og Faurefjell [...]». Dette har ein klar patosappell for vindkraftmotstandarar som har kjensler for og kjærleik knytt til desse stadane. På denne måten tydeleggjer Motvind at dei har kontakt med grasrota. Det er dei som er grasrota, medan motparten deira er storkapitalen og næringsinteressene. For Norsk Vind er det dei lokale vindkraftdebatten handlar om. Det må kjempast mot utanlandske eigarar og at kraft skal sendast ut av Noreg. Og for å klara dette trengst det medlemmar som spreiar budskapet, og som støttar kampen.

Tekst 4 har dei same interdiskursive referansane med argumentasjon frå fleire ulike område som *Tekst 3*. Dei intertekstuelle referansane er derimot fleire. Det vert synt til høyringar som Motvind svarar på, det vert synt til Terra-saka, eigne styrevedtak, vedtak i Forbrukertilsynet og grunnlova. Som i *Tekst 3* vert dei intertekstuelle referansane nytta til å styrka truverdet til eigen, eller svekka motstandarane sin argumentasjon. Gjennom å plassera seg i krysninga mellom motgang og støtte forsøker Motvind å ta interaksjonell kontroll på vindkraftdebatten.

Dei gjev uttrykk for å vera den svakaste parten i debatten, men kan samstundes melda om små sigrar, samhald og støtte.

Gjennomgangen over syner at aktørane har ulike fokus, ulik sosial praksis, og ulike forsøk på interaksjonell kontroll. Dei dreg med andre ord på ulike diskursar. Tekstane er ikkje meint for same publikum, og om ein ser på den underliggande argumentasjonen, finn ein at dei tek ulike utgangspunkt. Medan Norsk Vind har dårleg tid på grunn av klimaendringar som stadig kjem nærare, har Motvind fleire fokus, mellom anna på øydelegging av lokal natur, på prosessen og på debatten i seg sjølve. Dei er opptekne av kva verknadar vindmøllene får på lokalmiljøa og den norske naturen. Motvind nyttar lita tid på å kommentera klimaendringane som den andre aktøren nyttar som hovudargument. Dei verkar å ikkje anerkjenna dette som den legitime årsaka til at utbyggerane vil ha vindmøller. Dei trekk i tvil intensjonane til Norsk Vind, og meir enn insinuerer at det ligg motiv om økonomisk profitt bak, noko Norsk Vind på si side ikkje kommenterer i sine tekstar.

Dei relativt få intertekstuelle og interdiskursive referansane i Norsk Vind sine tekstar skulle her tilseia at det er stor stabilitet innanfor diskursordenen vindkraftdebatten. Om ein ser på tekstane frå Motvind, så ser biletet noko annleis ut. Motvind har høgare intertekstualitet og interdiskursivitet. Dette peiker mot at stabiliteten i diskursordenen likevel ikkje er så stabil. Om diskursordenen vindkraftdebatten vert delt i to diskursar, ein for og ein mot vindkraft, vil det framstå ganske klart at argumentasjonen på tilhengarsida er relativt samstemd. Ser ein derimot på motstandarsida er det her mange ulike argument som vert nytta. Løfter ein blikket og ser på tekstane frå begge partane, er det tydeleg at dei vel å la debatten handla om kvar sine tema. Dei kommenterer i svært liten grad motdebattantane sine argument, og let seg tilsynelatande i liten grad påverka av desse argumenta. I debatten tek begge aktørane utgangspunkt i sine eigne diskursar, og argumenterer nesten utelukkande innanfor desse. Aktørane syner teikn til at dei har til dels sprikande oppfatningar av røynda, og ingen av dei verkar å vera villige til å anerkjenna den andre sine premissar for debatten. Utfordringa er at dette fører til at dei ikkje møtast i ein reell debatt. Tabellen i *Figur 8* under syner dei utleidde premissa aktørane legg til grunn i forsøka på å ta interaksjonell kontroll:

Norsk Vind	Motvind Norge
Det må byggast ut vindkraft fordi: -vindkraft er del av løysinga på klimaendringane. -klimaendringane gjev oss tidsnaud og vindkraft kan byggast ut no.	Det må ikkje byggast ut vindkraft fordi: -vindkraft øydelegg naturen -vindkraft fører til støy, forureining og andre ulemper for naboar og innbyggjarar -vindkraftutbyggerane er profittjegerar -norske ressursar ikkje skal ha utanlandsk eigarskap

Figur 8 Premiss aktørane legg til grunn i forsøka på å ta interaksjonell kontroll

Desse premissa dannar grunnlag for å utleia diskursane som vert lagt til grunn i denne studien:

Norsk Vind

Diskursen Norsk Vind legg som premiss for debatten dreier seg om klimaendringane og korleis vindkraft kan bidra til å bremsa desse. Denne diskursen vert vidare i studien referert til som «klimadiskursen». Den klimafokuserte diskursen støttar seg på overordna klimamål og forskinga som seier at verda står ovanfor store negative verknadar som følge av menneskeskapte klimaendringar. Sitatet, «Vindkraft er helt avgjørende for å løse klimakrisen[...]» frå *Tekst 1*, er karakteristisk for diskursen.

Motvind

Motvind nyttar fleire diskursar i sin kommunikasjon. Den første diskursen som er utleidd i denne studien er tufta på naturvern. I denne ligg det fleire lag av konsekvensar for naturen, både plante-, fugle- og dyreliv. Denne diskursen vert i denne studien kalla «naturverndiskursen». Sitatet, «De [...] har ødelagt norsk natur [...] på veien.» er eit døme frå *Tekst 4* der «naturverndiskursen» vert eksponert.

Vidare nyttar dei ein diskurs som baserer seg på visuelle og praktiske ulemper for menneske, men òg støy- og forureiningsproblematikk. Denne kjem til dømes til uttrykk slik i *Tekst 4*: «Statlig ekspropriasjon og statlig arealplan [...]gjør] naboene til ødelagte mennesker.» Denne diskursen har fokus på ulemper og negative verknadar for naboar til vindkraftverka og innbyggjarar som vert direkte råka av utbyggingane. I denne studien vert denne referert til som «miljødiskursen».

I tillegg til «naturverndiskursen» og «miljødiskursen» nyttar Motvind òg det som i fortsetjinga kallast for den «antikapitalistiske diskursen». Den «antikapitalistiske diskursen» syner ei negativ haldning til dei økonomiske fordelane og gevinstane som vindkraftutbyggarane potensielt sit att med. I tillegg legg denne vekt på at fleire av vindkraftanlegga vert eller kan verta selde etter etableringa og dermed får utanlandsk eigarskap. Eit døme som illustrerer denne diskursen godt er følgande sitat frå *Tekst 4*:

Vi er mer opptatt av at de som står bak reklamen, milliardsselskapet Norsk Vind AS, akkurat nå krever statlig arealplan og ekspropriasjon av eiendom for å realisere Skorveheia og Faurefjell vindkraft. Begge skal øyeblikkelig selges til utlandet, og kraften skal også eksporteres til utlandet.

Alle dei tre diskursane til Motvind fannar vidt, og det kunne tematisk vore utleidd fleire diskursar i tekstane. Slik diskursane kjem fram i dei analys materialet har dette ikkje vore naudsynt. Dei diskursane som har vorte utleidd eksponerer makttilhøva godt, og gjev dermed tilstrekkeleg grunnlag til å gjennomføra vidare analysar.

Her kan det sporast ei sterkare grad av profesjonell tilnærming frå Norsk Vind si side, medan Motvind har ei meir uryddig tilnærming i sin argumentasjonen. Motvind framstår ikkje som profesjonelle, med det meinast det at dei har ei meir folkeleg tilnærming. Dette inneber ikkje at argumenta i seg sjølv naudsynlegvis er noko dårlegare enn motstandarane sine. Medan Norsk Vind har eitt hovudtema som dei nyttar ein kvar sjanse til å framheva, vert Motvind sitt budskap spreidd utover og argumentert for med mange ulike tilnærmingar. Engasjementet er stort, og det er mykje som vil seiast. Slik kan det opplevast som om kommunikasjonen til Motvind druknar litt i mengda av sine egne argument.

Neste delkapittel gjer greie for den hegemoniske kampen som går føre seg i vindkraftdebatten.

Makttilhøve og hegemoni

Denne studien har mellom anna som mål å finna ut om aktørane syner teikn til medvit rundt egne maktposisjonar. Korleis vert diskursane nytta til å plassera seg i ein maktrelasjon i høve meiningsmotstandarane?

Klimadiskursen har hatt hegemonisk overtak i vindkraftdebatten over fleire tiår, og har truleg vore den dominerande diskursen heilt sidan den meir omfattande vindkraftutbygginga tok til på 1990-talet. Dette har bidrege til å oppretthalda dei makttilhøva som framleis manifesterer seg. Resultata frå meiningsmålingane det vart synt til i innleiinga peiker mot at «klimadiskursen» etter kvart er i ferd med å tapa det hegemoniske overtaket i vindkraftdebatten.

Det føregår ein hegemonisk kamp om diskursane i vindkraftdebatten. Hegemoniske diskursar er med og definerer korleis aktørane i debatten oppfattar røynda. Omgrepet hegemoni dreier seg om at maktrelasjonar vert utvikla gjennom hegemonisk kamp. Dominerande forståingsrammer kan fort verta tekne for gjevne. I vindkraftdebatten har den diskursive hegemoniske tilstanden til vindkrafttilhengarane vorten oppretthalden gjennom stadig stadfesting gjennom språket. Vindkraft har vore sett på som eit klimatiltak, og dei andre diskursane har ikkje kome fram. Settet av utsegn og praksisar som utgjer klimadiskursen har vorte formaliserte gjennom diskursiv handling. Norsk Vind har over to tiår vore med og definert diskursen, og bidrege til å oppretthalda det diskursive hegemoniet. Likevel verkar det som om motstanden mot vindkraft kom litt brått på dei. Det går an å spørja seg om det langvarige diskursive overtaket har ført til at det ikkje har vorte gjort nok diskursivt arbeid. Dei innrømmer på sett og vis òg at dei har hamna på defensiven, gjennom å slå fast at høglytte motstandarar har fått dominera debatten den siste tida.

Motvind verkar å spela på posisjonen som underlegen i høve motstandarane sine. Dei peiker sjølv ut partia, ungdomspartia, media, NVE, OED, Norsk Vind og mange fleire som meiningsmotstandarar. Dei fortel i *Tekst 4* at «[...]vindkraften og lobbyen deres har fått plassert sine folk og støttespillere uhyggelig mange steder. De har tenkt på alt, ser det ut til.» Slik plasserer dei seg definitivt i ein underlegen maktposisjon i høve dei nemnde motstandarane. Samstundes tenderer dette til konspirasjonsteori. Denne påstanden tek ikkje utgangspunkt i motparten sin argumentasjon og framstår som eit angrep på motdebattantane i form av å skulda motparten for å medvite ha infiltrert dei ulike samfunnsorgana.

Ei mogleg forklaring på kvifor Motvind støttar seg på fleire diskursar i kommunikasjonen kan vera ubalansen i makttilhøva mellom aktørane. Motvind forsøker moglegvis å dra på fleire diskursar for å prøva å få eit overtak på motdebattantane. Spørsmålet er om Motvind gjennom dei harde breie og angrepa gjennom bruk av fleire diskursar er med og motverkar egne

moglegheiter til å ta definisjonsmakt over kva debatten handlar om. Bruken av fleire diskursar gjer det lettare for motparten å kalla vindkraftdebatten for ein krangel og vindkraftmotstandarane for høglytte. Kommunikasjonen frå Motvind vil òg fort kunna oppfattast som støy av andre «nøytrale» partar i vindkraftdebatten, og desse vil òg potensielt verta skyvde bort.

Den «antikapitalistiske diskursen» vert heilt ignorert av Norsk Vind. Denne har dei ikkje interesse av å anerkjenna at finst. Dei registrerer at «naturdiskursen» eksisterer og vel å kommentera denne kort. Argumenta om øydelegging av natur vert kort avfeia med at det er klimaendringane som må stoppast. Motvind på si side ser ut til å ignorera klimadiskursen heilt. Ingen av argumenta frå denne diskursen vert nemnde av Motvind. Slik møtest ikkje argumenta, men vert ytra i den offentlege sfæren utan å verta forsøkt motgått.

Det er hegemonien som gjev moglegheiter til analyse av den diskursive praksisen i den sosiale praksisen «Diskursiv praksis kan ses som et aspekt af en hegemonisk kamp, som bidrager til reproduktion og transformasjon af den diskursorden, den indgår i (og dermed af de eksisterende maktrelationer)» (Jørgensen & Phillips, 1999, s. 88)

Når Motvind vel å forankra kampen om hegemoniet i debatten gjennom fleire diskursar verkar dei å svekka tyngda av sine eigne diskursar. Dei kan tolkast til ikkje å ha trua på eigen argumentasjon når dei vel å gå breitt ut. Motvind ville kanskje stått fram sterkare og med større tyngd om dei hadde stolt på slagkrafta i òen diskurs.

Diskursane speglar den breitt samansette organisasjonen Motvind faktisk er. Det kan sjå ut som Motvind har utfordringar med å støtta seg på berre ein diskurs når interessene til organisasjonen er splitta. Studien har identifisert ein diskurs innanfor diskursordenen som har hatt hegemoniet over fleire år. Dette er «klimadiskursen» som framleis vert nytta av Norsk Vind. I tillegg kjempar Motvind for å overta hegemoniet. Utfordringa til Motvind er at dei ikkje har klart å einast om ein intern hovuddiskurs. Dei kommuniserer med minst tre ulike diskursar. Éin diskurs dreier seg om konsekvensane for naturen i lokal målestokk, éin dreier seg om påverknad på lokalmiljøet og naboar til vindkraftanlegga, og éin dreier seg om kven som skal sitta att med verdiane som vert skapte på kostnad av innbyggjarar og norsk natur.

Den svakare maktposisjonen til Motvind i høve vindkraftutbyggarane medverkar truleg til at dei i tillegg til desse tre nemnte diskursane nyttar endå ein diskurs. Denne diskursen dreier seg i hovudsak om å angripa motstandaren. Diskursen er ikkje ein del av diskursordenen som argumenterer for eller mot vindkraft, men forsøker å diskreditere vindkrafttilhengarane. Norsk Vind kommenterer heller ikkje denne diskursen. Alle desse diskursane er likevel ein del av diskursordenen «Vindkraftdebatten». Desse diskursane er i tillegg til å vera ein del av vindkraftdebatten element i, og del av den generelle samfunnsdebatten.

Neste delkapittel gjer greie for korleis dei utleidde diskursane legitimerer aktørane sine standpunkt i debatten.

Standpunkta legitimert gjennom diskursane

Diskursane formar røynda i form av representasjonar eller forståingar av røynda. Desse forståingane av røynda eksponerer seg i tekstane i form av historier eller bilete om aktuelle område. Ein diskurs kan innehalda fleire slike representasjonar. Diskursane som er utleidde av dei analyserte tekstane produserer røynda som er grunnlaget for aktørane, Norsk Vind og Motvind, si deltaking i vindkraftdebatten.

Legitimering av vindkraftutbygging

Klimaendringane kan føra til store og etter kvart dramatiske følger for korleis verdssamfunnet er organisert med omsyn til fordeling av goder og tilgang på naturressursar som til dømes vatn og mat. Dette skuldast at eit endra klima vil kunna gjera noverande grøderike område udyrkbare grunna tørke. Like eins vil det i andre delar av verda kunna verta vanskeleg å driva jordbruk grunna auka frekvens av ekstremvær. Jordbruket må kanskje leggast om til andre vekstar enn dei som tradisjonelt har blitt brukte i eit område då dei lokalklimatiske tilhøva endrar moglegheitene for dyrking. Slike endringar kan òg føra med seg store demografiske flyttingar som kan utfordra stabiliteten i heile verdssamfunnet.

Norsk Vind nyttar diskursen som i denne studien vert kalla for «klimadiskursen» til å legitimera si utbygging av vindkraft. Klimautfordringane er alvorlege, og angår alle. Dette er budskapet til Norsk Vind i vindkraftnå-kampanjen. Gjennom denne kampanjen, som *Tekst 1* og *Tekst 2* er ein del av, forsøker dei å ta grep om diskurshegemoniet. Dette gjev dei sjølv

utrykk for å vera i ferd med å mista i *Tekst 1* i form av setningane: «Fjoråret ble dominert av høylytte vindkraftmotstandere. Nå vil Norsk Vind jobbe for å snu stemningen.»

Vindkraftnå-kampanjen har eit alvor over seg og har stort fokus på tidsnaud, og dette vert understreka med ei stor klokke som tel ned mot det som er peikt ut som vendepunktet. Det må handlast raskt om målet om den naudsynte reduksjonen av klimagassutslepp skal nåast. I følge Norsk Vind er vindkraft ein av nøklane til å løysa den nemnde klimaproblematikken, og i *Tekst 1* legg dei vekt på at vindkraft kan byggast ut raskt: «Vindkraft er helt avgjørende for å løse klimakrisen, og det kan bygges ut nå, sier Skorpen.»

Slik plasserer dei seg i ei nøkkelrolle og peiker på seg sjølve som dei som kan syta for at Noreg opprettheld dei internasjonale forpliktingane sine. Utnytting av vindressursane kan bidra til at Noreg klarer å nå reduksjonen i klimagassutslepp på 40 prosent som regjeringa har forpliktet seg til gjennom Parisavtalen. Norsk Vind avviser ikkje at det finst andre løysingar på utfordringane, men dei hevdar at utan vindkraftutbygging vil ikkje Noreg vera i stand til å klara dei reduserte utsleppa som må til innan fristen har gått ut. Gjennom å hovudsakleg konsentrera seg om éin diskurs, kommuniserer Norsk Vind eit tydeleg budskap. Dei let ikkje fleire diskursar konkurrera om merksemda til mottakaren, men understrekar kor viktig dei meiner budskapet er gjennom å la det få hovudfokuset gjennom heile teksten. Dei legitimerer haldningane til vindkraftutbygginga gjennom det som framstår som profesjonell kommunikasjon.

Legitimering av vindkraftmotstand

Motvind er som tidlegare nemnt ei svært samansett gruppe. Organisasjonen vart etablert etter at fleire lokale vindkraftaksjonistar frå heile landet slo seg saman. Dei skriv i *Tekst 3* at dei ikkje er einige om korleis vindkraftutbygginga skal stoppast, men at dei er einige om at utbygginga må stoppast. Det at Motvind har utspring frå fleire miljø gjer truleg at det er eit spenn i innfallsvinklane til medlemmane om kva som er hovudproblemet med vindkraftutbygging. Dette speglar seg òg i diskursane som vert nytta.

Dei kommuniserer nemleg med fleire diskursar for å legitimera motstanden mot vindkraft. Tidlegare er det utleidd tre ulike diskursar frå dei to analyserte tekstane. Dei nyttar ein diskurs som her kallast «naturverndiskursen» som dreier seg om konsekvensane for natur og dyreliv i lokal målestokk. Anten dette skjer i form av øydelagde biotopar eller fuglekollisjonar. Vidare

nyttar dei ein diskurs her utleidd som «miljødiskursen» som handlar om konsekvensane vindkraftutbygging får for menneska som bur i nærleiken av vindkraftverka. Dette kan til dømes vera visuelle og praktiske ulemper som skuggekast, støy- og forureiningsproblematikk.

Øydelagd natur og øydelagde biotopar er eit stort problem. Den urørte naturen er under press, og dei naturlege leveområda for dyr og planter skrumpar inn. Når menneske gjer inngrep i naturen påverkar det plante- og dyrelivet utan at ein fullt ut veit konsekvensane av det. Kanskje aller mest på lang, men heller ikkje på kort sikt. Dyr- og planteliv påverkar kvarandre, og små endringar kan føra til forskyving av balansen. Relativt små inngrep frå menneske kan føra til ein ubalanse i naturen. Redusert havørnbestand som følge av kollisjonar med vindmøller kan til dømes føra til oppgang i byttedyrbestanden, som igjen fører til nedbeiting av leveområde med påfølgande matmangel for andre dyr.

Det er delte meiningar om i kva grad vindmøller er visuelt øydeleggande. For mange vil vindmøllene vera ingeniørkunst på linje med mange andre menneskeinngrep samfunnet omgjev seg med. Samstundes medfører bygging av vindparkar inngrep i natur- og kulturlandskapet som ikkje let seg fjerna. Støy- og skuggekastproblematikken er først og fremst problematisk for dei som bur nær vindkraftverka, men er alvorlege nok for dei det rammar. Samfunnsnyttige inngrep nær busetnadar vil nær sagt alltid føra med seg ulemper for dei som bur nærast. Tiltak som kraft-, veg-, jernbane- og flyplassutbyggingar har storsamfunnet likevel valt å godta, då dei kjem fellesskapet til gode. Dette vert gjennomført trass i at det i fleire tilfelle påfører større eller mindre grupper av innbyggjarar betydeleg negative konsekvensar.

I tillegg til «naturverndiskursen» og «miljødiskursen» nyttar Motvind òg det som er utleidd som den «antikapitalistiske diskursen». Diskursen målber argument for at det ikkje bør vera slik at enkeltaktørar skal profittera på vindkraftutbygging på kostnad av fellesskapet. Fleire av vindkraftutbyggerane er selskap som har spesialisert seg på å realisera vindkraftverk, som dei etter ferdigstilling gjerne sel vidare med vinst. Begge tekstane til Motvind uttrykker at utbygging av vindkraft strir mot norske lovar, og meiner at NVE og OED bryt lova når dei gjev konsesjonar til utbygging av vindkraft. Krafta som fleire av vindkraftverka produserer er kjøpt opp av internasjonale selskap i form av langsiktige avtalar. Selskap som Google og

Facebook er blant kjøparane som har inngått slike avtalar.⁶ Slik, hevdar Motvind, er ikkje krafta som vert produsert av vindkraftverka naudsynt for å sikra kraftforsyninga i Noreg. Som synt til i kapittel 2 er nett dette eitt av kriteria for at vindkraftutbygginga ikkje skal handsamast etter pbl, men etter Energilova med dei reduserte medverknadsmoglegheitene dette fører med seg.

Motvind argumenterer òg mot utanlandsk eigarskap. Dei uttrykker at når norske ressursar vert utbygde og utnytta bør verdiane i det minste bli verande att i Noreg. Slik er det ikkje i dag. Utanlandske eigarar, hovudsakleg mellomeuropeiske energi- eller investeringsselskap, har kjøpt fleire av vindkraftverka. Per mai 2020 var åtte av dei ti største aktørane innanfor vindkraftproduksjon i Noreg utanlandske, og 61,7 % av den norske vindkraftproduksjonen vart produsert av utanlandsk eigde selskap.⁷

Gjennom å kommunisera med mange diskursar framstår Motvind, som nemnt i førre delkapittel meir utydelege i kommunikasjonen sin. Mottakaren er likevel aldri i tvil om kva budskapet er, men tyngda i kvart av argumenta kan synast å verta svekka når det vert nytta så mange diskursar i kommunikasjonen. Den kritiske haldninga til vindkraftutbygging synast å verta legitimert gjennom å støtta seg på ein brei plattform av diskursar, noko som sikrar at alle interessegruppene i organisasjonen er representerte.

Aktørane støttar seg på diskursane over når dei skal argumentera for synet sitt og overtyda andre. Neste delkapittel går inn i dei retoriske grepa, og gjer greie for korleis aktørane nyttar appellformene, etos, patos og logos, til å overtyda mottakaren.

Kunsten å overtyda; dei tre appellformene

Når nokon skal overtydast om eit budskap kan ein nytta seg av ulike retoriske grep. Kunsten å nytta språket til å overtyda mottakaren om å verta samd med avsendaren, vert ofte knytt til dei tre appellformene som er rekna for å vera særleg overtydande; etos, logos og patos.

Appellformene har sterk samanheng med kvarandre, og er i retorikken rekna for å vera

⁶Nettstaden E24.no publiserte 23. mai 2018 ein sak der fleire utanlandske selskap vert nemnde som kjøparar av kraft frå norske vindkraftverk med langsiktige avtalar. <https://e24.no/olje-og-energi/i/jPynlo/facebook-kjoeper-norsk-vindkraft> Henta 03.12.20.

⁷ NVE fører oversikt over eigarforholda innan kraftproduksjon i Noreg. Oversikten baserer seg på NVE sin vass- og vindkraftdatabase og Skattetaten sine aksjonærregister. <https://www.nve.no/energiforsyning/kraftmarkedsdata-og-analyser/eierskap-i-norsk-vann-og-vindkraft/>

jambyrdige. Etos, logos og patos påverkar om sendaren klarer å overtyda mottakaren om budskapet, og peiker på dugleikar ved hovudelementa i den retoriske situasjonen som gjer at sendaren «[...] fester mer eller mindre lit til budskapet som fremføres» (Bratberg, 2017, s. 130) .

Etos

Truverdet til sendaren av eit budskap og denne sine evne til å overtyda mottakaren er sendaren sin etos. Etozen dreier seg om korleis mottakaren oppfattar sendaren av budskapet sitt truverd og overtydingsevne, og er såleis ei subjektiv oppfatning hjå mottakaren. Etozen kan i utgangspunktet vera sterk eller svak, god eller dårleg. Den innleiande etosen, er truverd og overtydingsevna som formidlaren av budskapet ber med seg inn i teksten. Denne har ikkje med budskapet eller måten dette vert formidla på å gjera, men dreier seg om den subjektive oppfatninga mottakaren har av den som formidlar budskapet. Etozen sendaren har med seg inn i teksten avhenger av mottakaren sitt førehandsinntrykk, og dette påverkar korleis teksten vert oppfatta. Mottakaren vil på bakgrunn av etos-tilhøvet til sendaren nemleg allereie ha gjort seg opp ei meining om innhaldet i det som er budskapet før det vert motteke. Om den innleiande etosen i utgangspunktet er svekka er det svært vanskeleg å oppnå tilslutning til budskapet. På bakgrunn av mottakaren si oppfatning av budskapet og måten dette vert formidla på, vil det dannast ein avleia etos. Denne bygger på den innleiande etosen. Etozen vil verta svekka eller styrkt på bakgrunn av i kor stor grad forfattaren klarer å overtyda mottakaren og framstå med truverd.

I ein debatt kan etos nyttast medvite for å oppnå støtte og tilslutning til eigne meiningar, men det kan og nyttast for å svekka motdebattanten sitt truverd. Til dømes kan det stillast spørsmål ved intensjonane til motparten, for slik å skapa tvil om denne sitt truverd. (Jørgensen & Onsberg, 2008) Det er grunn til å tru at vindkraftmotstandarar i utgangspunktet har svekka innleiande etos overfor vindkrafttilhengarar og vice versa.

Patos

Medan etos dreier seg om truverd og overtydingsevna som formidlaren av budskapet ber med seg, og mottakaren si subjektive oppfatning av den som formidlar budskapet, dreier patos seg om korleis sjølv budskapet vert formidla. «När sendaren söker anslutning gjennom pathos, drar han inn *motagaren* i argumentationen och bygger den kring hennes känslor ock

sinnestilstand i situationen» (Jørgensen & Onsberg, 2008, s. 74) Patos refererer til i kva grad formidlaren av budskapet nyttar kjenslevekkande og -ladd språk for å overtlyda mottakarane. Patos vert rekna som ein naudsynt komponent i språkbruk som skal fungera overtalande. Eit språk som nyttar språklege bilete og referansar kan heva budskapet over eit teknisk-instrumentelt nivå slik at mottakarane let seg overtlyda.

Mens appellen til kjensler under etos påverkar dei mest stabile kjenslene, appellerer ein under patos til dei meir spontane kjenslene. Når mottakarane får stadfesta eigne kjensler gjennom patosappellen kan effekten verta særleg positiv, medan patosappell som strir mot mottakaren sine kjensler og oppfatningar kan gjerne ha ein forsterka negativ effekt på overtlydinga. Dette synleggjer at patosappellen har sterk samanheng med kommunikasjonssituasjonen som skjer mellom teksten og den einskilde mottakaren. Patosappell kan difor vera vanskeleg tilgjengeleg i skrivne tekstar. Dette kan setja krav til at forskaren set seg inn i dei tenkte mottakarane sine stadar og trekk hypotetiske slutningar kring dei ulike mottakarane sine standpunkt. Samstundes kjem patosappell ofte til uttrykk gjennom stil og verdiladde ordval.

Logos

Logosappell spelar på logiske slutningar og på dei godt grunngejevne argumenta. Det språklege uttrykket i logosappellen har eit nøytralt ordval, ein anonym stil og framtoninga er moderat og tona ned. Dei nøytrale og beherska ordvala skal sikra at mottakarane vert overtlydde av budskapet. Ein sendar som forsøker å overtlyda gjennom logosappell forsøker å vera objektiv, halda seg til emnet og konsentrerer seg om saka. «Ensidig logosappell har sin styrke i tankens klarhet och stringens och sin svaghet i pedanteri og långtråkighet» (Jørgensen & Onsberg, 2008, s. 72)

Saklegheitslæra til Arne Næss (1959) er eit døme på ein ide om ein debatt som føreset at standpunkta vert klart formulerte og debatterte. Blomstrande språk og patosfylte formuleringar kjem i følge desse teoriane i vegen for budskapet, og hindrar moglegheitene til å diskutera det som debatten eigentleg handlar om. Om ein ikkje kjem til kjernen av dette, kan aktørane heller ikkje verta omforeinte gjennom overtlyding eller kompromiss. (Bratberg, 2017, s. 132) Kjenneteikna på etosappell vert nærare gjennomgått i avsnitta «Metaforar og symbolbruk» og «Ordval».

Appellformene i Tekst 1 og Tekst 2

For dei tenkte mottakarane av tekstane har Norsk Vind truleg ein sterk etos. Det ser som nemnd i kapittel 6 ut til at mottakarane ikkje primært er meningsmotstandarar, men snarare personar som allereie støttar Norsk Vind eller ikkje har gjort seg opp ei meining. At lesaren vel å lesa saka på Norsk Vind sin eigen nettstad indikerer ei positiv eller nøytral inngang til budskapet. Det at teksten framstår som ein redaksjonell omtale er òg eit forsøk på å styrka den innleiande etosen. Måten dagleg leiar her vert presentert og omtala i 3. person «[...] sier Per Ove Skorpen, daglig leder i norsk vind» gjev uttrykk for at Skorpen er ein ekspert med ei form for autoritet i saka. Gjennom argumentasjon der Norsk Vind nyttar FN og norske forpliktingar som grunnlag for meiningane sine, ynskjer dei å styrka etos overfor lesarane. I dette høvet nyttar avsendaren eksterne ekspertar som grunnlag for sitt eige syn. Tyngda og mynda som FN bidreg med i teksten støtter opp under Norsk Vind sin etos. FN har ei tydeleg og viktig stemme i klimasaka, med eksplisitt uttala krav til halvering av globale utslepp. FN har truleg høg truverd i klimaspørsmål, noko Norsk Vind dreg vekslar på gjennom å formulera seg som ein støttespelar for at FN sine mål skal kunna nåast.

Overfor den gjengse mottakar vil Norsk Vind truleg ha ein sterk etos på grunn av posisjonen som eit etablert selskap. Negativ merksemd i media om vindkraftutbygging og konsekvensar av denne vil bidra til at dei får svekka etos. Di meir negativ omtale som ikkje vert motsagt, di meir svekka vert etos. Klimasaka står sterkt som argument i samfunnet, men er òg omstridd i nokre miljø. Vindkraftmotstandarar vil truleg verta provoserte, snarare enn overtyste, av referansane til Parisavtalen og FN sine mål for reduksjon av klimagassutslepp. Å nytta klimasaka som etos-forsterkar kan difor vera eit tveigga sverd.

Som for *Tekst 1*, vil truleg Norsk Vind ha ein sterk etos overfor dei tenkte mottakarane i *Tekst 2*. Referansane til Parisavtalen med mål om reduksjon av klimagassutslepp bygger på same måte opp under Norsk Vind sine oppfatningar. Samstundes konstaterer Norsk Vind at dei opererer i tråd med ein avtale som utgjer ein tungvektar i klimadebatten. Gjennom å plassera klimaklokka ved Stortinget, på ein viktig og sentral plass, som dei sjølv kallar eit knutepunkt for avgjerdstakarar, politikarar og folkeleg engasjement, ynskjer Norsk Vind truleg å styrka etos gjennom å syna at dei er der det skjer, og har eit viktig budskap. Samstundes understrekar plasseringa at Norsk Vind er uredde og modige, fordi dei er villige til å vekka avgjerdstakarane sine reaksjonar på klokka. Plasseringa av klokka kan sjå ut som eit dristig val med tanke på eventuelle provokasjonar. På den andre sida kan ein seia at plasseringa er

listig, fordi mangel på reaksjonar òg kan tolkast som eit stille samtykke til det Norsk Vind står for. Samstundes er det vanskeleg for nokon i det heile å motseia klokka, fordi ho tel ned mot eit mål som det er politisk semje om at Noreg skal bidra til å nå. I den grad teksten har evne til å påverka mottakarar av teksten som Norsk Vind i utgangspunktet har svekka etos overfor, vil det truleg provosera og svekka etos ytterlegare.

Svaret på kritikken mot reklamekampanjen som skremmande for barn i *Tekst 2*:

«Klimaendringene er skremmende for alle[...]» er eit retorisk grep som grensar til sarkasme overfor vindkraftmotstandarane. Det er grunn til å anta at Norsk Vind veit at det ikkje var sjølve budskapet om klimaendringane som gjorde reklamefilmene kontroversielle, men måten det vart formidla på. Denne formuleringa bidreg truleg til å svekka ein allereie låg grad av etos hjå motparten. Ein kan òg sjå føre seg at Norsk Vind kan oppnå ein svekka etos hjå andre mottakarar av teksten, fordi ei ovanfrå-og-ned-haldning som her kjem til uttrykk, gjerne står fram som usympatisk, òg for dei som i utgangspunktet vurderer Norsk Vind sitt truverd som høgt.

Som nemnd i gjennomgangen av appellformene over heng patosappellen sterkt saman med kommunikasjonssituasjonen som finn stad mellom tekst og mottakar. Mottakaren sin ståstad og haldning til saka og tillit til sendaren, påverkar kva utslag patosappellen vil ha i den einskilde retoriske situasjonen. Patos kjem til uttrykk gjennom stil og verdilada ordval. Tekst 1 og 2 fokuserer på klimadiskursen, og ordvalet i tekstane gjer tilsynelatande eit forsøk på å vekka kjensler hjå klimaforkjemparar gjennom formuleringar som: «-Klimaet har ikke tid til å vente [...]», «[...] gjennomføre de nødvendige klimakuttene» og «Vindkraft er helt avgjørende for å redde klimakrisen» frå *Tekst 1*. I *Tekst 2* finn ein tilsvarande formuleringar «[...] stanse de verste konsekvensene av klimeendringene» og [...ikke kan] vente med å bygge ut meir fornybar energi, men og reine repetisjonar av formuleringane frå *Tekst 1*: «Klimaet har ikke tid til å vente [...]». Føremålet med patosappellen i denne samanhengen verkar å vera det å stadfesta og styrka oppfatninga om at vindkraft er eit klimavennleg alternativ i kraftproduksjonen. I kva grad Norsk vind lukkast med å nå inn med patosappellen og dermed styrka trua på vindkraft som ei miljøvenleg energikjelde hjå lesarane, er avhengig av kommunikasjonssituasjonen, kor den einskilde mottakaren er avgjerande.

På den andre sida er karakteristikken av meiningsmotstandarane i *Tekst 1* som «høglytte vindkraftmotstandarar» ein patosappell som vil vekka, og eventuelt styrka eksisterande,

negative kjensler for dei som vert omtala. Denne provoserande karakteristikken har truleg ein negativ påverknad på dei spontane kjenslene til lesaren som er vindkraftmotstandar. Når Norsk vind likevel medvite vel å nytta formuleringar som har ein patosappell på negative kjensler for meiningsmotstandarane kan det ha samanheng med eit ynskje om å støtta truverdet til sendaren overfor klimaforkjemparar ved å synleggjera at Norsk vind er villige til å «vekke oppsikt» for å redda klimaet. Vindkraftmotstandarar vil truleg og la seg provosera av følgande formulering i *Tekst 2*: «-Jeg tror ikke folk har tenkt over hvor kort tid det egentlig er igjen, sier Per Ove Skorpen, daglig leder i Norsk Vind». Skorpen kjem med ein påstand om at folk, noko som implisitt kan tolkast som lesaren, ikkje har tenkt over kva rolle tidsnauda spelar for debatten. Ein lesar som er motstandar av vindkraftutbygging som løysing på klimautfordringane vil truleg ha eit engasjement for saka og dermed vil påstanden om å ikkje ha tenkt, spontant vekka eller styrka negative kjensler.

Ordvalet i fortsetjinga av *Tekst 2* vil truleg ha same verknad på ein provosert lesar. Det som Motvind i sine tekster karakteriserer som å øydelegga landet og naturen, omtaler Norsk vind som «visuelle ulemper». Ordvalet uttrykker særskilte syn på same utfordring, og fungerer som ei bagatellisering av det motstandarane ser på som eit stort problem. Slik vidarefører ordvalet patosappellen på motstandarane sine negative kjensler gjennom teksten.

Logosappellen er samstundes synleg til stades i tekstane til Norsk vind. Dei intertekstuelle referansane til ulike ekspertkjelder som truleg har høg truverd hjå klimaforkjemparar, har ein logosappell i seg sjølve. I tillegg vert logosappellen styrka gjennom formuleringar som: FN har uttalt at de globale utslippene må være nesten halverte innen 2030 dersom det skal være mulig å stanse de verste konsekvensene av klimaendringene. Norge har i Parisavtalen forpliktet seg til å kutte 40 prosent av utslippene innen 2030.

Her er stilen nøytral og innhaldet prega av faktainformasjon med ekspertreferansar. Til og med i formuleringa «Mye av motstanden mot landbasert vindkraft har handlet om konsekvensene for naturlandskap» som kommentar til motstanden mot vindkraft, legg Norsk vind seg på ei nøytral og sakleg linje. Denne logosappellen kan vera med på å bagatellisera motstandarane sine argument knyta til naturverndiskursen, kor kjenslelada appell frå motstandarane vert møtt med faktainformasjon. Formuleringane i *Tekst 1* og *2* har mange parallellar, og formuleringane knytt til klimadiskursen ber preg av repetisjon frå *Tekst 1* til *Tekst 2*. Den repetitive stilen kan forsterka og poengtera moment som sendaren vurderer som

ein viktig del av sin argumentasjon. Samstundes syner Norsk vind til nyare hendingar som syner utvikling i tidsrommet mellom publiseringa av *Tekst 1* og *Tekst 2*:

Motstanden det siste året har ført til at regjeringa har stilt konsesjonssystemet for nye vindkraftprosjekt i bero. Samtidig meldte regjeringa inn forsterket klimamål under Parisavtalen forrige uke. Dette er mål som krever rask handling og innføring av klimavennlige tiltak som lønnsomt bytter ut fossil energi med ren og fornybar energi.

Norsk vind kommenterer motstanden, men bagatelliserer betydninga av denne gjennom referansar til handlingar av regjeringa og Parisavtalen i seinare tid. På denne måten nyttar Norsk vind seg av ekspertreferansar og stillar seg samstundes saman med ekspertane ved å poengtera at dei er ein del av løysinga som imøtekjem behovet for rask handling og med vindkraft som klimavennleg tiltak for å bytta ut fossil energi med fornybar.

Appellformene i Tekst 3 og Tekst 4

Tekst 3 som vart publisert på Motvind sine heimesider har som tidlegare nemnt ei relativt definert mottakargruppe. Det er mest sannsynleg Motvind sine egne medlemmar, og dei som allereie er motstandarar av vindkraft og er potensielle medlemmar i Motvind. Overfor desse mottakarane har forfattaren truleg ein sterk etos. Sannsynlegvis har dei i utgangspunktet same meiningane, og forfattaren vil ha høgt truverd hjå desse mottakarane. I teksten vert vindkrafttilhengarane kalla for «næringsinteresser» som har alliert seg med «statsmakta». I fylgje teksten overkøyrrer næringsinteressene og statsmakta lokaldemokratiet. Gjennom å setta fokus på kor sterk overmakta er, ynskjer truleg Motvind å styrka etos overfor sine egne gjennom å mana til samhald. Det er «oss» mot «alle dei andre». Karakteristikkane er truleg meint å bidra til å svekka debattmotstandarane sin etos, og styrka eigen. Teksten fortel at motparten gjer katastrofevedtak, overkøyrrer, fråskriv seg ansvar, bryt lovar systematisk, dei har millionløn og tenker seg ikkje om. Såpass klare karakteristikkar med negativt forteikn som vert nytta om den andre sida, er det likevel lite sannsynleg at dei oppnår styrkt etos hjå andre enn dei som dei allereie har med seg. Så utstrekt bruk av etos-appell som vert nytta her kan nemleg slita på etosen, og få motsett verknad av det som vert forsøkt oppnådd. (Jørgensen & Onsberg, 2008) Gjennom eit einseitig negativt fokus på motstandaren svekker dei dermed sitt eige truverd.

Teksten «Motvind» kviler på same etos-plattform som *Tekst 3*. Teksten er skriven til meiningsfellane, og graden av etos overfor mottakarane er høg. Forfattaren nyttar eit patosfylt språk. Dette kan vera med og bidra til å styrka etos overfor meiningsfellane, men det kan òg tilsvarande svekka etos overfor motstandarane. Gjennom å setta seg sjølv i ein underdanig posisjon i høve motstandarane kan ein vekka sympatikjensler, som ikkje berre aukar eigen etos, men òg skapar antipati for og svekkar etos hjå motdebattøren. (Jørgensen & Onsberg, 2008)

Patosappellen i tekstar heng saman med kommunikasjonssituasjonen mellom tekst og mottakar, og vert påverka av mottakaren sitt høve til forfattaren og saka. Stil og ordval er viktige markørar for patosen i teksten. *Tekst 3* og *4* har som hovudbodskap at kampen om vindkraftutbygginga er intenst arbeid, og at denne kampen står no. Ordvala forsøker mellom anna tilsynelatande å vekka kjensler som fører til handling hjå vindkraftmotstandarar ved hjelp av ein personleg stil der mottakarane vert inkluderte i teksten, særleg i *Tekst 4*, i form av formuleringar som: «Men som der ser, vi står her», «[...] så meld dere inn og verv medlemmer [...]» og «Og Motvind – det er oss». Men òg i *Tekst 3*: «[folk med millionlønn...] klager over usiviliserte og udannede vindkraftmotstandere. Som er oss.» Her vert i tillegg avstanden mellom «oss» og meiningsmotstandarane, som i følge teksten nyttar negative skildringar av vindkraftmotstandarane, nytta for å spela på kjenslene til lesaren.

Dei statlege organa, NVE og OED, vert karakteriserte i negative vendingar som: «skriver fra seg ansvaret», «står for lovbruddene eller lukker øynene», «bukken som passer på havresekken», «gjør systematiske lovbrudd som ødelegger landet vårt» i *Tekst 3* og «De har solgt ut norske ressurser i hopetall, for milliarder på milliarder på milliarder, og de har ødelagt norsk natur og norske lokalsamfunn på veien», «Det hjelper ikke med myndighet, når myndighetsutøvelsen er feil» i *Tekst 4*. Dette er patosappell som vekker, eller eventuelt styrkar eksisterande, negative kjensler for dei omtalte organa. Gjennom repetering av narrativet at dei nemnde organa gjer lovbrøt og grove feil understrekar teksten kor graverande forfattaren meiner handlingane deira er. For vindkraftmotstandarar vil patosappellen kunna bidra til å stadfesta oppfatninga av statlege organ som lovbrytarar. Desse karakteristikkane kan derimot oppfattast som provoserande for ein lesar som ikkje er motstandar av vindkraft og ikkje har same oppfatninga av korleis NVE og OED framstår. Slik vil denne ordbruken få motsett verknad på dei spontane kjenslene denne skapar hjå ein meiningsmotstandar.

Det er grunn til å tru at Motvind veit kva strengar dei spelar på når dei nyttar ord med så sterke negative assosiasjonar om motparten. Dei tenkte mottakarane er meiningsfellar av forfattaren, og å spela på desse sine kjensler styrkar budskapet. Karakteristikkane av den utpeikte motparten bidreg truleg til å styrka samhaldet blant vindkraftmotstandarane. Dette gjer dei gjennom å samla seg om ein sams fiende, og forsterka skiljet til denne gjennom å spela på sterke spontane kjensler. Dette biletet av situasjonen vert understreka gjennom å dra mottakaren inn i eit inkluderande «vi». Det er «vi» som kjempar denne kampen mot dei andre. Dei andre som driv med lovbrøt. «De gir oss alt de har» tidleg i Tekst 3 er eit døme på korleis ein ekstern motstandar vert etablert.

I *Tekst 3* vert det hinta om ubalanse i makttilhøva mellom aktørane i debatten i form av formuleringar som: «Uken etter vi fikk regjeringsutskiftingene med flere erklærte vindkrafttilhengere inn i sentrale posisjoner [...]» og «Det er næringsinteressene i Vindkraften som har alliert seg med statsmakten, og de knuser over all motstand.» Her spelar teksten på patosappell i form av å syna til Motvind sin svakare maktposisjon i høve dei sterke kreftene som ligg i regjering og stat saman med det økonomiske overtaket næringa har i høve Motvind. Dei ynskjer truleg både å søka sympati samstundes som dei vil spela på samhaldet og fellesskapet mellom mottakarane som ikkje er del av dette maktovertaket.

I *Tekst 3* er utdraget: «Hva ligger i begrepet lovløse tilstander? Nettopp det at loven ikke blir fulgt, eller at de som har ansvaret for å kontrollere at loven følges, frasier seg kontrollopgaven.» eit døme på korleis Motvind nyttar logosappell. Her stiller dei eit spørsmål som dei svarer på sjølve. Med denne framstillinga plasserer dei seg sjølve som ein autoritet som sit på det «rette» svaret. Logosappellen syner til kor sjølvsgat deira syn på saka er, og peiker på at det finst objektive grunnar til å ikkje stola på meiningsmotstandarane. «I bakhånd har vi grunnlovens §96 og fundamentale menneskerettigheter.» frå *Tekst 4* er eit anna døme der Motvind nyttar logosappell. Setninga er eit døme på korleis det gjennom å syna til objektive kjelder vert forsøkt å auka truverdets til budskapet.

Gjennomgangen av tekstane frå Norsk Vind og Motvind syner at dei har ulike tilnærmingar i høve korleis appellformene etos, patos og logos vert nytta. Tekstane syner at begge aktørane truleg er sterkt medvitne på kven dei skriv til, kven som er mottakarane. Analysen tyder på at dei først og fremst ynskjer å sikra støtte frå dei som har gjort seg opp meining om kvar dei

står i debatten. Dei retoriske grepa dei nyttar, fungerer til dels ekskluderande gjennom å einsegn peika på negative sider ved meiningsmotstandarane. Dette gjer at haldningar heller vert sementerte enn endra.

Logos synast å vera den mest dominerande appellforma i tekstane publiserte av Norsk Vind. Trass eit jamt over sakleg språk med stort innslag av logosappell, vekslar dei og nyttar òg vendingar kor dei til dels omtalar vindkraftmotstandarane med negativt ladde ord. Til dømes kallar dei vindkraftdebatten for ein krangel, eit ord med negativt forteikn. Samstundes vert vindkraftmotstandarane, som dei implisitt skuldar krangelen på, kalla høglytte, eit ord med negative konnotasjonar. Dette kan føra til at ein allereie svekka etos overfor vindkraftmotstandarane vert ytterlegare svekka. Ein vindkraftmotstandar som opplever å verta kalla for kranglete og høglytt vil truleg vera lite mottakeleg for budskapet til Norsk Vind. For mottakarar som dei allereie har sterk etos overfor gjev det truleg ingen verknad å omtala vindkraftmotstandarane slik.

Motvind sine tekstar er i mykje større grad kjensleladde og fylte av patosappell. Dette kan tolkast som ein måte å vekka sterke kjensler hjå mottakarane på, og slik overtyda dei om budskapet. Til dømes kan eit einsegn fokus på det Motvind meiner er vindkraftutbyggerane sin kynisme, bidra til å svekka etos overfor dei som kanskje sit på gjerdet, og ikkje er like «sinte og fändenivoldske» som dei mest engasjerte vindkraftmotstandarane. Dei mottakarane som allereie er sinte og fändenivoldske vil truleg nikka anerkjennande til slike karakteristikkar, og etosen overfor desse vil dermed truleg oppretthaldast eller styrkast. For vindkrafttilhengarar har truleg tekstane liten påverknad på etosen til Motvind, då den innleia etosen mest sannsynleg allereie er svak.

Tekstane til Motvind inneheld òg døme på logosappell. Mellom det patostunge og sterkt kjenslemessige språket, er det nemleg òg innslag av sakleg argumentasjon der det vert vist til eksterne kjelder. Slik får dei tenkte og mest sannsynlege tilhengarane truleg styrkt tru på budskapet i tekstane. Innslaga av logosappell bidreg dermed til å auka truverdet til tekstane for dei som allereie er motstandarar av vindkraft.

Gjennomgangen over syner korleis appellformene vert nytta i tekstane for å spela på ulike kjensler hjå mottakarane og slik overtyda desse om budskapen dei ynskjer å formidla. Appellformene er bygde opp av fleire språklege grep. Dei neste delkapitla vil først gjera greie

for korleis ordval, metaforar og symbolbruk er nytta i dei analyserte tekstane. I tillegg vil òg grammatiske grep som er nytta i tekstane verta gjennomgått. Alle desse grepa kan nyttast som viktige nøklar til å avdekka makttilhøva som ligg skjult i tekstane.

Ordval, metaforar og symbolbruk

Framstillinga av representasjonar avhenger sterkt av ordvala. Den valde namngjevinga av ulike sider ved røynda speglar dei bakanforliggende motiva og interessene. Desse namnsettingane er ikkje naturgjevne. Det er gjerne måten eit fenomen er ynskja framstilt på som påverkar korleis det vert kategorisert eller namngjeve. Medvite bruk av ord og formulering av utsegn kan slik bidra til å manifestera og legitimera aktørane sin diskurs i debatten. Måten ord og uttrykk; mikronivået, vert nytta i dei analyserte tekstane, kan difor settast opp mot makronivået; meiningsinnhaldet og den sosiale strukturen.

Metaforar er tilfelle der ord eller uttrykk vert nytta i overført eller biletleg tyding. Ein nyttar eit ord eller uttrykk frå ein primær bokstavleg bruk til å skildra noko anna i biletleg tyding. Eit symbol er teikn eller gjenstandar som det kan knytast ei overført betydning til, og som styrker og synleggjer synet til sendaren av ein tekst. Bruk av metaforar og symbolbruk er ein viktig del av og eit vanleg verkemiddel i ein patosfylt tekst. Metaforar og symbol bidreg til å heva budskapet over det tekniske og instrumentelle, og set farge på språket.

Dette delkapittelet tek føre seg ord, metaforar og symbol som peiker seg ut i det valde tekstmaterialet. Dei utvalde orda har ulike funksjonar i tekstane; dei er sentrale i formidlinga av budskapet, dei er høgfrekvente eller dei avslører aktørane sitt syn på makttilhøva. Ord kan gje ulike assosiasjonar, og ein analyse av ordval vil som mange av stega innanfor KDA innehalda element av tolking.

Klima

Ordsamansetningar med ordet «klima-» er sentralt i tekstane til Norsk Vind. Ordet er vert nytta mange i samansetningar som: «klimaødeleggelsene», «klimakuttene», «klimakrisen», «klimagassutslippene», «klimaløsning», «klimautfordringen» og «klimaendringene».

Gjennom hyppig gjentakninga av ordet i fleire ulike kombinasjonar får Norsk Vind poengtert kor viktig dei meiner klima er. Dei ynskjer truleg å leggja vekt på kva effekt energiproduksjon ved hjelp av vindkraftverk har på eit overordna plan. Klima er eit ord som skapar ulike

assosiasjonar hjå ulike menneske. For mange vil ordet klima kunna gje dårleg samvit, og ei kjensle av at dei ikkje gjer nok for å gjera noko med klimautfordringane. For andre vil ordet klima nærast fungera som ein raud klut, jamfør debatten om kor vidt klimautfordringane er menneskeskapte. Ordet er med og definerer det som kan kallast for hovuddiskursen til Norsk Vind.

Eit anna lingvistisk grep vert og nytta i tilknytning til ordet «klima»; det vert personifisert. Det er «klimaet» som ikkje har tid til å venta. Gjennom å gje ordet personlege eigenskapar lar dei klimaet få ein form for definisjonsmakt, som elles berre levande vesen har. Ordet vert opphøgd frå noko abstrakt til noko konkret. Når eit overordna omgrep som klima har ei menneskeleg rolle, vert menneska små og debatten om vindkraft underordna og uviktig. Dette kan òg forståast som ein instrumentell form for tankegang, i tydinga at det er ei overordna makt som har definert dette, og difor er noko ein må retta seg etter.

Kven er «vi»?

Ordet «vi» kan nyttast i mange tydingar. Ordet kan nemleg nyttast til både å inkludera og ekskludera mottakaren eller ein tredjepart. Dette kallast for inklusive og eksklusive «vi». Sendaren kan til dømes nytta ordet til å plassera seg i eit autoritetsforhold i høve mottakaren og markera makt. «Vi» kan til dømes syna til «vi som har skrive dette», det kan syna til «vi, sendar og mottakarane», eller det kan syna til ei større eining som «vi, alle menneske».

«- Klimaet har ikke tid til å vente på at vi skal debattere ferdig, sier Per Ove Skorpen, daglig leder i Norsk Vind.» Tekstutdraget er eit døme på korleis pronomenet «vi» vert nytta som eit inklusivt «vi» i teksten. I dette tilfellet syner ordet til både sendar og mottakar. Norsk vind tillèt seg å snakka på vegne av alle, eller i det minste alle som involverer seg i vindkraftdebatten. Gjennom denne måten å formulera seg på, uttrykker dei seg på vegne av menneske som ikkje deler deira syn. Om dette «vi»'et inkluderer alle nordmenn, inkluderer det òg vindkraftmotstandarane. Slik fråtek utsegnen på eit vis vindkraftmotstandarane moglegheita til å sjølv bestemma korleis klimaet skal reddast, om det er dette dei ynskjer. Norsk Vind dominerer altså motstandarane ved å inkludera dei i sitt «vi». Bruken av ordet fungerer dermed som ein form for hersketeknikk. Samstundes er det ein måte å definera kva som er temaet som faktisk må diskuterast.

Det er ikkje berre Norsk Vind som nyttar ordet «vi» til å inkludera. Setninga: «Vi er ikke vant med dette i Norge» er eit døme på korleis òg Motvind nyttar eit inklusivt «vi» samstundes som det òg har ei ekskluderande tyding. Her vert ordet nytta på ein måte som inkluderer alle nordmenn. Samstundes er ordet brukt i ein samanheng som framandgjer myndigheitene. Underforstått ligg det i dette at vi nordmenn ikkje er vane med til dømes at «[...]loven ikke blir fulgt[...]» eller at det er «[...]statsmakten som enten står for lovbruddene eller lukker øynene for dem[...]». Myndigheitene opptre ikkje som nordmenn har vore vane med, dei opptre annleis. Denne setninga kan òg seiast å fungera som ein karakterbygger i tydinga: Vi i Motvind er ærlege og ekte nordmenn, vi er ikkje vane med, og driv ikkje uærleg spel.

Krigsmetaforar

I *Tekst 3* nyttar Motvind seg av mange krigsmetaforar for å fortelja kva tilstand dei finn seg sjølv i no. Dei skal «kjempe» ein «kamp» som står nett no. Dei skal ikkje la seg «utmanøvrere» og må «mobilisere». Dei må «finne de svake punktene og angripe». Dei må forsvara seg mot meiningsmotstandarane som har «alliert seg» med «statsmakten» og desse «knuser på». Salen kallar no-situasjonen for ei «krise uten sidestykke i norsk moderne historie» og hevdar vidare at det «fins ikke verre i vår tid». Andre verdskrigen må kunna seiast å vera den største krisa i moderne norsk historie, og det som hender med vindkraftutbygginga er i følge teksten endå verre. Motvind forsøker her å teikna eit bilete av, og fortelja om eit Noreg som er heilt på randen. Dette er sterke ord. Krig vekker sterke kjensler og er eit sterkt retorisk grep som spelar på patos. Krigsmetaforane er truleg meint å spela på nasjonalkjensla til mottakarane, og skal mana til mobilisering. Med formuleringane verkar Salen å plassera Motvind i ein svakare maktposisjon; og dei må kjempa mot overmakta.

Hersketeknikkar og sverting av meiningsmotstandarane

I teksten omtalar Norsk Vind det som eit «problem» at vindkraftdebatten fører til at utbyggingar vert stoppa eller utsette. Sjølve vindkraftdebatten vert kalla «krangelen», og vindkraftmotstandarane vert kalla «høylytte».

*- Det er et **problem** at imens **krangelen** om vindkraft raser og utbygginger stoppes eller utsettes, så får vi kortere og kortere tid til å gjennomføre de nødvendige klimakuttene. Vindkraft er helt avgjørende for å løse klimakrisen, og det kan bygges ut nå, sier Skorpen.*

Dette er negativt ladde ord som skapar negative assosiasjonar. Til dømes er synonyma for «debatt» i Nynorskordboka (Universitetet i Bergen og Språkrådet) «ordskifte», «drøfting» og «diskusjon», medan «krangel» er synonymt med «trette», «uvennskap» og «kjekl». Ved å definera debatten som ein krangel degraderer Norsk Vind kor viktig debatten er. Dette saman med bruken av dei andre negativt ladde orda fungerer som ein form for hersketeknikk. Denne måten å ordlegga seg på står samtidig i kontrast til den relativt saklege forma på teksten i heilskap. Teksten er, som gjennomgangen under appellformar syner, jamt over basert på logosappell. Det går an å stilla spørsmålet om innslaga av desse negativt ladde orda er eit uttrykk for frustrasjon. NVE har gjeve Norsk Vind tillating til å bygga ut, og det som kjem fram av motstand vert såleis forstyrrende element i gjennomføringa av den planlagde utbygginga deira.

I både *Tekst 3* og *Tekst 4* omtaler Motvind motstandarane sine med ord og formuleringar som gjev negative assosiasjonar eller har negative konnotasjonar. Dei peiker på at motstandarane har valt feil og at dei gjer feil. I *Tekst 3* skriv dei til dømes: «statsmakten *overkjører* lokaldemokratiet», «*skriver bare fra seg ansvaret*», «statsmakten som enten *står for lovbruddene* eller *lukker øynene for dem*», «statsmakten og vindkraftutbyggerne *gjør systematiske lovbrudd*». I *Tekst 4* følger dei opp med: «*vindkraftbusinessen med lobbyen sin*» «De er altså *opptatt av folks ve og vel, tilsynelatende ulikt* [...meiningsmotstandarane]». Desse ordvala og formuleringane ville gjort det mogleg å utleia ein fjerde diskurs frå Motvind sine tekstar. Denne diskursen forsterkar og konsoliderer skilnadane mellom aktørane gjennom ordbruk som fungerer framandgjerande. Gjennom denne diskursen vert vindkrafttilhengarane skuva lenger bort. Dei eksisterande «fiendebileta» vert stadfesta. I denne studien er det likevel ikkje valt å ha fokus på denne som ein eigen diskurs. Diskursen er likevel ein del interdiskursiviteten i dei andre diskursane.

Frustrasjon og markering av standpunkt

«- Jeg håper vi med dette får tydeliggjort budskapet om at vi ikke kan vente med å bygge ut mer fornybar energiproduksjon, fortsetter Skorpen.» Dette utsegnet med orda «håper vi med dette» kan tolkast som ein oppgitt tone. Dei gjev uttrykk for at dei tidlegare ikkje har klart å nå fram med budskapet sitt, men no presenterer dei noko som ikkje kan misforståast. Norsk Vind verkar å meina at dei har ei løysing på klimautfordringane. Det framstår som om dei sit på ein fasit, og det er underordna kva andre aktørar meiner. Motstandarane må berre høyra på Norsk Vind. Det er lite rom for å gå i dialog, då det for Norsk Vind handlar om å få

«tydeliggjort budskapet». Den ideelle samtalen til Habermas og den tvangsfrie diskursen som Amdam har utleidd av denne føreset begge at aktørane er opne for å verta utfordra på innhaldet i utsegna sine. I dette dømet synast ikkje Norsk Vind å vera særleg opne for å verta utfordra på å finna ei omforeint løysing.

Nettsida Vindkraftna.no skal i følge *Tekst 1* gje «inngående informasjon om vindkraft og klimautfordringen». Som tidlegare gjort greie for har debatten stått fram med særsteile frontar. Ei utfordring med ei slik informasjonsside som dei presenterer her er at ho, uansett kor objektiv intensjonen bak nettsida skulle ha vore, ikkje vil ha truverd for ein vindkraftmotstandar då den svekka etosen øydelegg for dette. Truleg vil alt på ei slik side verta mistrudd av vindkraftmotstandarar. Folk som ikkje har gjort seg opp ei meining i vindkraftdebatten vil òg kunna møte innhaldet på sida med skepsis, då namnet på sida peiker i kva retning innhaldet vil ha sympatien. «Inngående informasjon» vil dermed kunna framstå som lite truverdig. Samstundes gjev Norsk Vind eit tydeleg signal om at dei meiner å ha eit budskap som står seg.

Gjennomgangen av nokre utvalde enkeltord og formuleringar over syner at gjentakning av eit sentralt ord som «klima» vert nytta aktivt av Norsk Vind for å forsterka budskapet. Norsk Vind verkar å vera medvitne på at dette ordet er eit sterkt kort, truleg det sterkaste dei har, og dei nyttar det mykje. I tillegg nyttar dei høvet til å personifisera det, for ytterlegare å støtta opp om eigen argumentasjon. Klima er eit nøkkelord i diskursen deira og bruken av det er med og bidreg til å oppretthalda diskurshegemoniet. Slik kan ein peika på bruken av ordet som ei markering av makt. Ordet «vi» vert nytta i begge tekstane for å ekskludera og inkludera mottakarane. Ordet vert mykje nytta av begge aktørane både for å skapa samhold og ekskludera andre. I tillegg synast det òg å verta nytta som ein hersketeknikk av Norsk Vind, som eit maktgrep for å dominera den andre parten.

Motvind nyttar ord som assosierast med krig og kamp. Desse orda understrekar at dei står i ein svakare maktposisjon i høve motstandaren, og maner sine egne og støttespelarane til samhold og kamp. Både Norsk Vind og Motvind nyttar ord som degraderer motstandaren og denne sine standpunkt. Ord som handlar om motstandaren ber ofte med seg negative assosiasjonar. Motvind nyttar høvesvis ofte ord som er meint å svekka truverdet til motstandarane og trekka moralen deira i tvil. Begge aktørane nyttar ord som gjev inntrykk av

oppgittheit overfor situasjonen. Samstundes nyttar dei òg ord og formuleringar som tydeleg markerer standpunktet.

Neste delkapittel vil syna korleis grammatikk er eigna til å eksponera trekk ved aktørane som ligg skjulte i tekstane.

Grammatikk

Grammatikk kan enkelt seiast å bestå av både reglane i språket, og korleis desse reglane vert forklarte. Analysane av desse tekstane har ikkje til hensikt å gå djupt inn i alle dei grammatiske nivåa i materialet, men presenterer her nokre grammatiske særtrekk som er eigna til å syna kor opne aktørane er for diskusjon rundt eigne standpunkt og korleis dei formulerer seg i høve ansvar.

Modalitet

Modalitet handlar om korleis teksten legg fram budskapet. Til dømes korleis fakta og haldningar vert uttrykt, i kva grad sendaren syner tilslutning til budskapet, inkludert gradar av tryggleik og tvil. Bruk av modalitet kan få folk til å utføra eller avstår frå handlingar, alt etter makttilhøve, sosial posisjonering og liknande. Både munnlege og skriftlege utsegn kan verta hevda bastant eller modererte med modererande ord og formuleringar. Typiske modererande ord kan til dømes vera modale verb som *vil*, *kan* og *må* eller ord som *forsøka*, *truleg*, *sannsynlegvis*, *i nokon grad*. Modaliteten kan og syna om sendaren er open for at budskapet som vert formidla er ope for diskusjon. Slik kan modaliteten i dette høvet nyttast som eit merke for sendaren sin vilje til å finna dei omforeinte løysingane i ein kommunikativ prosess med motdebattantane. (Skrede, 2016)

Norsk vind uttrykker planane for handlingane sine gjennom teksten:

- «En gigantisk nedtellingsklokke [...] *skal* symbolisere [...]»
- «Nå *vil* Norsk Vind jobbe for å snu stemningen»
- «Vi må *gjøre* det som virker nå [...]»

I dei direkte sitata frå Skorpen er det modaliteten meir prega av modererande ord:

- «Vindkraft er helt avgjørende for å løse klimakrisen, og det *kan* bygges ut nå, sier Skorpen»
- «-Jeg *håper* vi med dette får tydeliggjort budskapet [...]»

- «-Jeg *tror* ikke folk har tenkt over hvor kort tid det egentlig er igjen [...]»

Føremålet med dette kan vera å framstilla Skorpen som mindre bastant, noko som kanskje kan vera eit forsøk på å auka truverdet hans hjå mottakarane.

Motvind syner ei sterk tru på sitt eige budskap gjennom tekstane sine. Modaliteten syner dette, fordi det er nytta få modererande ord i utsegna dei kjem med. Motvind nyttar verb i presens for å syna korleis verda «er» og kvar dei står, utan teikn til å moderere utsegna sine:

- «Men som dere ser, vi står her. Nå blir det Motvind»
- «Vi er samlet, vi er saman»
- «De har ødelagt norsk natur og norske lokalsamfunn[...]»
- «Det er alvorlig»

Nokre stadar i Motvind sine tekstar er det nytta forsterkande ord som er med på å bygga opp inntrykket av at dei ikkje er opne for diskusjon om synet sitt:

- «De er *altså* opptatt av folks ve og vel [...]»
- «Det går *nemlig* an å peke på lover og paragrafer»
«Det tar seg heller ikkje bra ut at politikere og folk i sentrale posisjoner, som statssekretær Fischer, som *faktisk* var med og utformet kampanjen [...]»
- «Når partier, ungdomspartier, medier og de andre ser at de *rett og slett* ikke har folket med seg, at folket et i Motvind»

Denne bastante måten å formulera seg på er eit klart uttrykk for sendaren si oppfatning av røynda. Likevel finst det døme på modererande ord i tekstane til Motvind:

- «[...] det *kan nok* komme noen ubehagelige spørsmål til politi og myndigheter, og til Trønderenergi og Statwerke München».

Norsk Vind nyttar modalitet for uttrykka handlekraft når dei skriv kva dei skal og vil gjera. Dette kan tolkast som ein måte å markera makt på; dei syner at dei er i posisjon til å handla. Dagleg leiar vert framstilt som mindre bastant når han vert sitert. Han moderer ordbruken med ord som «håper» og «tror», noko som kan vera eit forsøk på å auka truverdet hans hjå mottakarane. Motvind nyttar i liten grad modererande ord og uttrykk i argumentasjonen sin. Dei fortel korleis verda er og kvar dei står, og moderer seg ikkje om dette. Motvind nyttar i tillegg forsterkande ord som er med på å lukka moglegheitene for diskusjon om synet deira.

Modaliteten i tekstane tyder på at det i utgangspunktet er liten vilje til å koma den andre parten i møte. Aktørane held på sitt standpunkt, og står fast på det. Dette bidreg til å oppretthalda dei steile frontane i debatten.

Nominaliseringar og passiv-konstruksjonar

Nominalisering er eit språkleg grep som vert nytta for å generalisera og abstrahera. Omgrepet tyder å gjera prosessar med verb og aktørar om til substantiv. Semantiske element, som til dømes verbbøying og modalitet, vert ikkje teke med i formuleringane. Slik skapar sendaren av budskapet ein avstand mellom seg og handlinga. Handlinga kan verta framstilt som noko som berre skjer, utan ein utførande aktør. Heile prosessen vert i staden framstilt i subjektsform. Passiv-konstruksjonar har same funksjon. Desse kan òg nyttast for å skjula eller dempa ansvarstilhøve. Subjektet i setningane får ei passiv rolle slik at det vert mindre tydeleg kven som er aktør. Gjennom nominalisering og passivering kan til dømes ansvar for handlingar eller prosessar fråskrivast eller dempast. Det kan òg framstillast prosessar som noko overordna og nærast naturlovstyrt. Noko som er styrt av naturlovane vil ikkje vera påverkeleg, og vil derfor kunna nyttast som sanningsbevis. Kva handlingar og vedtak som har ført til prosessane vert dermed skjult eller underkommunisert. (Skrede, 2016)

Ved å fjerna sendaren frå formuleringa er symbolikken tilsynelatande ei sanning som vert definert utanfor Norsk Vind sin kontroll i *Tekst 1*: «En gigantisk nedtellingsklokke [...] skal symbolisere hvor mye det haster å få stoppet klimaødeleggelsene»

«En seks meter bred digital klimaklokke som teller ned til 2030, monteres ved Stortinget». Trass i at det er Norsk Vind som er avsendar av *Tekst 2*, har dei ei passiv rolle i monteringa. Ei slik formulering kan gje inntrykk av at monteringa av klimaklokka er noko som støttar deira syn og standpunkt, utan at det er dei sjølv som aktivt monterer klokka.

Norsk Vind påpeiker i *Tekst 1* at det er «[...]et problem at imens krangelen om vindkraft raser [...] så får vi kortere og kortere tid [...]». Dei vel her å plassera seg utanfor krangelen. Krangelen rasar og utbyggingar stoppar eller vert utsette. Samstundes får «vi» kortare tid til å gjennomføra dei naudsynte klimakutta. Krangelen verkar slik å vera noko Norsk Vind ikkje har noko med å gjera. Dei er tilsynelatande ikkje involverte i denne.

«Vindkraft er helt avgjørende for å løse klimakrisen, og det kan bygges ut nå, sier Skorpen.» Igjen eit døme på at dei plasserer seg på utsida av innhaldet i teksten. Dei fortel at vindkraft er naudsynt, som om dette er eit ubestridd faktum. Det vert ikkje synt til nokon kjelde. Vidare seier Skorpen at det kan byggast ut no. Altså at det finst moglegheiter for å gjera noko med situasjonen. Han seier ikkje kven som kan bygga ut, men det ligg implisitt at det er Norsk Vind som kan gjera dette.

I dette sitatet frå *Tekst 2* vert ein prosess omtala med nominalisert uttrykk: «[...] hensynet til naturmangfold og urørt natur må veie tungt ved *utbygging* av vindkraft». Ved hjelp av nominalisering vert Norsk Vind som utbygger her skjult i teksten, når utbygginga er omtalt i ein negativ samanheng. Her som ein trugsel mot naturmangfaldet og den urørte norske naturen.

Tekstane frå Motvind ber i mindre grad preg av passivering. I *Tekst 3 og 4* vert det generelt nytta retorikk med utstrekt bruk av ord som «vi», «oss» og «vår» - eksplisitte uttrykk for samhald, handling og ansvar. Likevel er det stadar i tekstane kor Motvind er mindre synleg som aktør i dei omtala handlingane: «[...] de lovløse tilstandene bygdefolket sørger for», «Et lovbrudd i mai ble toppoppslag gjennom hele dagen på NRK 31. januar» og «[...] meldinger om skadeverk på maskiner på Sørmarkfjellet og Frøya».

«Detaljene fra møtet er ikke for Facebook. Det holder å si at møtet var konstruktivt, saker ble grundig og godt diskutert [...]»

Døma ovanfor syner at passive setningskonstruksjonar som skjuler aktørane vert nytta av både Norsk Vind og Motvind. Særleg er det Norsk Vind som skjuler seg som agent i tekstane, og det er òg døme på at dei nyttar nominalisering. Grepa vert av begge aktørane gjerne nytta i samanhengar der ein meir eksplisitt uttrykt agent kunne ha plassert dei sjølv i eit mindre fordelaktig lys. Dette er truleg gjort med intensjon, men ikkje naudsynlegvis medvite. Det vil kunna sjåast på som menneskeleg og naturleg å plassera seg litt på avstand frå noko som plasserer aktøren i ein negativ samanheng. Dette kan vera tilfeldig, men sett i samanheng med andre grep i teksten vil det kunna peika i ei retning. Saman med andre tekstlege grep synt til i denne studien, er det sannsynleg at nominaliseringa vert nytta som eit medvite grep for å framstilla nett sin diskurs som den rette diskursen. Det går ikkje an å bryta naturlovane, altså er det deira syn på røynda som er det naturlege og rette svaret.

Kapittel 7 Drøfting

Studien har som mål å undersøka i kva grad dei steile frontane i vindkraftdebatten heng saman med maktrelasjonane mellom aktørane. I studien vert den norske vindkraftdebatten analysert gjennom ein kritisk diskursanalyse av tekstar frå to motpolar i vindkraftdebatten. Det vert undersøkt i kva grad aktørane nyttar dei konkurrerande diskursane i debatten for eller mot vindkraft til å plassera seg i ein maktrelasjon i høve kvarandre. Vidare vert det undersøkt om diskursane bidreg til å oppretthalda desse maktrelasjonane, og korleis maktbalansen påverkar debatten. Vindkraftdebatten, representert i form av dei analyserte tekstane, vert vidare sett opp mot kriteria for Habermas sin ideelle samtale.

Vindkraftdebatten framstår svært polarisert. Analysen syner at aktørane sine svært ulike diskursar, og kampen om å definera røynda fører til at vindkraftdebatten ikkje vert ein reell debatt. Reell, i den forstand at aktørane debatterer det same. Etter kvart som analysen har skredd fram har det blitt tydelegare og tydelegare at kommunikasjonen mellom aktørane ikkje er velfungerande. Aktørane Norsk Vind og Motvind ser ut til å frå kvar sin kant, prøva å leggja premissa for kva vindkraftdebatten skal handla om. Dei nyttar kvar sine diskursar, Motvind endåtil fleire, og verkar ikkje å vera reelt interesserte i å møta den andre parten sine ytringar med ope sinn, og slik sett oppfylle krava til Habermas sin ideelle samtale.

Som tidlegare gjort greie for er det fleire føresetnadar som må vera oppfylte for at Habermas sin ideelle samtale skal kunna finna stad. Det som verkar å vera ein manglande vilje til å lytta, og ta høgde for at den andre parten kan ha vektige argument, bryt med den kommunikative rasjonaliteten og dermed kriteria for den ideelle samtalen. Habermas legg nemleg til grunn fire validitetskriterium som aktørane må retta seg etter for at samtalen skal vera i tråd med idealet. Utsegna til deltakarane må vera; sanne, korrekte, pålitelege og forståelege, og dei må ytrast under tilhøva som dannar den autentiske offentlege sfæren. Dette er stadar der individ kjem saman og vert leia inn i handlingar og diskurs av varierende tradisjonar, normer og den kulturelle bagasjen dei ber. Gjennom gjensidig grunngevingstvang vil aktørane i debatten leiast inn i ein prosess der dei kan oppnå konsensus og finna dei gode omforeinte løysningane.

No, som tidlegare, må det gjerast klart at den ideelle samtalen er nett det, eit ideal. Modellen for den ideelle samtalen er noko å strekka seg etter, ikkje naudsynlegvis noko som reelt kan oppnåast. Kor nære ein er den ideelle modellen i den offentlege debatten kan likevel seia noko

om kor godt debatten fungerer, og i kva grad deltakarane i debatten faktisk er opne for å finna løysingar.

Utfordringa med ein debatt der frontane er så steile, er at debatten verkar å låsa seg. Deltakarane i debatten kan sjå ut til å verta meir opptekne av å markera avstanden til motstandarane, heller enn å finna område der dei kan einast. Om debatten skal vera reelt open og dei gode løysingane skal finnast gjennom konsensus, må alle argument sleppa til, og aktørane vera villige til å fira på eigne standpunkt i møte med dei andre deltakarane sine argument.

Ulik oppfatning av røynda

Dei to aktørane verkar i lys av dei analyserte tekstane å ha ulike oppfatningar av røynda. Eitt døme på korleis desse ulike syna gjer seg gjeldande i tekstane er eksemplifisert i tabellen under, *Figur 9*.

Norsk Vind	Motvind Norge
- Klimagassutslippene må så godt som halveres innan 2030. Jeg tror ikke folk har tenkt over hvor kort tid det egentlig er igjen. Vi må gjøre det som virker nå, sier Skorpen.	Vi er ikke vant med dette i Norge. Det tar tid før folk skjønner hvor ille det er. Men når de gjør det, blir de dedikert til saken. Som vi er det i Motvind.

Figur 9 Ulike oppfatningar av røynda

Sitata uttrykker ulike oppfatningar av kva som gjer at «folk» ikkje er engasjerte nok, og det verkar å vera grunnleggande forskjellar hjå debattantane om kva som er det eigentlege problemet. Dette kjem tydeleg til uttrykk gjennom at Norsk Vind og Motvind begge kommenterer at «folk» ikkje har forstått. Dei har likevel svært ulike oppfatningar av kva det er folk ikkje forstår. Dette bidreg til at dei ikkje ser ut til klara å faktisk gå inn i ein reell diskusjon. Norsk Vind definerer problemet til å dreia seg om klimagassutslipp, og korleis «folk» må forstå dette. Motvind meiner på si side at det «folk» ikkje har forstått, er kor ille det er at staten bidreg til øydelegging av naturen.

Det er vanskeleg å definera at ein av partane uttrykker seg usant i høve både klima og naturøydelegging. På desse områda snakkar dei sannsynlegvis sant begge to, men saka

handlar om ulike verdisyn, kva som betyr mest for dei. Når debatten vert så polarisert som han har blitt på dette området, vel partane å ikkje forhalda seg til den verdien som betyr mest for den andre aktøren. Resultatet av dette er at utsegna som partane nyttar ikkje har relevans for motdebattanten.

Dette er berre eitt av fleire døme på at begge aktørane i stor grad kommuniserer ut påstandar med grunngevingar som ikkje vert svara på av den andre parten. Når det ikkje er semje om kva som skal diskuteras, er det heller ikkje lett å koma fram til ei omforeint løysing etter Habermas sin idealmodell for den ideelle samtalen. Den ideelle samtalen avhenger nemleg av at deltakarane nyttar den tvangsfrie diskursen med validitetskrav om at utsegna skal vera sanne, korrekte, pålitelege og forståelege.

Aktørane skal i følge kriteria koma med utsegn som kan motseiast. Partane i vindkraftdebatten kjem med utsegn som kan motseiast. Likevel vel motdebattantane i liten grad å koma utsegna i møte. Partane verkar ikkje å vera villige til å la den andre parten definera kva debatten dreier seg om. Dei held seg til kvar sine egne diskursar, som verkar å bygga på svært ulike syn på røynda. Diskursordenen «Vindkraftdebatten» inneheld fleire konkurrerande diskursar. Norsk Vind nyttar seg hovudsakleg av det som i denne studien vert kalla «klimadiskursen». Motvind på si side nyttar fleire diskursar, men dei har ein primærdiskurs som dreier seg om omsynet til bevaring av natur, her kalla «naturverndiskursen». I tillegg nyttar dei ein diskurs som dreier seg om ulemper, støy og forureining som råkar naboane til vindkraftanlegga, «miljødiskursen». Dei nyttar òg ein diskurs, her kalla den «antikapitalistiske diskursen», som handlar om kritikk av økonomisk gevinst og utanlandsk eigarskap. I forlenginga av denne, og truleg som ein konsekvens av ein underlegen maktposisjon, nyttar Motvind ein fjerde diskurs. I hovudsak dreier denne diskursen seg om å angripa og trekka truverd til motstandaren i tvil. Diskursen forsterkar og konsoliderer skilnadane mellom aktørane gjennom ordbruk som framandgjerande ordval. Denne diskursen kan paradoksalt nok bidra til å svekka Motvind sitt eige truverd. Denne diskursen inneheld blant anna det som kan karakteriserast som konspirasjonsteoriar om vindkraftutbyggarar sin infiltrasjon i ulike statsorgan. Slik kan Motvind fort framstå som ein for ekstrem organisasjon for mange som i utgangspunktet har same sympatiane i vindkraftsaka.

Medverknad

Som det er synt til i analysen nyttar ikkje aktørane ein sams diskurs, men nyttar kvar sine diskursar i vindkraftdebatten. Den som vinn kampen om diskurshegemoniet vil inneha definisjonsmakt til å definera kva retning debatten skal ta i fortsettinga. Slik vil Motvind, som verkar å vera underlegen i dag, kunna snu situasjonen slik at dei får moglegheitene til å styra debatten i ei retning som sikrar dei gjennomslag når dei politiske avgjerdene skal takast.

Reduserte moglegheiter til medverknad ser ut til å vera ein viktig faktor for makttilhøva i vindkraftdebatten. Vindkraftmotstandarane har erfart at medverknad i normal forstand, slik pbl legg opp til, ikkje er mogleg så lenge Energilova er styrande for vindkraftutbygginga. Frustrasjon over å ikkje verta høyrte ser ut til å skapa eit enormt engasjement som igjen slår ut på mange måtar. Alt frå fugle- og dyreliv, planter, estetikk, støy og skuggekast til sakshandsamingsfeil og trugsmål om rettssaker vert nytta som verkemiddel for å stoppa vindkraftutbygginga. I tillegg kjem frustrasjonen fram gjennom det som nærast kan kallast ei demonisering av motparten. Utan reelle medverknadsmoglegheiter gjennom kanalane som vanlegvis vert nytta, er det forståeleg at det ikkje er ynskje om å trø over på motstandaren sin banehalvdel og akseptera ein diskurs som legg til grunn at debatten, slik vindkraftutbyggerane hevdar handlar om globale klimamål. Slik vert vindkraftutbyggerane uhandgripelege for vindkraftmotstandarane.

Vindkraftutbyggerane har over tid potensielt kunna drege fordel av reduserte medverknadsmoglegheiter, då dette kan ha gjort det lettare å realisera utbyggingar. At medverknadsmoglegheitene pbl set krav om ikkje treng å etterkomast i vindkraftsaker, har truleg bidrege til at utbyggerane har kjent seg trygge på utbygging etter at konsesjonar har blitt gjevne. Litt sett på spissen kan ein då seia at Norsk Vind slik ikkje har interesse av, eller behov for, å diskutera med utgangspunkt i diskursane som vert nytta av Motvind. Reduserte moglegheiter for medverknad kan rett nok gjera det vanskelegare å legitimera utbyggingar. Samstundes har dei heller ikkje same behovet for dette, då dei nær sagt uansett, jamfør gjeldande praktisering av Energilova, har kunna rekna med å få gjennomført utbygginga.

Med staten i form av NVE og OED i ryggen kan selskapa realisera sine visjonar anten det er å redda klimaet eller ynskje om profitt som faktisk ligg bak. Klimamåla frå FN vil uansett gjera at utbyggerane kan forsvara vindkraftverka med ein diskurs prega av det globale perspektivet.

Utfordringa for vindkraftutbyggerane er at om opinionen snur, noko som undersøkingane det er synt til tidlegare i studien syner, kan det sjå ut som det kan verta ein relativt brå stopp på vidare utbygging. Med det perspektivet kan ein spørja seg om Norsk Vind har eit for einsidig fokus og ikkje evnar å ta innover seg kva debatten handlar om. Eller kanskje rettare; kva debatten har byrja å handla om. Debatten har endra seg i løpet av dei siste åra, og Norsk Vind var kanskje ikkje budde på den kraftige motstanden som skulle dukka opp.

Som tidlegare gjort greie for i analysearbeidet verkar aktørane bak dei analyserte tekstane ikkje å vera særskilt interesserte i å kommunisera direkte til kvarandre. Dei kommenterer og imøtegår i liten grad argumenta frå den andre parten. I hovudsak verkar dei å vera mest interesserte i å kommunisera til eigne meiningsfellar. Motvind nyttar til dømes vendingar som systematiske lovbrøt om vindkraftutbygginga, og trekk Norsk Vind sin moral og motiv i tvil gjennom å peika på milliongevinstar på kostnad av naboar som vert «øydela menneske». Dette er ikkje ein ordbruk som verkar imøtekomande, og om målet skulle vera å kommunisera til vindkrafttilhengarane vil dette truleg ikkje fungera.

Analysen av tekstane syner ei sterkare grad av profesjonell orientering hjå Norsk Vind. Statusen deira som ein etablert næringslivsaktør kjem fram i kommunikasjonen deira. Dei verkar å straumlinjeforma budskapet sitt ved å leggja full tyngd på å kommunisera ut gjennom éin diskurs. Motvind støttar seg på mange ulike diskursar når dei skal argumentera mot utbygging av vindkraft. Kommunikasjonen deira ber i større grad preg av ei folkeleg orientering. Budskapet er i og for seg tydeleg, men argumentasjonen opplevast som springande når mange diskursar utgjer grunnlaget for kommunikasjonen.

Organisasjonen består, som tidlegare nemnt, av ei samansett gruppe av medlemmar frå heile landet. Dette inneber at det truleg er fleire grupper internt i organisasjonen som forventar at nett deira argument skal målberast. Mange av argumenta ville kanskje ha stått sterkare om dei hadde spissa argumentasjonen og i større grad haldt seg innanfor ein diskurs. Dette kunne kanskje bidrege til å gje dei større gjennomslagskraft. Om dei hadde vore tydelegare i argumentasjonen, og halde seg innanfor ein diskurs ville Norsk Vind i mindre grad kunna avfeia dei som høglytte vindkraftmotstandarar som kranglar, og måtte truleg i større grad ha gjort ein større innsats for å svara. Motvind frontar likevel eit breitt og folkeleg engasjement og har etter kvart luktast med å mobilisera fleire over på si side. Det skiftet i opinionen som undersøkingane i innleiinga syner til peiker mot dette.

Som det er peikt på i analysen ordlegg Motvind seg til dels sær s fiendtleg overfor meiningsmotstandarane. Organisasjonen rettar skytset mot både utbyggerar og konsesjonsgjevarar, og er «sinte og fandenivoldske». Tekstane inneheld òg påstandar som kan kallast for konspirasjonsteoriar. Denne måten å kommunisera på kan bidra til at folk som i utgangspunktet sympatiserer med organisasjonen sine standpunkt, vel å ikkje melda seg inn, at dei ikkje ynskjer å verta assosierte med dette. Slik går Motvind potensielt glipp av medlemmar som kunne ha bidrege med «kjøttvekt» og økonomiske middel. Motvind ynskjer ikkje utbygging av vindkraft, og er difor heller ikkje interesserte i å koma fram til omforeinte løysingar.

Spørsmålet om kor reelle medverknadsmoglegheitene er, er det vanskeleg å gje eit eintydig svar på. Det vert lagt opp til medverknad i samband med utbygging av vindkraft. Det er vanleg at vindkraftutbyggerane kallar inn til folkemøter, og informerer om prosessane i media. Kommunane varslar oppstart av planarbeidet i det dei legg til rette for endring av arealformåla i kommuneplanen. Arealformåla kan i utgangspunktet ikkje fråvikast, og her ligg den største moglegheita til medverknad. Endring av formål i kommuneplanen er styrt av plan- og bygningslova, noko som føreset at endringa vert lagt ut til offentleg ettersyn. Som nemnt i kapitlet «Plan- og bygningslova møter Energilova» er det likevel tilfelle der staten kan overstyra kommunane og utarbeida ein statleg arealplan. I slike tilfelle vil dei folkevalde og innbyggerane i kommunane det gjeld verta fråtekne moglegheita til å koma med innspel. Utbyggerane har likevel ei viss interesse av å høyra på lokale myndigheiter og innbyggerar, og vil ikkje naudsynlegvis oversjå alle lokale synspunkt.

Korleis fungerer vindkraftdebatten i høve den ideelle samtale?

Som det vart gjort greie for i innleiinga er tekstane vurderte opp mot validitetskrava til Jürgen Habermas (1999) sin teori om den ideelle samtale. Habermas sin ideelle samtale baserer seg på tanken om ein tvangsfri diskurs. I idealmodellen til Habermas, det deliberative demokratiet er det ikkje fleirtalet som bestemmer. Dei gode løysingane kjem borgarane fram til gjennom open debatt i den offentlege sfæren. Amdam syner til denne offentlegheita som «[...] eit kommunikasjonsnett og ein interaksjonsprosess med makt som bidreg til å sette saker på den politiske dagsorden, [...]» (2005, s. 123) Han hevdar vidare at offentlegheita representerer

kjernen i demokratiet, nett på grunnlag av moglegheitene offentlegheita gjev til moralske vurderingar av til dømes rettferd, demokrati, rett og galt.

Gjennom kommunikative prosessar i det offentlege rom der deltakarane har gjensidig grunngevingstvang vil deltakarane leiast inn i ein prosess der dei kan einast og oppnå konsensus. Slik vil dei saman finna fram til dei gode omforeinte løysingane. For at ein samtale skal oppfylle krava til denne ideelle samtalen, må aktørane retta seg etter visse kriterium. Utsegna dei nyttar må vera; sanne, korrekte, pålitelege og forståelege. Gjennom ei ytring som tilfredsstillar krava til den ideelle samtalen syner den som ytrar seg ei tilknytning til det objektive som eksisterande fakta og sakstilhøve, til det subjektive som egne erfaringar og kjensler, og til det sosiale som er dei allment aksepterte og gyldige normene.

Tekstane som er analyserte er alle tekstar som på publiseringstidspunktet vart ytra i det offentlege rommet. Dei er publiserte i opne media som er tilgjengelege for alle. Kven som helst kan lesa tekstane, gjera seg opp ei meining om innhaldet og eventuelt koma med tilsvar. Såleis kan tekstane reknast for å vera ytra i den offentlege sfæren. Dei er rett nok ikkje skrivne på plattformer som i seg sjølv er opne for debatt og kommentarar. Slik tilgjenget på digitale plattformer er, og sosiale media fungerer i dag, er det likevel gode moglegheiter for å ytra støtte eller motstand til innhaldet i tekstane. Vindkraftdebatten går føre seg på mange ulike område og plattformer; i politikken, på nærbutikken, i kommentarfelt på internett, i lesarinnlegg, i debattar på radio og fjernsyn, i sosiale media og så vidare. Breidda i debattarenaer er ein styrke då dette sikrar at flest mogleg har moglegheita til å ytra seg offentleg.

Ei utfordring med ytringar på egne heimesider og debattforum i interessegrupper er at mottakarane vert aktørane sine egne meiningfeller. Meiningane vert då i stor eller vesentleg grad ytra i det som kan kallast for eit ekkokammer, der ytringar og meiningar vert støtta av eit stort fleirtal internt. Slik kan det få ein forsterkande verknad der legitimiteten for ytringane kan opplevast som sterkare enn han i realiteten er. Dette kan igjen føra til at tonen i debatten vert skjerpa, og modereringa svak eller fråverande. Ein skarp tone i debatten fører til steilare frontar der det å markera avstand til motparten framstår som viktigare enn det å diskutera sak.

Om debatten skal reknast som heilt open må tilhøyrarane ha moglegheiter til å vurdera om ytringane står seg i høve dei tidlegare nemnde kjenneteikna for den ideelle samtalen. Tilhøyrarane kan så gje tilsvar på ytringane gjennom eigne ytringar. Slik vert debattantane leidde inn i ein prosess med gjensidig grunngevingstvang med prosedyrereglar styrt av validitetskrava. Då er det ikkje lenger eigeninteresser eller normer som er styrande, i staden må aktørane relativisera ytringane mot moglegheita for at validitetskrava blir imøtegått av andre. Dette gjev prosessen ein kommunikativ rasjonalitet.

Aktørane i vindkraftdebatten vil, slik debatten går føre seg no, ikkje kunna verta omforeinte. Ingen av partane verkar å ha interesse av å møta den andre aktøren sin diskurs. Vindkraftutbyggerane har truleg innsett at opinionen er i ferd med å snu, og at det berre er eit tidsspørsmål før konsesjonar for nye større vindkraftutbyggingar på land ikkje vil verta gjevne. Dei har dermed ingenting å tapa på å forsøka å fullføra dei utbyggingane det allereie er gjeve tillating til. Norsk Vind sitt syn på debatten synast å handla om å legitimera vindkraftverka som allereie er på plass og om moglegheitene til å bygga ut fleire som vil kome.

Vindkraftmotstandarane vil på si side forsøka å stoppa dei utbyggingane som er i ferd med å startast opp. Motvind har nedfelt i vedtektene sine at dei:

[...] arbeider for å stanse utbyggingen av vindkraftverk i Norge, uavhengig av plan- og utbyggingsstatus, og arbeider for å avdekke, stanse eller begrense alle konsekvenser av vindkraftverk for naturen, dyrs og menneskers liv, helse og rettigheter og andre samfunns- og næringsinteresser, nasjonale minoriteters og urfolks og reindrifsnæringens rettigheter.

Dei har altså nedfelt at dei vil kjempa mot all utbygging uansett, og vedtektene opnar ikkje opp for kompromissløyser. For Motvind dreier debatten seg dermed om mobilisering. I tekstane oppmodar dei eksplisitt til å melda seg inn i organisasjonen. Dei ynskjer å mobilisera fleire over til si side i debatten for å få større tyngd til å endra konsesjonspraksisen.

Kapittel 8 Konklusjon

Problemstillinga denne studien har arbeidd ut frå, er i kva grad dei steile frontane i vindkraftdebatten heng saman med maktreasjonane mellom aktørane. Analysane i studien stadfester at makttilhøva mellom aktørane vert eksponerte i diskursane. Desse relasjonane vert synlege i form av måten diskursane til motparten til dels vert ignorert, gjennom ordval og retoriske og grammatiske grep.

Funna i studien bidreg i stor grad til å stadfesta at makttilhøva påverkar debatten. Vidare støttar funna opp om at dei steile frontane vert sementerte gjennom aktørane sin bruk av ulike diskursar med låg interdiskursivitet mellom seg. Diskursane som begge sider nyttar tek altså ikkje opp i seg trekk frå dei konkurrerande diskursane. Manglande vilje til å gå i møte med argumentasjon frå den andre aktøren fører dermed til at debatten ikkje kjem noko vidare. Begge sider i debatten verkar å stadfesta motsetnadane i debatten gjennom å berre nytta sine egne diskursar. Motsetnadane vert slik svært tydelege. Debatten handlar i større grad om å syna avstanden til den andre parten enn å faktisk lytta til, og svara på argumentasjonen som denne nyttar.

Maktdominansen som vindkraftutbygarane, i dette tilfellet Norsk Vind, får gjennom Energilova sitt overtak på pbl gjer at deira diskurs ikkje er avhengig av aksept frå motstandarane. Så lenge praktiseringa av Energilova er som i dag, er Motvind sine argument ikkje relevante nok for Norsk Vind. Utbygarane er med andre ord ikkje avhengige av å akseptera premissa som vindkraftmotstandarane legg. Diskursane Motvind nyttar, og som til dels kan vera svært fiendtleg innstilt overfor vindkrafttilhengarar, har difor fram til no i liten grad trengt å påverka Norsk Vind sin praksis.

Motvind har ikkje hatt maktgrunnlag til å kunna gjera diskursane sine ålmenne i debatten. Det at Motvind tyr til fleire diskursar peiker mot at dei ikkje ber med seg den same autoriteten og maktgrunnlaget som debattmotstandarane. Det er få av argumenta Motvind nyttar som vert plukka opp og svara på av motstandarane. Den sterke maktposisjonen Norsk Vind har gjennom dagens praktisering av Energilova kjem blant anna til uttrykk gjennom måten Norsk Vind vel å heva debatten over argumenta frå Motvind. Det at Motvind sine argument i hovudsak ikkje vert kommenterte av Norsk Vind, kan tolkast å vera ein medviten hersketeknikk.

Ein debatt der det ikkje er semje om kva som faktisk skal diskuterast vil ikkje kunna føra til semje. Den norske vindkraftdebatten ser såleis ikkje ut til å vera i nærleiken av å fungera som ein debatt etter den Habermasianske idealmodellen. Debatten føregår i form av steile frontar utan ein reell debatt, der aktørane ikkje kjem kvarandre i møte. Lite tyder på at dei søker omforeinte løysingar. Debatten kan likevel ha ein funksjon i å setta problematiske samfunnstilhøve på dagsorden. I dette perspektivet kan ein seia at det no ser ut til at Motvind har lukkast med å setta ulempene med vindkraftutbygging på agendaen.

Som studien har peikt på bidreg diskursane i vindkraftdebatten til å sementera dei eksisterande makttilhøva. Ei endring i desse tilhøva må til dersom debatten skal bera frukter i form av omforeinte løysingar på spørsmåla om korleis vindkraftutbygging skal handterast. Praktiseringa av lovverket kring vindkraftutbygging er truleg kjelda til å balansera maktrelasjonane. Endringar i praktiseringa av lovverket synast no å vera på veg i form av at dei steile frontane tvingar fram politiske endringar.

Tema for vidare forskning

Denne studien syner til utfordringar med ein offentleg debatt med fastlåste standpunkt. Vindkraftdebatten inneheld aspekt som gjer at det til dømes kan trekkast parallellar til meiningsutvekslinga som føregår i innvandrings- og bompengedebatten. Desse vil òg kunna vera interessante forskingsobjekt. I slike debattar med stor avstand mellom partane vil alle kunna vera tente med å få høve til sjå seg sjølv frå utsida, og ta eit kritisk blikk på roller og makttilhøve som ein er del av.

Den interne maktkampen i Motvind kan vera eit anna aktuelt tema for vidare forskning. Måten meiningsmotstandarar og politikarar vert omtala på i facebook-grupper assosierte med Motvind, har vore eitt av temaa som har ført til indre strid i organisasjonen den seinare tida.⁸ I lys av funna i denne studien kunne det difor vore interessant å studera den diskursive kampen som går føre seg internt i Motvind. Vil intern uro føra til danning av nye diskursar, eller vil

⁸ Stavanger Aftenblad sin artikkel fortel om personar som har vore sentrale i etableringa av Motvind Norge som no har meldt seg ut. <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/7K71p9/jan-helge-vassboe-har-meldt-seg-ut-av-motvind-norge>
Henta 03.12.20

ein eller fleire av diskursane få overtaket i organisasjonen? Vil ein av diskursane det har vorte peikt på i denne studien verta dominerande?

Om lovverket kring vindkraftutbygging eller praktiseringa av eksisterande lovverk endrast, vil det kunna påverka diskursordenen vindkraftdebatten i heilskap. Endra lovpraksis vil sannsynlegvis skapa eit meir balansert maktilhøva mellom aktørane, og vindkraftutbyggerane vil i større grad enn i dag måtta ta omsyn til motstandarane sine argument. Vindkraftdebatten kunne òg vore studert gjennom ein analyse av medieoppslag med større empirisk breidd.

Framtidig forskning på området som har vorte studert her vil truleg finna same tendensane som denne studien. Det kunne likevel vore interessant å samanlikna funna i denne studien med andre studiar som kretsar rundt same temaa. Resultata frå denne forskinga har truleg størst overførbarheit til andre debattar med steile frontar, samstundes vil det truleg òg vera funn i denne studien som er relevante i mindre polariserte debattar.

Litteraturliste

- Allmendinger, P. (2009). *Planning Theory, Second Edition*. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Amdam, R. (2005). *Planlegging som handling*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Arnstein, S. R. (1969). A Ladder Of Citizen Participation. *Journal of the American Institute of Planners*(35), ss. 216-224.
- Aure kommune. (2020, 06 23). www.aure.kommune.no. Aure. Hentet 07 01, 2020 fra Nettside for Aure kommune: https://www.aure.kommune.no/_f/p1/id58d8a90-d0d1-40bb-afdb-e1aefd7b49a2/pressemelding-vindkraft-juni-2020-ks-og-kommunane.pdf
- Boström, A., & Birkeland, E. C. (2019). *Nasjonal ramme for vindkraft på land - Forventninger og medvirkning*. Bergen: Høgskulen på Vestlandet.
- Bratberg, Ø. (2017). *Tekstanalyse for samfunnsvitere* (2. utg.). Oslo: Cappelen Damm AS.
- Bukve, O. (2016). *Forstå, forklare, forandre - Om design av samfunnsvitenskaplege forskingsprosjekt*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Catenaccio, P. (2008, Januar). Press releases as a hybrid genre. *Pragmatics*, 2008(1), ss. 9-31. doi:<https://doi.org/10.1075/prag.18.1.02cat>
- Energilova. (1990, juni 29). (*LOV-1990-06-29-50*) *Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven)*. Hentet fra Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1990-06-29-50>
- Energilovforskrifta. (1991, januar 1). *Forskrift om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energilovforskriften)*. Hentet fra FOR-1990-12-07-959: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1990-12-07-959>
- Fairclough, N. (2010). *Critical Discourse Analysis - The Critical Study of Language*. Harlow, United Kingdom: Pearson Education Limited.
- Farner, A. (2008). *Verksted som verktøy - Å planlegge og lede workshops* (2. utg.). Oslo: Kommuneforlaget.
- Fauchald, O. K. (2020, juli 18). *Adgangen til og prosedyrer for å fatte statlig planvedtak i vindkraftsaker*. Aksjonsgruppa mot vindkraftutbygging på Faurefjell. Hentet fra motvind.org: <https://motvind.org/wp-content/uploads/2020/08/Ole-Kristian-Fauchald-professor-FNI-Adgangen-til-og-prosedyrer-for-å-fatte-statlig-planvedtak-i-vindkraftsaker.-Juli2020.pdf>

- Forbrukertilsynet. (2020, februar 7). *Barn har krav på vern mot skremmende reklame*. Hentet fra Forbrukertilsynet sine nettsider: <https://www.forbrukertilsynet.no/barn-har-krav-pa-vern-mot-skremmende-reklame>
- Gjerald, O. I. (2011). Frå forretningsidé til realisering for norske vindkraftprosjekt. Hentet fra <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2451987/Gjerald%2Bfra%2Bforretningsside.pdf?sequence=2&isAllowed=y>
- Habermas, J. (1999). *Kommunikasjon, handling, moral og rett*. Oslo: Tano Aschehoug. Hentet fra https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2008092504048
- Jørgensen, C., & Onsberg, M. (2008). *Praktisk argumentation - Grundbok i retorisk argumentation*. Ödåkra: Retorikförlaget.
- Jørgensen, M. W., & Phillips, L. (1999). *Diskursanalyse som teori og metode*. Roskilde: Roskilde Universitetsforlag.
- Klausen, J., Arnesen, S., Christensen, D., Folkestad, B., Hanssen, G. S., Winsvold, M., & Aars, J. (2013). *Medvirkning med virkning? Innbyggermedvirkning i den kommunale beslutningsprosessen*. Oslo: NIBR/Uni Rokkansenteret.
- Kommunelova (2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner (LOV-2018-06-22-83)*. (2018, 06 22). Hentet fra Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>
- Kongeriket Norges Grunnlov*. (1814, 05 17). Hentet fra Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn>
- Mathisen, W. C. (1997). *Diskursanalyse for statsvitere: Hva, hvorfor og hvordan*. Oslo: Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Oslo. Hentet fra Nasjonalbiblioteket: https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2010042806055
- Motvind Norge. (2020, 02 16). *Vedtekter*. Hentet fra <https://motvind.org/vedtekter/>
- Noregs vassdrags- og energidirektorat. (u.d.). *Konsesjonsbehandling av vindkraftutbygging*. Hentet august 31, 2020 fra Noregs vassdrags- og energidirektorat: <https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonsbehandling-av-vindkraftutbygging/>
- Norsk Vind. (2017, 10). *Bjerkreim vindkraftverk MTA-plan*. Hentet 05 28, 2020 fra NVE.no: <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201603097/2197325>
- Norsk Vind AS. (u.d.). Hentet desember 10, 2020 fra Nettsidene til Norsk Vind AS: <https://www.vindenergi.no/>
- NTB. (2020, juni 14). Rotevatn: -Vindmølledebatten er like hard som innvandringsdebatten. *Finansavisen.no*. Henta august 28, 2020 frå

- <https://finansavisen.no/nyheter/energi/2020/06/14/7537695/rotevatn-vindmolledebatten-er-like-hard-som-innvandringsdebatten>
- Næss, A. (1959). *En del elementære logiske emner*. Oslo: Universitetsforlaget. Hentet fra https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2010070605103
- Olje- og energidepartementet*. (2019, oktober 17). Hentet august 28, 2020 fra www.regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/skrinlegger-nasjonal-ramme-for-vindkraft/id2674311/>
- Plan- og bygningslova. (2008, juni 27). (*LOV-2008-06-27-71*) *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova)*. Hentet fra Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>
- Sager, T. (1991). *Planlegging med samfunnsperspektiv*. Trondheim: Tapir.
- Schiefloe, P. M. (2003). *Mennesker og samfunn: Innføring i sosiologisk forståelse*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Skrede, J. (2016). *Kritisk diskursanalyse*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Universitetet i Bergen. (2019, desember 19). Dette mener nordmenn om vindkraft på land og til havs. Bergen. Hentet fra <https://www.uib.no/matnat/132381/dette-mener-nordmenn-om-vindkraft-pa-land-og-til-havs>
- Universitetet i Bergen og Språkrådet. (u.d.). Nynorskordboka. Hentet 09 05, 2020 fra <http://ordbok.uib.no/>
- Vagle, W., Sandvik, M., & Svennevig, J. (1993). *Tekst og Kontekst - En innføring i tekstlingvistikk og pragmatikk*. Oslo.
- Wikipedia. (u.d.). AFI's 100 Years...100 Movie Quotes. Hentet august 31, 2020 fra https://no.wikipedia.org/wiki/AFI%27s_100_Years...100_Movie_Quotes
- Aasen, M., Klemetsen, M., Reed, E., & Vatn, A. (2019). *Folk og klima: Nordmenns holdninger til klimaendringer, klimapolitikk og eget ansvar*. Oslo: CICERO Senter for klimaforskning. Hentet fra <https://pub.cicero.oslo.no/cicero-xmlui/bitstream/handle/11250/2634149/Rapport%202019%2020%20HQweb.pdf?sequence=6&isAllowed=y>

Vedlegg 1: Tekst 1

Norsk Vind setter opp Norges største klimaklokke

13/1/2020

- Klimaet har ikke tid til å vente på at vi skal debattere ferdig, sier Per Ove Skorpen, daglig leder i Norsk Vind.

En gigantisk nedtellingsklokke på 15 x 3,5 meter skal symbolisere hvor mye det haster å få stoppet klimaødeleggelsene.

